



Lange leite

Av Tore Ørjasæter

Ja dette landskap
med lange leite,
trufast tilgjevande
år for år.

Langtøygde høer
so linemjuka
lyfter seg upp imot
himmelen klår.

Vedkjømeleg vent
i sorgmods velde,
løyner si inste
sahnads von.

So låg det og venta
igjenom ævone
og signa so mildt
sin heimkomne son.

Utsikt frå Knultren i Bortnen, Bremanger.

Med meir um desse sakene:

Språk og mentale modellar

Innvandring og sentralisering

Barnehage, eigedomsskatt og bompengar

Nasjonalsinna hardkjernerock og postmoderne litteratur

I dette nummeret:

Megan Leo	Tankar på kvinnedagen	s. 2
Ådne Øsleby	Teatermelding på "Ein folkefiende"	s. 2
Olav Torheim	Den høgnorske livbåten	s. 3
Olav Torheim	Strømnes, språk og mentale modellar	s. 4
Olav Torheim	Minigrammatikk på fem minutt	s. 6
Lars Bjarne Marøy	Anglo-norsk og falske vener	s. 7
Olav Torheim	Frå dialektromantikk til nynorsk realisme	s. 8
Olav Torheim	Nei til bompengar og eigedomsskatt	s. 9
Ornella Winter	Intervju med Moshpit	s. 10
Martin Eggum	Ein flørt med myrkret	s. 12
Megan Leo	Manowar: Episk krigarmetall med vikingperspektiv	s. 13
Olav Torheim	Innvandringsordskiftet treng perspektiv	s. 14
Stig Andresen	Eit tidskrift for dei innvigde	s. 15
Olav Torheim	Frå vinstre til høgre: Ein vegvisar	s. 16
Olav Torheim	Flokut fleirtalsmakt	s. 17
Olav Torheim	På heimflog	s. 18
Olav Torheim	Kemi Seba: Afrikansk nasjonalisme	s. 19
Olav Torheim	Francois Duprat, ein tjodlynd tenkjar	s. 20
Olav Torheim	Dresden, eit 70-årsminne	s. 21
Stephan Krämer	Valdsbruk i verdsreligionane	s. 22
Torwin v. Runenfrost	Å våga gå Odins veg	s. 23
Martin Eggum	Det barnehage-industrielle komplekset	s. 24
Olav Torheim	Korleis møta media? Part 2: Svarinnlegg og PFU-klaga	s. 26
Olav Torheim	Den siste jakti	s. 27
Olav Torheim	Wam og Vennerød. mykje å læ åt og nok å tenkja på	s. 28
Lars Bjarne Marøy	Inherent Vice, innebygde brestepunkt?	s. 29
Lars Bjarne Marøy	Rad Bradbury og Fahrenheit 451	s. 31

Tankar på kvinnedagen

Av Megan Leo

På denne dagen, kvinnedagen, kann me taka oss tid til å setja pris på alle dei kvinnone i livi våre som hev hjelpt, studd, rettleidd, uppseda og fødd oss. Me kann dessutan taka oss tid til å tenkja på korleis samfundet ser på kvinner og korleis det er å vera kvinne i dag – og jamvel tenkja litt kritisk på nett det.

Framigjenom hev kvinner vore sentrale i det å uppseda born. Sidan det er kvinnone som føder borni, hev dei alt frå byrjingi av havt eit serskilt nært samband til deim. Jamvel i desse moderne tidene hev dette aspektet endra seg lite, men no er det venta at dei både skal taka seg av hushaldet og samstundes vera i fullt arbeid, og det jamvel i leidarrollor. Um ikkje so er dei etter den feministiske læra for svikarar å rekna.

I gamle dagar vart det venta at kvinner var heime for å laga mat, halda orden i huset og taka seg av borni. I våre dagar skal kvinnone helst vera i fullt arbeid – og det attåt alle desse arbeidsoppgåvone som dei hev frå fyrr av. Kvinnone er vortne frigjorde, vert det sagt – endå det einaste som hev endra seg er at dei lyt taka seg av alt det som mennene tidlegare var åleine um å taka seg av. Kvinner hev i røyndi ikkje det heilt store valet: anten kann dei velja eit einsamt singelliv som er avgrensa til arbeid



og materielle “gledjor” slik som innkjøp (“shopping”), eller dei må kasta seg inn i eit hektisk tilvære med både hushald og fullt arbeid på same tid.

Dei fåe husmødrene som eg kjenner, dei vert gjorde narr av, og det berre av di dei vel å setja huslyden sin fyrst. Det er ikkje so mange som kann taka seg råd til slikt – dei fleste huslydane no um dagen er ikkje i stand til å liva på berre ei inntekt. Kor som er, dei som vel å vera heime vert skulda for å ha svike kvinnesaki. Det hjelper ikkje at dei faktisk trivst med å vera heime, at dei trivst med å stø upp um familien sin og syta for at det alltid er nokon til stades i

heimen – til dømes når eit barn er sjukt eller når mannen treng moralsk støtte.

Husmori kann laga god og sunn mat utan å vera stressa med at ho snart lyt på arbeid, og ho kann dessutan driva med husflid og andre tradisjonelle fritidsinteressor som ei yrkesaktiv kvinna ikkje hev tid til. På denne måten er husmori “fri” på ein måte som den sokalla “moderne” kvinna ikkje kann vera. For den moderne kvinna er bundi til arbeidstider, bundi til arbeidsoppgåvor utan for heimen. Ho er bundi til sjefen sin meir enn ho er til mannen sin, for det er sjefen som tryggjar henne materielt og som gjev henne økonomisk stabilitet.

Sant nok, sume kvinner stortrivst med yrkeslivet sitt, og dei kann verkelegt koma langt med det som dei held på med. Dei må få lov til å halda fram med det. Men på same måten må ei kvinna som fyrst og fremst kjenner seg kalla til å vera heime få lov til å verta verande heime. Både moralsk og økonomisk burde ein leggja betre til rettes for dette enn det som det moderne vestlege samfundet gjer i dag.

So på denne dagen, kvinnedagen, so burde kvar ei kvinna taka seg tid til å sjå inn i hjarta sitt og sjå etter kva det er ho verkelegt vil. Fyrst då er ho fri – fri til å fylgja kallet frå naturen og tradisjonen, um ho ynskjer det.

”Ein folkefiende” på den nasjonale scena

Av Ådne Øsleby

Den 28. februar i år var eg på teater i lag med fire andre Målmannen-tingarar. Målmannen-redaktøren sjølv hadde diverre ikkje høve til å koma, sidan han var hefta med huslyden sin. Stykkjet me såg var den aller siste oppsetjinga på «Ein folkefiende» på Den nasjonale scena i Bergen. Dette er eit drama i fem akter som Henrik Ibsen skreiv i 1882. Fyrste gong eg las dette skodespelet var på skulen, og eg hugsar at det vekte stor åtgau, både for meg sjølv og hjå klassekameratane mine. Men eg hadde aldri havt høve til å sjå stykkjet i livande live, og gledja var difor stor då eg såg at det skulde setjast upp i Bergen. Ventnadene var skyhøge der eg sat i teatersalen denne laurdagskvelden, og såg at sceneteppet opna seg.

I “Ein folkefiende” sviv det seg um badelækjaren Stockmann. Han hev vore pådrivar for eit kurbad i lag med bror sin, embetsmannen Peter Stockmann. Badet vert snøgt ein hynrestein for bygdi, men dokteren finn ut at vatnet i badet er giftig. Dokteren vil få denne sanningi fram for folk slik at ein kan få retta upp i floken, og han fær studnad frå lokalavisa og småborgarskapen. Dei lovar honom “den kompakte majoritet” i ryggen, og dei vonar nyhendi skal kunna røska upp i den politiske rangskipnaden i bygdi. Bror åt dokteren, Peter,

vert derimot sers opprædd yver desse nyhendi, og han trugar bror sin med at han skal verta sparka frå lækjargjeringi si um han gjer saki kjend.

Det er Peter som fær “den kompakte majoritet” yver på si sida når han fortel dei at arbeidet med å reinska upp i badet kjem til å kosta store summar. Summar som småborgarane lyt punga ut for. Når bygdi snur kapp etter vinden på denne visi, so vert dokteren sers opprør. Han leiger so eit møtelokale. Der gjev han bygdi si ei elitistisk og antidemokratisk skjennepreika av ei onnor verd.

Kurbadet vart bruka som kulissa i fire av dei fem aktene. Midt på scena låg sjølv badet, med vatn og det heile. Dette var ei greid og moderne løysing som etter mi meining fungerte godt. I fjorde akti, som tek fyre seg dokteren si tala, der er det sjølv teatersalen som skodespelarane nytta til kulissa. Dokteren og huslyden heldt til på scenekanten, framfor sceneteppet, medan dei hine skodespelarane var ikring i salen, og det gjorde det heile meir livande.

Endå um eg var på den siste framsyningi, so verka ikkje skodespelarane leide. Dei gjorde alle ein sers god jobb, og serskilt yvertydande var Stig Amdam i hovudrolla åt Dokter Stockmann. Han synta at han kunde spela på eit vidt

spekter av kjenslor. Bror hans, Peter, som vert spela av Ole Martin Aune Nilsen, gjorde det bra, han med. Karakteren hans er kor som er litt einsretta, utan det heilt store tolkingsromet.

Alt medrekna so vil eg segja at det var ei vellukka oppsetjing, men heilt nøgd er eg likevel ikkje. I det upphavlege dramaet framstår dokteren som ein edrueleg og uppegående mann. På same tid er han ein brennande, uredd idealist som strir for sanningi - koste kva det koste vil. I denne nye oppsetjingi hev dei derimot gjort hovudpersonen til ein halvgalen ekstremist som stødt er på brestepunktet. Serleg i den aller siste akti kjem dette fram med di dokteren klemmer sonen sin so hardt at han fær låkt. Å gjera dokteren til ein galning framstår på meg som ein freistnad på å ufårleggjera den sterke bodskapen hans. Denne bodskapen er elitistisk, han er antidemokratisk og ein kann endåtil segja at han er misantropisk. Dokteren sine meiningar er nok hard kost for mange, men eg meiner at me lyt taka Dokter Stockmann på ålvor framfor å gjera honom um til ein klovn, slik dei gjorde denne kvelden i teateret.

**Hugsa bladpengane!
Giro er stifta inn i bladet.**

Den høgnorske livbåten

Av Olav Torheim

Kva er vitsen med å gje ut eit blad som Målmannen og kva er det Målmannen skal skriva um? Finst det tema som er altfor politiske for eit målblad eller er det snarare slik at det er avpolitiseringsi av målsaki som hev gjort at målreisingi hev stogga opp?

Det største problemet for målrørsla er at folk flest tenkjer at språk ikkje er noko viktugt. "Språk er kommunikasjon", heiter det. Eller: "Me forstår då kvarande i Noreg..."

Det finst folk som i fullt ålvor meiner at språket i Noreg kunde ha vore engelsk eller

arabisk eller kinesisk, og likevel hadde alt vore som fyrr. Ingenting hadde vore endra, trur dei.

Kor som er, slik er det ikkje. Professor Frode Jens Strømmes gjorde i si tid eit banebrytande arbeid med å ettervisa vitskaplegt at språket svarar til ei særskild fyrestellingsverd, ein særskild måte å forstå og modellera verdi på. Språket set grensor for korleis me kann tenkja, sansa og forstå ting på. Olav Torheim ser nærare på dette i dette nummeret.

Denne innsyni fører til at det ikkje berre er fritt fram for å spreida kultur, idear og teknologiar tvers yver alle landegrensor. Ein kann tenkja seg at det finst måtar å tenkja og liva på som høver betre for oss enn det gjer for andre. Å arbeida for å verna um norsk språk gjeng soleides hand i hand med tanken um å halda fast ved eit visst sett med verdiar og fyrestellingar, førde vidare frå ættled til ættled av forfederne våre. Dette heiter ikkje at me skal stengja oss ute frå umverdi, men at me skal kunna nytta oss av impulsane frå umverdi på våre eigne premisser. "Dei største Tankar vi alltid faa af Verdens det store Vit; men desse Tankar dei brjotast maa lik Straaler af Soli, som alltid faa i kvar si Bylgje ein annan Lit" (Vinje).

Noreg er i stor endring, og masseinnvandringi er ein av motorane i dette. Globaliseringi grip inn i det norske samfundet på alle umkverve. Korleis kjem Noreg til å vera um 25 år? Jamvel um norske kvinner einast fær 1,8 born, so hevdar NHO at det kjem til å vera 7 millionar menneske i Noreg um 25 år. Det kjem fleire menneske til Noreg kvart år enn det vert fødde born! Sentraliseringi og presset i storbyane heng beinveges i hop med den store innvandringi til Noreg. Me hev ikkje tid eller råd til å gjera det heile til eit einspora spursmål um islam, me må våga sjå heile det store bilætet. Dette tek me fyre oss i artikkelen "Innvandringsordskiftet treng perspektiv".

Korleis skal det gå med Noreg?

Um 25 år må ein rekna med at oljealderen er forbi, og det er god grunn til å spyrgja seg kor mykje industri som framleis er på norske hender og kor mykje produksjon det er som i det heile kjem til å gå fyre seg i Noreg. Land som Kina kjøper seg inn i både svensk bilindustri (Volvo) og norsk prosessindustri (Elkem), og det er av di dei vil ha tilgang til teknologi og kompetanse - ikkje av di dei hev store planar

um masseproduksjon i høgkostlandet Noreg. Innovasjon og nyskaping er trylleordi som skal sikra norsk industri i framtidi, gjerne med flotte konsept um utviklingsprosjekt i Noreg og produksjon i Asia, men me ser alt no nøgdi med døme på at dette berre er fyrste steg mot at heile verksemdar vert flutte til utlandet. Det burde vera nok å nemna Nera Networks, som gjekk frå å vera ei fullskala utviklings- og produksjonslina i Bergen med tusundtals tilsette til å verta eit salskontor med 40 salskonsulentar. Asiatane er ikkje dummare enn oss, og dei er viljuge til å arbeida 12 timar um dagen der me er vortne vande med å vera på jobb frå 9 til 4...

I innvandringsordskiftet plar meiningsmotstandarar å slå kvarandre i hovudet med ymse slags forskingsrapportar. Sume segjer at utan arbeidsinnvandring stoggar Noreg, andre fortel at heile oljeformua kann gå tapt som fylgja av dei nye byrdene som innvandringi legg på velferdsstaten (Brochmann-utvalet). Spursmålet ein må stella seg er kva slags innvandring det er me talar um. Når det kjem til ikkje-vestleg innvandring, er det å verta godt dokumentert at ho kostar meir enn ho smakar. Til dømes er det 36.000 somaliarar i Noreg, millom dei som er i arbeidsfør alder er einast 27 prosent i lønt arbeid. Det er tal me alle fær kjenna på lummeboki når det heile skal finansierast yver skattesetelen.

Eit reknestykkje som ikkje gjeng upp

Fyrr eller seinare lyt ein anten auka skattane, eller so lyt ein byrgja skjera ned på rause velferdssordningar. Skal ein kutta burt heile tenestor eller skal ein skjera jamt med osthøvel til dess at ein fær eit elendig tilbod yver heile lina? Det som er sikkert er at ei slags amerikanisering kjem til å pressa seg fram der kvar og ein fær ta seg av seg og sine. Alternativet er at Noreg vert eit slags India, der dei offentlege tenestone er vortne lågterskeltilbod som einast er attraktive for dei som ikkje ikkje kann kjøpa seg fram i køen med private tenestor og forsikringstilbod.

Heile den varsla kommunereforma som styresmaktene vil pressa igjennom ber bod um eit meir sentralisert Noreg, og med ei stor gjennomstrøyming av menneske, varor og kapital. Stat og kommune skal yvertaka tenestone åt fylkeskommunen, men alt i dag er det eit problem at staten gjev kommunane arbeidsuppgåvor utan at dei vert tilførde tilsvarande økonomiske ressursar. Resultati kjenner me: Kommunane vert nøyddet å finansiera barnehagar og vegprosjekt med usosiale avgifter som bustadskatt og bompengar.

Vidare so ser ein at mange ordningar som bygde på tillit er under press i det nye Noreg. Til dømes er det vorten rådande politikk å få flest moglegt eittåringar inn i barnehage, dette for å "betra integreringi". Dette vert gjort med universelle åtgjerder som gjer livet vandslegt for alle som ynskjer å organisera tilværet

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Postboks 599 Sentrum
5806 Bergen

Bladstyrar:

Olav Torheim

Epost: olaveth@gmail.com

Tlf: 99156428

Skype: fivreltd25

Netstad:

<http://maalmannen.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten!

sitt på andre måtar. Kvar vert det av fridomen til å velja sitt eige liv? Kann henda det liberale samfundet ikkje er so liberalt likevel? Er skattar og avgifter ein måte å strauformare andre sitt liv på? Martin Eggum dryfter dette og andre spursmål i stykkjet um "det barnehage-industrielle komplekset". Likeins tek Olav Torheim fyre seg dei prinsipielle sidone ved bompengar og bustadskatt.

Eit livande, høgnorsk alternativ

Målmannen er ikkje her for å spreida mismod, men me gjer oss helder ingen illusjonar. Noreg kjem til å vera eit heilt anna land um 10-20 år enn det er i dag. Framfor å klynga seg til draumar um ein sosialdemokratisk velferdsstat som snart er soga, so freistar me skapa ein informasjonsinfrastruktur for nordmenn som sjølv vil skapa noko. Me vil driva fram upptak som stend på eigne føter. Maktar me dette, so hev me samstundes noko som me i neste umgang kann tilby andre. Det kjem ikkje til å verta eit lågterskeltilbod for alle, men ein eksklusiv høgnorsk dagsetel for dei uppegående og arbeidsføre.

På same måten som ein norsk bonde berre kann gje upp å vera tevlefør med utanlandske produsentar når det kjem til standardprodukt som storfekjøtt og margarin, so er det nyttelaust å arbeida for den bokmålsutvatna Hellevik-nynorsken. Nynorsken er for dårleg og målfolk flest hev for dårlege argument, og fylgjone ser me til dømes i randsonone kring Bergen. Det nynorske Titanic-skipet gjekk på isfjellet i 1938, og vassmassane held berre fram med å strøyma inn. Medan orkesteret held fram å spela, so set me den høgnorske livbåten på vatnet. Slutt deg til oss fyre båten er full!

Strømnes, språk og mentale modellar

Av Olav Torheim

Frode Jens Strømnes (1937-2012) arbeidde i mange år som forskar i ved Universitetet i Åbo i Finland. Han vart seinare professor i psykologi ved Universitetet i Tromsø - der han arbeidde i 13 år. Sidan arbeidde han som statsstipendiat og gjesteprofessor ved Universitetet i Bergen. Han var dei siste 22 år attende i heimbygdi Volda. Sjølv fekk eg høve til å verta kjend med Strømnes fekk eit godt innsyn inn i teoriane hans um språk og mentale modellar. Strømnes hev summert opp arbeidet sitt i boki "The Fall of the Word and the Rise of the Mental Model" som kom ut på det vitenskaplege forlaget Peter Lang i 2006.

Er språk berre kommunikasjon? Nei!

«Språk er kommunikasjon» vert det ofte sagt. Dei som hevdar slikt vil som regel segja at språk ikkje er noko viktugt – for med det vert det implisert at språket berre er eit middel til å yverføra ein bodskap som like godt kunde ha vorte yverført med eit anna transportmiddel.

Um me tenkjer på ein datamaskin, so stemmer dette tollegt godt. Um ein til dømes tenkjer på ein lagkløvt kommunikasjonsprotokoll, so er han sett i hop av fysisk lag, datalinklag, transportlag og applikasjonslag. Applikasjonen veit ideellt sett ingenting um kva for andre lag han køyrer på, dei kann alle skiftast ut. Kommunikasjonen kann vera både på kopar eller på fiberoptikk, utan at det endrar på noko.



Kor som er, måten menneskeheilen fungerer på er ikkje den same som ein datamaskin. Helder ikkje kann me sjå beint inn i heilen åt folk. Skal ein vita noko – og ikkje berre spekulera – so lyt ein gjera granskningar.

Det finst ingen lingvistiske universaliala

Innanfor rådande lingvistikk vert det hevda at alle setningar i alle språk kann brytast ned til det ein kallar for proposisjonar, og desse proposisjonane er brende inn i heilen og er like for alle menneske. Proposisjonar er setningar som kann ha sanningsverde. Bilæte og kart kann derimot ikkje ha det, for desse er i motsetnad til proposisjonane ikkje eintydige, vert det hevda.

Vidare vert det påstått at mentale modellar er utilstrekkelege for å uttrykkja setningar. Matematikarar hev freista prova at ein kann tenkja på ting som ein ikkje kann laga strukturmodellar av, som til dømes endelaust store tal.

Lingvistar hev freista hevda at det finst lingvistiske universaliala – og folk som Noam Chomsky hev gjenge endå lenger og hevda at det skal finnast noko slikt som ein universal grammatikk.



Døme på mentale modellar i svensk (preposisjonar) og finsk (kasus), henta Strømnes si bok (2006).

Her vert det til dømes vist til at alle språk hev strukturar som subjekt, verbal og objekt, endå um rekkjefylgja av desse kann vera umstokka.

Her kann ein atter ein gong jamføra med ein datamaskin: Ein kann tenkja seg at same um ein skriv kode i C++, Pascal, Basic, Cobol eller noko heilt anna, so vert all koden kompilert ned til dei same Assembler-instruksjonane og køyrde på prosessoren.

Det er klårt at dersom ein maktar å bryta alle setningar ned til eit sett av grunnleggjande setningar som alle anten kann vera sanne eller falske, altså ein serie av universelle, binære operasjonar, so må konklusjonen vera at alle språk er grunnleggjande like.

Men: Teorien um proposisjonar og universell grammatikk kjem i direkte konflikt med vitenskaplege eksperiment.

Til dømes hev ein gjort eksperiment der folk skulde memorisera remser av nye ord. Det synt seg at det var svært avgrensa kor mange ord folk greidde å hugsa, og som regel berre i ei rekkjefylgja. Medan dei som fekk sjå på ein gjenstand medan dei memoriserte ordet, kunde hugsa endelaust mange ord, og det uavhengig av rekkjefylgja.

Granskningar som er gjorde syner faktisk at endå um både svensk og finsk hev subjekt, verbal og objekt, so er informasjonen dei ber på ikkje den same. Eit eksperiment som skulde få folk til å styttja ned setningar til ufullstendige telegram-meldingar, synt seg at finnane langt oftare valde å kutta burt verbalet enn det svenskane gjorde.

Ulike språk hev ulike mentale geometriar

I Finland vart det gjorde eksperiment som synt seg at dei finske kasusi og dei svenske

preposisjonane svara til kvar sine mentale modellar, med kvar sin geometri. Ved hjelp av eksperiment let det seg gjera å rekonstruera dei geometriske modellane som svara til kasusi i finsk og preposisjonane i svensk.

Det synt seg at geometrien var grunnleggjande ulik. Svensk hadde ein tredimensjonal vektorgeometri, medan finsk berre hadde ein tvodimensjonal, topologisk geometri. Operasjonane som vart gjorde på dei svenske mentale modellane var fokuserte på rørslor i det tridimensjonale romet, medan dei finske operasjonane gjekk ut på å få fram tilhøvet millom grensor i det tvodimensjonale romet.

Her forstår me med ein gong kvifor finnane i telegram-eksperimentet lettare kutta ut verbet enn det svenskane gjorde: Verbalet er den aktive handlingi - rørsla - i setningi. For svenskane vert meiningi burte dersom rørsla vert burte, medan finnane finn meir av den verdfulle informasjonen i adverbialet - som fortel oss samanhengen det heile hender i.

Ut frå desse resultatit hev ein kunna prova at eit språk svarar til eit visst sett med modellar i ei viss geometri, og med eit visst sett med operasjonar som kann gjerast på desse modellane. Ordi me nyttar er ingenting anna enn adresser for å henta fram desse modellane. Utanum det inneheld ordi ingen kunnskap. Kunnskapen ligg i modellane, som hev formlikskap med det som dei faktisk skilddrar.

Desse eksperimentit hev leidd fram til ein ny måte å få forstå kva språk er. Tidlegare hev ein trudd at det å læra språk var å læra seg ord – og at ein kunde tenkja med ord. Denne teorien er ikkje rett. Det som er rett er at ein lærer seg eit språk med di ein tileignar seg

geometrien, modellane og operasjonane som kann nyttast på desse. Språk lærer ein soleides mest effektivt med di ein nyttar språket saman med dei hendingane og tingi som språket skildrar. Berre tenk på korleis ein lærer born språk: Du syner fram ein kopp og segjer “kopp” eller dansar ikring og segjer “dansa”.

Eit eksperiment med eit kunstig språk syntet at forsøkspersonane lett tileigna seg språket når dei fekk sjå ulike figurar og operasjonar gjorde på desse samstundes med setningane. Dei som ikkje fekk sjå desse figurane og operasjonane greidde aldri å tileigna seg språket.

Folk tenkjer ulikt um dei same tingi når dei nyttar ulike språk

Når folk tenkjer ikring eit tema, so gjer dei seg konklusjonar som er i samsvar med geometrien i det språket som dei nyttar seg av. Ogso dette let seg ettervisa eksperimentelt. Til dømes hev ein ljodupptak med ishockeykampar i Finland der ein hadde både svenske og finske radiokommentatorar på same tid. Svenskane fylgde pucken og korleis personane fylgde etter denne - dei var fokuserte på å fylgja ei rørsle i tri dimensjonar. Finnane såg derimot på relasjonane millom hockeyspelarane.

Eit anna døme er filmatiseringar av skodespeli. Ein hev teke fyre seg svenske og finske filmatiseringar av dei same Ibsen-skodespeli, til dømes “Ein dokkeheim”. Det syner seg at dei finske filmane syner mykje oftare hovud og andlet enn det dei svenske filmane gjer, og dei skildrar rørslor mykje stuttare og gjerne berre i ein dimensjon.

Alt dette svarar beinveges til skilnadene i geometri millom dei tvo ulike språki: Svensk er ein einfeld vektorgeometri i tri dimensjonar. Det er rørselone som er det sentrale. Finsk er ein einfeld topologisk geometri i tvo dimensjonar. Der er det tilhøvet millom grensor som er det sentrale.

Problemi med å tvinga framande modellar på andre let seg mæla

Strømnes meinte at dersom finsktalande modellerte røyndomen på ein annan måte enn det svenskar gjorde, so laut dei ogso ha større problem med å nytta verkty utforma av folk med indoeuropeisk bakgrunn - og at dette vilde føra til fleire arbeidsulukkar millom finsktalande.

Dette var eit påstand mange lo åt, men...

Statistikken syner at det er fleire arbeidsulukkar millom finsktalande enn det er millom svensktalande finnar. Her er det korrigerert for alle andre variablar som kunde verka inn.

Ålmenne sluttsatsar som teorien gjev oss
Språk er nevrane program. Ein kann sjå på

språket som programvara og heilen som maskinvara. Naturen hev laga det slik for oss at dei mentale bilæti er gøynde for medvitet vårt, og me lyt difor nytta oss av eksperiment for å finna dei att. Å læra ulike språk heiter å læra seg ulike måtar å byggja modellar på - og soleides å læra seg ulike måtar å tenkja på. Når ein språk døy, so heiter det soleides at ein serskild måte å forstå og konseptualisera verdi på, ogso vert burte.

Det er alto ikkje slik som Noam Chomsky og andre leidande lingvistar hevdar, at alle språk kann brytast ned til dei same nevrane strukturane som er grunnleggjande like for alle. Tvert imot, når me lærer eit språk so vert strukturane i dette språket innprenta i menneskeheilen. Språkstrukturane programmerar heilen!

Ideen um at språket legg rådeverket for korleis me tenkjer er ikkje ny. Han vert kalla for lingvistisk relativitet og vart sett fram alt i det nittande hundradåret av Johann Gottfried von Herder. Men Herder hev gjenge inn i saga som ein av grunnleggjarane av den tyske nasjonalromantikken, og synsmåtene hans er soleides vortne avviste som rein romantikk. No kann ikkje dette synet lenger avvistas på denne måten, for det er vorte stadfest med vitenskaplege eksperiment.

Dei nevrane programmi hev til fyremål å syta for at me yverliver. Det er slik desse programmi langsamt hev vokse fram, gjennom tusundtals år. Dei norske og svenske måli er programmi for å yverliva i dei fysiske og kulturelle kringværi i Norden. Den store rikdomen på preposisjonar i nordiske språk, og vektleggjingi på rørslor, er serskilt godt høveleg for det barske nordiske kringværet der avgjerder laut takast snøgt og ikkje verta utsette til i morgon.

I dagsens globaliserte samfund er me ikkje lenger so avhengige av å måta oss etter klima, årstider og topografi, men kven veit kor lenge dette systemet kjem til å halda seg? Ein dag kjem me kanskje til å ha like mykje bruk som fyrr for dei verkty som forfedrane våre kunde nytta seg av, språket vårt inkludert.

Me veit at personar som hev vorte rekna for evneveikor sumtid hev havt eineståande evnor på serskilte umkverve. Til dømes finst det personar med svært låg intelligens som likevel kunde ta kva som helst slags tal og avgjera på rappen um dette talet var eit primtal eller ikkje. Konvensjonell matematikk kann ikkje forklåra korleis dette er moglegt, so her er det tydelegt at desse personane lyt ha tilgang til einkvan slags mental modell.

Um ein lærer folk å arbeida med mentale modellar, so kann ein soleides gjera kunnskap um vanskelege emne tilgjengelegt for langt fleire menneske. Kor som er, det er tydelegt nok at det finst personar og grupper

som ynskjer at sume emne vert verande mystiske og lite tilgjengelege. Innanfor dei rådande religionane i Vesten so heiter det til dømes at det gudommelege er grunnleggjande utilgjengelegt for menneske - det finst ting som menneske berre skal akseptera og underkasta seg, og ikkje ein gong freista å forstå. I jødisk, kristen og muslimsk religion gjeld det eit absolutt forbod mot å laga gudebilæte, i sunnimuslimsk religion hev ein jamvel forbod mot bilæte generelt.

Um teoriane um mentale modellar er rette, so heiter det at det å umsetja ei setning frå eitt språk til eit anna er det same som å skipla geometrien i setningi. Det finst soleides ikkje noko slikt som ei ein-til-ein-umsetjing. Ei setning som er sann i ein type språkleg geometri treng ikkje um å vera sann i ein annan. Av dette fylgjer det at noko slikt som universelle idear ikkje kann finnast. Kor som er, både global kapitalisme, sosialisme og monoteistisk religion er tufta på universelle idear:

Kapitalismen av di han freistar spreida det same økonomiske systemet og den same indoeuropeiske teknologien yver heile verdi.

Sosialismen av di dei freistar skapa eit egalitært samfund der alle menneske er grunnleggjande like.

Monoteistisk religion av di dei vil at teologien deira skal ha det same sanningsverdet for alle menneske, uavhengig av kultur og bakgrunn.

Ein kann soleides slutta at alle dei mest rådrike kreftene i verdi - økonomisk, ideologisk og religiøst - hev sams interessa i å halda folk i myrkret um dei nye provi for eksistensen åt mentale modellar...

Difor treng ein helder ikkje å undra seg når ein person som Noam Chomsky, som den radikale vinstresida hev gjort til eit ikon, i røyndi er den personen som hev lagt det teoretiske fundamentet som den globale kapitalismen treng for å kunna øydeleggja språk og einsretta kulturar yver heile verdi.

Meir lesnad

Frode Strømnes, “The fall of the word and the rise of the mental model”, Peter Lang, 2006

Katrin Lunde, “Språkstruktur programmarer heilen”, Målmannen nr 1 2014.

Lars Bjarne Marøy, “Epokegjerande bok um språk og psykologi”, Målmannen nr 3 2009.

Hovudpunkti i denne teksti vart lagde fram på eit fyredrag eg heldt på Alternativmessa i Bergen den 21. mars 2015.

**Sank ein tingar til
høgnorskladet
Målmannen!**

Minigrammatikk på fem minutt

Av Olav Torheim

Målmannen er eit målblad, og målstoffet fyller mykje av spaltone våre. Me freistar stødt vera so pedagogiske som råd er, men ei grunnleggjande forståing for språklege emne kjem alltid godt med for dei som skal lesa artiklane våre. Me hev difor laga denne vesle innføring i grunnleggjande språklege emne.

Når det kjem til språkspursmål, so skil ein til vanlegst millom fire ulike emne. Dette er:

1) Fonologi, 2) Morfologi, 3) Syntaks og til slutt 4) Semantikk. Me skal i dette stykkjet gå stutt inn på deim alle.

Fonologi

Fonologien eller ljodlæra er læra um språkljodane. Tradisjonelt hev ljodlæra vore sentrert kring dei ulike fonemi i ulike slags språk. Kva er so eit fonem? Eit fonem vert rekna for å vera ein slags språkleg byggestein. Det kann definerast som “the smallest contrastive linguistic unit which may bring about a change of meaning”. Ein minstedel som ikkje kann kløyvast upp i mindre delar, um me skal draga ein parallell til partikkelfysikken.

Kva som er eit fonem og kor mange fonem som finst, det ymsar frå språk til språk. Me kann til dømes ta dei tvo engelske ordi “tip” og “dip”. Dei tvo ordi fær heilt ulik meining med di dei er skilde frå einannan av fonemi /t/ og /d/. I andre språk, til dømes koreansk, er det derimot ingen skilnad millom /t/ og /d/. Um ordi “tip” og “dip” hadde eksistert i koreansk, so hadde ordi havt nett den same meiningi, med di [t] og [d] er det ein kallar allofonar av det same fonemet.

Ei endefram rettskriving som syner fram alle fonemi i kvart ord kallar me for ei ortofon rettskriving. Ei hundrad prosent ortofon rettskriving hev den fyremunen at ein aldri er i tvil um korleis eit ord skal stavast, ein kann “skriva som ein snakkar”. Som regel er dette lettare sagt enn gjort, og det er dei færreste skriftspråk som er reint ortofone. Det finst dessutan andre prinsipp som kann leggjast til grunn for ei rettskriving, til dømes kann ein nytta seg av typeformer som syner den underliggjande strukturen i ulike slags målføre. Det siste kallar ein for etymologisk rettskriving, og er prinsippet som høgnorsken byggjer på.

Morfologi

Morfologien eller formlæra gjeng ut på å røkja etter korleis ord vert bygde upp av mindre einingar - morfem. Eit morfem er det minste språklege elementet med ein meinings-



berande funksjon. Til dømes hev ordet “mat” eitt morfem, medan ordet “matvare” er sett i hop av dei tvo morfemi “vare” og “mat”. Likeins er ordet “umbyggjing” sett i hop av tri ulike morfem: Prefikset “um”, roti “bygg” og suffikset “ing”.

Eit morfem er bygt upp av eitt eller fleire fonem, og me kann soleides atter ein gong sjå fyre oss ein analogi til partikkelfysikken der fonemi er elementærpartiklane og morfemi er grunnstoffi. Av elementærpartiklar (fonem) kann ein byggja ulike slags grunnstoff (morfem) og frå grunnstoffi kann ein skapa ulike slags molekyl (meningsberande ord).

Dei ulike meningsberande ordi kann kløyvast upp i ulike slags ordklassar. Dei aller fleste av oss hev framleis barneskulelærdomen inne, og kann soleides skilja millom ordklassar som substantiv (namneord) og verb (gjerningsord). Substantiv er ein ordklasse som skildrar gjenstandar, stader og personar, til dømes bil, hus, Oslo og Kjell. Verb er ein ordklasse som skildrar gjerningar, til dømes bita, drikkja og hoppa. Det finst mange fleire ordklassar med, til dømes preposisjonar, adjektiv og pronomen.

I morfologien sviv det seg framfor alt um å skyna seg på ordbøygning og ordदानing. Eit døme på ordbøygning kann vera: Ein bil - bilen - bilar - bilane (substantivbøygjing, eintal-fleirtal og bunden-ubunden). Eller: Å byggja - byggjer - bygde (verbøygjing, artikkelform, notidsform og fortidsform). Eit døme på ordदानing kann vera at ein frå verbet “hoppa” kann nytta suffikset “ing” til å laga substantivet “hopping”. Eit anna døme kunde vera korleis ein kann setja ord saman til nye ord, frå substantivi “student” og “hybel” kann ein i norsk til dømes dana substantivet “student-hybel”.

Syntaks

Syntaksen eller setningsanalysen gjeng ut på å skyna korleis ord vert sette i hop til setningar. Noko som er viktig å skyna her er skilnaden på ordklassar og setningsledd. Ordklassane skildrar formi på einskildordi, medan setningsleddi forklarar einskildordi sin funksjon når dei vert plasserte inn ei setning. Det er soleides tala um tvo ulike nivå å skildra ordi på. Læra um ordklassane høyrer med til morfologien, medan læra um setningsleddi høyrer med til syntaksen.

Dei fleste er i stand til å gjera einfeld setningsanalyse med setningleddi subjekt, verbal og objekt. Eit døme kunde vera “Kjell sender eit brev”. Um me ser på ordklassane i setningi, so er “Kjell” og “eit brev” substantiv, medan “sender” er notidsformi av verbet “å senda”. Um me ser på syntaksen i setningi, so kann me sjå på kva slags setningsledd som setningi er sett i hop av. Då ser me at at substantivet “Kjell” er subjekt, verbet “sender” er verbal og substantivet “eit brev” er objekt.

Me kunde ha lagt til endå eit setningsledd, dersom me vilde det, og det er adverbialet. Adverbialet fortel oss noko meir um verbalet eller um heile setningi. Me kunde til dømes ha sagt at “Kjell sender eit brev i dag” eller “Kjell sender eit brev frå Bergen”. “I dag” og “frå Bergen” vert då adverbial, og desse adverbiali er vortne dana med di ein preposisjon (“i” eller “frå”) er vorten sett i hop med eit substantiv (“dag” eller “Bergen”). Me ser at verbalet kann klara seg fint utan adverbialet, og adverbialet kann difor sløyfast frå setningi utan at setningi vert grammatisk rang. Det finst mange ulike slags adverbial, tids- og stadsadverbiali er berre tvo av dei.

Attåt adverbialet finst det dessutan andre moglege setningsledd, dei viktigaste er kann henda indirekte objekt og predikativ. Um ein til dømes hadde sagt at “Kjell sender Kari eit brev”, so er Kari indirekte objekt medan “eit brev” framleis er objektet. Elles so kunde setningi “Kjell er postmann” vera eit døma på predikativ-bruk. Her tener ordet “er” til verbal medan substantivet “postmann” i dette høvet ikkje er eit objekt, men eit eit predikativ - alto so eit slags “objekt” som peikar beinveges attende på subjektet.

Norsk er eit sokalla SVO-språk, alto so at setningar vert bygde upp på den måten av subjektet kjem fyrst, dinæst verbalet og til slutt objektet. I andre språk kann rekkjefylgja vera ei heilt onnor. I sume språk kann rekkjefylgja vera kva som helst, med di ein nyttar kasus til å fortelja kva som er kva.

Kasus finn ein til dømes i eit språk som tysk, me hadde det i norrønt med og hev det framleis i sume norske dialektar, men det fær me koma innum ved eit anna høve.

Semantikk

Det siste me skal sjå på er semantikken. Semantikken er studiet av meiningi i setningar. Kva slags setningar er det som gjev meining og kva for setningar er meingslause? Til dømes kann ein skilja millom analytiske setningar og syntetiske setningar.

Ei analytisk setning er ei setning der det er sjølve reglane for språkbruken som avgjer um setningi er sann eller ikkje. "Alle ungarar er ugifte" er døme på ei analytisk sann setning. Me treng ikkje taka kontakt med alle verdsens ungarar for å vita um utsegnene er sanne eller ikkje, for ein ungar er pr definisjon

ugift. Um nokon hadde sagt at "Alle ungarar er gifte", so hadde ein utan vidare kunna slege fast at utsegnen er analytisk falsk. Ei analytisk sann setning er sann i kraft av at predikatet (ugift) er baka inn i definisjonen av subjektet (ungar). Analytiske setningar er soleides setningar som ikkje inneheld nokon ny informasjon, sidan all informasjonen alt er gjeven av dei reglane som finst for språkbruken.

Det motsette av ei analytisk setning er ei syntetisk setning. "Kjell er gift med Helga" er døme på syntetiske setningar. Me kann ikkje vita um utsegnene er sanne utan å sjølve røkja etter um det stemmer. Desse setningane inneheld also faktisk informasjon som anten kann vera sann eller usann.

Det kann elles nemnast at oppkløyvingi analytisk/syntetisk i det seinaste er vorti umdiskutert. Her vil eg visa til W.V.O. Quine

sin artikkel "Two Dogmas of Empiricism" der han steller spursmål ved um det er moglegt å skilja millom setningar på denne måten.

Avslutning

Me hev i dette stykkjet sett korleis ein i tradisjonell lingvistikk studerar språket på ulike nivå. I fonologien og morfologien ser ein på dei minste byggjesteinane i einskildordi medan ein i syntaksen og semantikken freistar få struktur og meining ut frå heile setningar. Det må segjast at dette er ei heilt grunnleggjande innføring, der mangt og mykje er vorte utelate. Helder ikkje hev eg freista koma med nokon utførleg diskusjon, til det gjeng fem minutt altfor snøgt. Eg vil oppmoda dei som vil læra meir um å få tak i ein retteleg grammatikk og studera denne.

Anglo-norsk og falske vener

Av Lars Bjarne Marøy

Falske vener er ei kjend ovring i språkverdi. Frå den nordisk språkrømdi kjenner me til fleire slike. Det heiter til dømes rar på norsk, men konstig på svensk. Dersom du er rar på svensk, so er du søt. Må på dansk tyder ofte kann. «Må jeg være med» treng also ikkje å tyda at vedkomande som spør, lurar på um han er nøydd til å vera med, men um han kann. Det endrar tydingi fullstendig. Ein norskspråkleg vil spontant kunna segja: "Nei, det treng du ikkje". Eg tru det kann verta tolka som ei avvising.

Dei same ordi hev ulike tydingar i ulike språk

Gjeng me yver til den engelsk-norsk aksen, so ser me straks at det er ei rad ord som verkar like, men som ikkje alltid er det. Faktisk på norsk heiter actual på engelsk, men utfrå eit augneblinksinnfall kunde ein koma til å tru at aktuell på norsk kunde ha ein samanheng med actual på engelsk, men aktuell på norsk kann derimot vera liketydande med ei rad andre ord på engelsk. Til dømes kann ein segja current, updated, up to date, latest, topical eller recent. Desse ordi hev inkje med actual å gjera, so aktuell og actual heng also ikkje saman, jamvel um dei liknar på kvarandre i den språklege utformingi.

Det engelske ordet ambitious kann umsettast med til dømes det norske ordet ærelysten. Eit ord som liknar på det norske ordet ambisjøs, men ein ambisjøs person på engelsk heiter «an aspirational person». YAP tyder difor "Young Aspiring Professional". Jappane er æresøkjande og ærelystne, ikkje alltid ambisjøse, dei treng iallfall ikkje å vera det.

So umset ein ambitious på engelsk med det norske ambisjøs, so kann viktige tydingsavbrigde falla burt.

Genial på engelsk tyder ikkje genial på norsk. Genial på engelsk er knytt til å vera snill, mild, hjarteleg eller venleg, og det er ikkje heilt det same, jamvel um eit geni kann vera alt dette itillegg. Men koplar med genial på norsk med genial på engelsk, so bommar me. For ein som er genial på engelsk han er: brilant, ingenious eller inspired.

Ein hund på norsk heiter dog på engelsk. Men so hender det at engelskspråklege nyttar ordet hound. Det tyder ikkje beintfram hund, men derimot; jakthund, sporhund eller i meir yverførd tyding; skurk, slyngel. So ordet er likt og tydingi kann nærma seg, men me trefter ikkje blink med å umsetja hound til hund, her må ein vera noggrann og tolka ordet utfrå den samanhengen det er skrive i .

Ein kann vel vera hag, um ein ikkje er heppen

Hell på norsk vert gjerne umsett med luck på engelsk. Men luck hev ikkje alltid so mykje med lukka å gjera. Lukka er happiness. Dersom me gjeng til idiom so kann me sjå at der me på norsk snakkar um å ha hellet med seg, so kann dei engelskspråklege segja det same på same vis som på norsk. Ein kann tala um å "have good luck" eller "be lucky", men òg på andre måtar. Til dømes; be in luck's way, carry all before one (hell i alt) eller strike oil. Setningsdøme kann vera: At college and in society he carried all before him. På norsk vilde me kannhenda segja: På universitetet og elles i livet haddet han hellet med seg. Eit anna set-

ningsdøme: I say we are in a luck's way. På norsk kann me kannhenda segja at; Me hev hellet med oss.

Men lukka heng ikkje alltid i hop med happiness. På bokmål segjer dei at «lykken var bedre enn forstanden», på norsk segjer ein vel kannhenda av lukka var betre enn vitet. Kor som er, på engelsk heiter det at: He was more lucky than wise. Happy kjem derimot inn att når ein talar um happy events, lukkelege umstende. Uttrykk som happy as a sandboy, happy hunting ground, not a happy bunny er alle segjemåtar som me vel knyter til lukkeleg. Kann dei umsettast med; lukkeleg som ein gut på joleftan, lukkelege jaktmarker, ikkje ein lukkeleg liten skrott. Men her er me langt inne i vanskelege vurderingar som profesjonelle umsetjarar må avgjera. Hell, lukka, happiness. Desse ordi viklar seg ein del saman. På høg-norsk likar me òg å nytta ordet heppen.

Vender me oss til Theodore Slettes Norsk-engelsk ordbok, so kann me slå opp ordet heppen der. Slette umset heppe med good luck, good fortune, prosperity, success, successfulness, good hap, win, good chance. Ha heppa med seg kann umsettast med succeed in. Det var ei heppa umset Slette med til dømes; what luck! Eit anna døme frå Slette. Det høvde so heppeleg at han fann pengane. Det umset Slette med; by a stroke of good fortune he found the money. Kronedømet på kor ærvænen ein kann verta når ein balar med falske vener kjem når Slette umset heppen med dei engelske ordi lucky, happy og fortunate. Det skal ikkje vera lett å treffa spikaren på hovudet. Eller to hit the nail on the head som dei segjer på engelsk.

Frå dialektromantikk til nynorsk realisme

Av Olav Torheim



Det var sterk kost målfolket fekk då bergensaren Frank Aarebrot vitja Knarvik sist sundag, fortel avisa Nordhordland. Aarebrot slo fast at dialektromantikken i målrørsla hev øydelagt for nynorsken. Frammøtte svara med lettare sjokkert lått. Aarebrot sa det målfolk trong å høyra.

I Nordhordland vert nynorsken pressa. Unge under 30 talar ikkje strilamål meir, dei vil helder vera bergensarar. Jon Fosse hev poengtert at bergensarar definerar seg negativt i høve til strilekulturen, dei vil helder ha det lågaste frå bergenskulturen enn det beste frå strilekulturen. Å vera bergensar heiter å nytta bokmål - "eg" og "ikkje" til trass.

Det paradoksale for oss som flutte frå Bergen til Meland er nett det at me ynskte meir av det Meland kunde by på - flott natur, gode grunnar, nynorsk skulemål. So vert ein i staden møtt med at alt dette er på veg ut: Meland skal vera "vekstkommune", og når eitkvart er i vokster er det noko anna som skal vika plassen - i dette høvet nynorsken. I Nordhordland stend nynorsken att i skulen medan bokmålet rår grunnen elles, både privat og i handelslivet. Jamvel i lokale ungdomslag i Meland tek bokmålet yver.

Avisa Nordhordland fortel at Meland tapar millionar på bokmålsklassar. For ein gongs skuld morosamt at bokmål kostar pengar, men kva tid kjem kravet um at Meland, Fjell og Os skal verta bokmålskommunar? Bergen ekspanderar og det er ingen måte ein kann stogga det på. Anten lyt det verta råd å vera både bergensar og nynorskbrukar, eller so er slaget tapt.

Jamstillingstanken og dialektromantikken gjer det politiske privat

Aarebrot hev rett i at jamstillingi er problemet: Ho gjer språkvalet til eit individuelt val. Den gongen nynorsken vann fram, var målreisingi eit kollektivt prosjekt - med kamp um skulekrinsar og kyrkjelydar. Målspursmålet stod på den politiske dagsetelen. I dag er dette saga. Nynorsktoleransen er stor, men viljen til å nytta målet tilsvarande liten.

Det er mange val ein lyt gjera i livet, ikkje

minst for borni sine. Kva som skal vera viktugt i livet til borni er det foreldri som legg til rettes for. Skal språk vera viktugt? I so fall, kva slags språk? Eg kjenner til dømes ein småbarnsfamilie i Bergen der faren er sogning og mor trønder. Båe skriv nynorsk, men ungen lyt høyra tri ulike dialektar. Han skynar snøgt at talemål i Noreg er noko individuelt - Far hev sitt mål, mor hev sitt, eg og leikekameratane vårt: bokmålsutvatna bergensk.

Dialektane kløyver, nynorsken kunde ha samla. Det trengst kjerneområde der nynorsk var sikra, men slike finst ingen stader i Hordaland.

Ute i Europa ser ein tydelegt kva slags verkemiddel som nyttar. I Sud-Tirol i Italia hev tyskarane eit lovvern som sikrar at einast tysk vert nytta i Sud-Tirol. Målet der er i framgang. I Elsass i Frankrike hev ein derimot havt ei rørsle som arbeider for elsassisk dialekt - standardtysk skulde av politiske grunnar ikkje talast um. Men utan eit standardspråk å stø seg på hev dialektarbeid vore fäfengt. Elsassisk er vorte eit mål besteforeldri talar. Unge nyttar standardfransk både heime og ute.

Ei stoda slett ikkje ulik den i Nordhordland: "Bæsten" talar kav stril, barneborni hev lært seg bergensk i barnehagen. Eller bergensk og bergensk, fru Blom: Det er ikkje bergensk med "hem", "møkkje" og "nokke". Nei, med "hjem", "mye" og "noe". Det serbergenske er vorte noko ein dreg fram ved serskilde høve - som under Cupfinalen når "gullet skal hem".

Slik er det vorte i Nordhordland, men trong ikkje um å vera slik. Sjå til dømes til Møre og Romsdal: Endå Ålesund er bokmålsdominert, so er Søre Sunnmøre vorte ein sterk region der nynorsk vert nytta både privat, offentleg og i næringslivet. Vegprosjekti Eiksundsambandet og Kvivsvegen hev gjort Volda-Ørsta til eit knutepunkt millom andre nynorskkommunar som Ulstein og Stryn.

Frå Hordaland på nynorsk til Bergensregion på bokmål

I Hordaland ser ein dei motsette tildrivi. Alle framsteg innanfor samferdsle, bruer og tunnel-

lar, hev berre tent til å gjera Hordaland til eit nytt Stor-Bergen. "Region Bergen" er alt skipa, og flestalle kommunar i Nord- og Sunnhordland hev meldt seg inn. Heimesida på bokmål.

Neste prosjekt er ferjefri E39 - med seks kilometer bru yver Bjørnefjorden. Det skal laga eit endå tettare, oljesmurt samband millom bokmålsbyane Bergen og Stavanger. Sambandet skjer tvers igjennom det me trudde var nynorskland.

På papiret er det fint med Bergen og Askøy språknøytralt og resten nynorskkommunar. Mållaget drøymer um nynorsk vestlandsregion, men kva med røyndi? Einaste reint nynorske fylket i Noreg er Sogn og Fjordane, men dette fylket meiner Møreforskning er for lite til å vera leveført. Kva då med ein region av Søre Sunnmøre og Sogn og Fjordane? Det kunde gje godt fotfeste for nynorsken. Eller skal Sogn og Fjordane inn under eit stødt meir bokmålsdominert Hordaland, medan Møre og Romsdal hamnar under Sør-Trøndelag? Administrative stor-driftsfyremuner trumfar både nynorsken og lokal identitet elles.

I Frankrike ser me dei same vegvali for elsassisk. I Elsass ser folk sjansen til å slå Bas-Rhin saman med Haut-Rhin til eitt Elsass, men styresmaktene vil helder laga èin stor region, Alsace-Lorraine-Champ-Ardenne - ein byråkratisk konstruksjon utan historisk grunnlag.

Tid for realisme

Målfolket lyt sjå realistisk på stoda: Strilekulturen er snart burte, til liks med mykje tradisjonell bergenskultur. Det hjelper ikkje å jatta med folk på utvatna dialekt og SMS-språk, me lyt sjå kva som gjer eit språk leveført.

Nokon må tala målet for at det skal vera eit mål - ikkje berre skriva det. Nokon må syngja det og nokon må lesa nyhende på det. Det er nett dei markerte ordi i nynorsken som det er kraft i, anten det er Noreg, kjærleik, løyve, samband og alle hine. Dialekten kann krydra visor og litterære tekster, men nynorsken sjølv må aldri verta minka ned til dette.

Islandsk med 200.000 brukarar stend sterkare enn det nynorsk gjer som jamstelt mål i eit land med fem millionar. Me treng nynorsk infrastruktur, me treng kjerneregionar for nynorsken og me treng sist - men ikkje minst - menneske som primært identifiserar seg med nynorsken og ikkje med dialekten - og som vågar stå saman um å gjera dei personlege og politiske vali som gjer at målet vårt yverliver.

Innlegget stod fyrste gongen på prent i lokalavisa Strilen, laurdag 22. november 2014.

Kvifor bør ein segja nei til bompengar i Nordhordland?

Av Olav Torheim

Eg vil koma med tri argument:

Det fyrste er at bompengar er å lata ei liti gruppa arbeidstakarar - pendlarane - få taka rekningi for investeringar som kjem heile kommunen til gode. Betre vegar i og ikring Meland gjev store positive ringverknader for næringslivet i heile kommunen, me kjem alle til å merka at kommunen fær betre samferdsle. Likevel er det altso nokre fåe som vert bedne um å ta heile rekningi - dei som lyt ut or kommunen for å arbeida.

Slik kjem me til det andre argumentet: Bompengar er å taka endå meir pengar på dei som frå fyrr av nyttar mest på reising til arbeid. Ein person som bur i Meland og pendlar til Bergen må ut med minst 1300 kr i bompengar til Bergen Bompengeselskap, attåt tusundtals kronor til drivstoff. No må desse leggja ut for endå ei bompassering.

Dimed kjem med til sluttpoenget: Bompengar er usosialt. Det er ei avgift som råkar hardast dei som hev minst å rutta med frå fyrr av. For sume er ein tusundlapp mindre i månaden ikkje so mykje, men for dei som slit med å få



endane til å møtast økonomisk kann det vera nett det som vantar på å få rekneskapen til å gå i null.

Kann henda eg skulde ha kome med eit fjerde argument: Bompengar er å straffa dei som hev valt å flytja ut frå Bergen for å busetja seg i Nordhordland. Å vera dagpendlar til Bergen kostar ikkje berre mykje pengar, det tek mykje tid med. Ein lyt tidleg opp for å sleppa å stå fast i køen inn mot byen og det er myrkt når ein endelegt er heime att. Det er ein pris å leggja ut for å få bu i Meland og arbeida i Bergen, og det er at det aller

meste av dagen gjeng med utanfor heimen. Ein dagpendlar ofrar mykje for at familien skal få høve til å bu utanfor byen. Kvifor skal ein då få bompengar på toppen av det heile?

Den 11. februar skal kommunestyret i Meland røysta yver bompengepakka. Lat ikkje politikarane få døy i syndi!

Innlegget stod på prent i lokalavisa Strilen den 4. februar 2015. Det enda med at kommunestyret sa nei til den bompengefinansierte Norhordlandspakka.

Nei til eigedomsskatt

Av Olav Torheim

Eigedomsskatt er ein uting. Kvifor kann eg hevda det?

For det fyrste av di eigedomsskatt, i motsetnad til formueskatt, ikkje er ein skatt på noko som folk hev til yvers etter at alt anna er lagt ut for. Tvert imot, i våre dagar er det dei færraste som verkelegt "eig" sin eigen bustad, huset er snarare kjøpt for lånte pengar. Attåt renter på banklånet lyt folk altso svara ein skatt på verdier som dei i røyndi ikkje eig.

For det andre so er bustadskatten eit symptom på at staten gjev kommunane stødt fleire oppgåvor utan å tilføra dei pengeresursane som trengst for å løysa oppgåvone. Um ikkje denne problematikken vert teken tak i, so kjem det berre til å verta verre med tidi: Med den varsla kommunereformi, so skal fylkeskommunen leggjast ned, og det vert sagt at store og robuste kommunar skal yvertaka fylket sine arbeidsoppgåvor. Men kommunen kann i motsetnad til staten ikkje krevja inntektsskatt eller formueskatt. I vekstområde som Nordhord-



land heiter det at den varsla storkommunen kjem til å verta nøydd å finansiera endå fleire arbeidsoppgåvor med flat innkrevjing av kommunale avgifter, bomringar og bustadskatt.

For det tridje, og det er kanskje det viktigaste argumentet, so er det å byggja ein heim er noko som styresmaktene burde premia, ikkje noko ein burde skattleggja. Det er nok av familiar som gjeng i

uppløysing og fødselsrata åt norske kvinner ligg på 1,8, altso godt under reproduksjonsnivå. Nokon lyt arbeida og svara skatt i framtidi med, og den duble skattleggingi som eigedomsskatten legg upp til er ingen god samfundsøkonomi på litt lengre sikt.

Innlegget stod på prent i lokalavisa Strilen den 4. mars 2015

Intervju med Moshpit

Av Ornella Winter

Nasjonalsinna hardkjernerock og metallkjernemusikk er å tå verta stort ute i Europa. Framfor alt i Italia, Ungarn og Tyskland er det vokse fram ei stort kringvære med musikkgrupper av dette slaget. Me hev teke oss ein prat med tyske Moshpit, ei av dei leidande gruppone innanfor genren.


-Fyrst, fortel oss litt um Moshpit. Korleis vart gruppa til og korleis kom de på ideen um å laga nasjonalsinna metallkjernerock (metalcore)?

Moshpit vart i grunnen skipa alt i 2001, or restane frå ei onnor gruppa i Altenburg (Thüringen). Me kom snøgt i gang med å skriva eige låtmateriale - endå um dei fyrste upptaki våre er meir for god, gamaldags hardkjernerock enn for metalcore å rekna. Me hev stødt vore gode vener med gruppa Brainwash, og i 2002 vart bassisten deira med på å komplettera oss til ei gruppa som kunde stå på scena. Me heldt sidan mange konsertar i Tyskland, jamvel i Belgia og Spania kunde ein uppliva Moshpit i livande live. I 2004 kom det ein kløyvd EP med oss og ei onnor gruppa, Path of Resistance. På denne EP'en so finn ein nokre demo-upptak frå denne fyrste tidi.

I 2005 fekk me ny gitarist og gruppa byrja atter frå grunnen av. Frå no av vart musikken meir profesjonell og førde oss til slutt til debutalbumet "Mirror of an unbroken faith". Denne plata kom ut på det nyskipa OPOS Records. Stutt tid etter at upptaksyktene var ferdige, so fekk me oss ein andregitarist, som ein kann sjå på den fyrste musikkvideoen vår. I år 2008 kom det ein kløyvd CD, "One Family Part II", med fire nye singlar frå gruppa og ein live-video med titelen "Revolt from within".

Ikkje lenge etter, tidleg i 2009, so skilde me lag med songaren vår og gav oss ut på konsertferd i utlandet - der vener frå gruppone Burning Hate og Brainwash var med og hjelpte oss med songen. I 2011 gjekk me i studio og gjorde upptak til albumet "We carry the heart". Me var då so heppne at me fekk med oss den tidlegare songaren å den ungariske gruppa Voice of Justice. På denne plata vart musikken hardare, samstundes vart songen lettare å lika.

Alt medrekna so kann ein segja at Moshpit var ei av dei fyrste gruppone som freista driva med politisk metalcore.



Tanken attum var å gå nye vegar for å gjera folk oppglødde yver ideane våre. Me vilde rekkja ut handi til europeisk ungdom som ikkje hadde noko å henta i dei vanlege, nasjonalsinna subkulturane. Det gjorde me rett i: Både musikalsk og politisk so hev me lukkast, og det motiverar oss til å gå vidare på denne vegen.

- Korleis vil de skildra musikken dykkar for folk som enno ikkje hev høyrte dykk?

Musikken vår er ei blanding av metallmusikk, hardrock og hardkjernerock - som ein kann lyda til på mange ulike abstraksjonsnivå. Det er ikkje so godt å setja ord på, sidan musikken vår er påverka av mange ulike musikkstilar. Soleides hev me greidd å skapa vår eigen stil, samstundes som me stødt er i stand til å yverraska. Til nye lydarar vil eg segja at det greidaste er å høyra musikken vår og sjølv gjera seg upp ei mening.

-Kva er den viktugaste bodskapen som de vil formidla gjennom musikken dykkar? Og kor sterkt er musikken merkt av verdsbilætet dykkar?

Den viktugaste bodskapen i musikken vår lyder: "Til barrikadane!" Målet vårt er å vekkja upp lydarane våre. Di fleire menneske som musikken vår kann setja i rørsle i kampen mot rikmannsvelde, urett og verdeforfall, di betre. Musikken vår er 150% merkt av verdsbilætet vårt, endå um tekstene våre ved fyrste blick kann verka harmlose nok.

-Kva for andre musikarar hev påverka dykk?

Kvar gruppedlem hev si

musikalske forhistorie, so ein kann fyrestella seg at det er etter måten mange påverknadskjeldor som møtest i Moshpit. Um det skulde vera At The Gates, Stone Sour, Until The End, Atreyu, Richard Wagner, Johnny Cash eller Ian Stuart...me høyrer på alt moglegt. Frå metallmusikk, hardkjernerock, punk - og vidare til rock av både det upolitiske og antikommunistiske slaget - og so klassisk musikk då. Moshpit auser or tallause musikalske kjeldor, me let oss kveikja av alt dette.

-Det som eg tykkjer er sers bra med dykk: De lyder ofte som eit heilt "vanlegt" metalcore-band på sers høgt teknisk nivå, og likevel er de noko heilt anna. Trur de at de kann nå lengre ut til eit ungt publikum enn det som dei tradisjonelle, tjodlynde musikkgruppone hev gjort?

Heilt klårt. Dei fleste ungdomane i Tyskland hev vorte uppseda på ein slik måte at ryggmergsrefleksen skal slå til med ein noko framstår som litt "på kanten". Slik syter ein for at alt som skulde koma til å minna um nasjonalisme straks vert putta i ein "høgreorientert" bås. Dessutan er det ikkje til å stikka under ein stol at mykje av den vanlege, nasjonalistiske musikken er dårleg produsert og med tekster som ikkje stikk serlegt djupt.

Det er einast råd å nå ungdomen når ein måtar seg etter hovudstraumen, pakkar bodskapen inn i noko som kjenner seg litt kjent og trygt. Ein lyt snika seg inn under dei åndelege barrierane i samfundet, skal ein klara nå inn i hovudi til folk med ein bodskap. Då kjem det sers

godt med at ein hev ein kvalitativt høgverdig produksjon.

-Kann de fortelja litt meir um konseptet attum "We carry the Heart" frå 2012? Kva er det som det sviv seg um?

Hjarta er symbol for liv, blod, kjærleik til eige folk - og alt dette spelar ei stor rolla i "We carry the heart". Det er hjarta åt revolusjonen. So lenge det enno slær, so lenge me held fast på det og ber det med oss, so er ikkje kampen tapt. Albumet tek fyre seg emne som politisk kamp, kringvævern, sunt næringsopp- tak, saga, medisin, rikmannsvelde og globalisering.

-Det hev vorte sagt at "hardcore is more than music". Det sviv seg um eit levevis, ein vil ha sunn mat, reint vatn, rein luft.. Ja, kvifor ikkje eit sunt og fritt folk med? Eg vilde sagt at det å vera rakkanta hardkjernemenneske ("straight edge") og nasjonalist ikkje berre er moglegt, men snarare det einaste moglege dersom ein fylgjer hardkjernetanken til endes. Kva tankar gjer de dykk um dette spursmålet?

Slagordet "Hardcore is more than music" vart laga av Antifa (eit valdelegt, vinstreestremt aktivistnettverk, red.). Dei freistar på denne måten å halda ei musikkretning for seg sjølve, med di dei er redde for at politiske motstandarar skal få fotfeste der. For oss personlegt, so er hardkjernescena oss komplett likegyldig. Musikken er for oss einast eit verkty. Når det kjem til dette spursmålet, so er me heilt konsekvente.

Mange menneske i denne subkulturen legg seg til ein nonkonform livsstil for å skilja seg ut frå andre ungdomar. Hjø oss sviv det seg ikkje um å skilja seg ut, men um å nå ut, og me vil nå alle. Hovudstraumen i hardkjernerocken høyrer med til musikkindustrien, og der sviv det seg ikkje um Disziplin, sXe, Vegan eller politikk, der sviv det seg um salstal og pengar - svært mykje pengar. For å koma attende til spursmålet ditt, for oss er det nok at ein er konsekvent nasjonalist, då hev ein lagt seg til ein levemåte som kann verta hard(core) nok :-).

-Når ein vil etablera seg som kunstnar eller muskar, serskilt opposisjonell muskar, so møter ein ofte på utbjodingar og vandskar. Kva slags vandskar hev de havt og korleis hev de yvervunne deim?

Det største meinbægjet er trykket frå styresmaktene. Her kann ein verkelegt tala um eit samrøre millom politikarar, byråkratar og rettsstell som ikkje toler dagsens ljøs. Dette kunde me ha fortalt



Moshpit utmerkjer seg med ein proff og moderne produksjon som ikkje stend attende for nokon andre innanfor hovudstraumen i metallkjernemusikken..

mykje um dersom me vilde gå i detaljar. Av andre kvardagsflokar so kann ein nemna valdeleg vinstreestremisme og mediehets, og likeins intrigemakarar i eigne rekkjor. Dessutan er tidi som regel for knapp når ein hev ein familie å ta seg av. Men i det store og heile so hev me takla alt. Ein lyt arbeida hardt, og då treng ein både disiplin, viljestyrke og uthald. Det er ikkje nok å vera god, ein må ha viljestyrke og ein me verta den beste.

-Mange av dei norske lesarane våre kjenner ikkje so godt til stoda i Tyskland, men eg trur ein trygt kann slå fast at romet for politisk akseptable ytringar er mykje trongare i Tyskland enn det er i Noreg. I ordskifte kring emne som innvandring, saga og globalisering so sit nazi-stempelen laust um nokon vågar gå utanfor konsensus. Kva slags tankar gjer de dykk um det?

"Nazi"-ordet er eit våpen som makteliten nyttar for å få kvar ein systemkritikar til å tegja stilt. Slik freistar dei å stikka den veksande tyske nasjonalismen i hjarta. Men dette våpenet vert langsamt mindre og mindre kvast. I millomtidi er kvar og ein vorten til ein "nazi", so lenge han ikkje stend for dei same meiningane som vinstresida og liberalmedia.

-I gamle dagar var konsertar med nasjonalsinna musikk mest for ei "løn for strevet" å rekna, noko for folk som var politisk aktive i kvardagen. I dag er det slik at mange reiser Europa rundt for å vera med på tjodlynde konsertar og musikkveldar, men i kvardagen gjer dei lite og inkje. Slik eg ser det so kann ein nå mange med musikken, men det kann berre vera byrjingi og ikkje slutten. Kva slags tankar gjer de dykk um dette?

Som alt sagt so er musikken for oss einast eit verkty. Når dette verktyet ikkje verkar meir, so vert det skift ut. Men framleis verkar det! Du talar um eit problem som helst heng i hop med musikkgruppone sjølve: Dei kjem med ein bodskap som dei sjølve ikkje liver ut, og då vert det ikkje truverdig lenger.

-Er de sjølve aktive på andre umkverve enn i musikkscena?

Me reknar oss for frie nasjonalistar. Faste strukturar er det sers vandslegt å byggja upp her i Tyskland - med moglegt undantak for det nasjonaldemokratiske partiet (NPD), men det er eit tema for seg sjølv. Dei seinaste åri hev påtrykket berre auka på frå statlegt hald. Det kjem kor som er ikkje til å stogga oss frå å gå vidare på den vegen me hev valt.

-Kva tykkjer de um Noreg? Kann de tenkja dykk å koma her ein dag og halda konsert?

Noreg er eit sers vent land, naturi fær oss til å halda pusten. Det hadde vore ei æra for oss å halda konsert i Noreg.

-Kva kann de fortelja oss um det komande albumet? Kva slags tema kjem de til å setja ljøskastarane på denne gongen? Nokre yverraskingar for fansen eller vidare i same tralten som "We carry the Heart"?

Det vert verande ein løyndom. De skal få høyra, når det er ferdugt.

-Eitkvart anna som de gjerne vilde ha sagt?

Me takkar so mykje for interessa de hev synt for oss. Kanskje råkast me på konsert i Noreg, det hadde gledd oss mykje. Europa, vakn upp!

Ein flørt med myrkret

Av Martin Eggum

Finst det noko slikt som vonde ånder og myrke krefter eller er dette berre ovtru? Finst det musikk som kann føra sarte sjeler rett ned i avgrunnen? Mykje hev vorte sagt og skrive um rockemusikken sin leik med det myrke og ukjende, og skepsisen mot denne musikkformi hev vore sterk i sume krinsar: Frå rockefoten åt Elvis og Beatles - til hardrocken åt Led Zeppelin - og vidare heilt inn i metallmusikken dei seinaste tiåri. Merksendi hardrock og metallmusikk hev fenge frå kristenkonervative i Amerika og frå andre hald kann ein skriva mykje om, men det eg vil koma litt innpå her er mine eigne kjenslor knytte til denne musikken og den myrke stemningi det ber med seg.

Frå Fanitullen til metallmusikk

Frå folkemusikken kjenner dei fleste av oss til Fanitullen. Ei gamal segn frå Hallingdal fortel at det under eit dødelegt slagsmål var Fanden sjølv som sat i kjellaren nedunder og spela på denne slåtten. Fanitullen er ein slått som skal spelast "trollstillt", altså i mynsteret A-E-C#. Tradisjonen segjer at ein skal vera varsam med å spela denne slåtten, for han eggjar til slagsmål. Spelemannen hadde i si tid fleire rituelle funksjonar, meir enn å berre spela til dans, og Fanitullen var ein slått som han fyrst byrja spela når han såg at ein strid ikkje hadde von um ei fredeleg løysing. I motsett fall spela han gjerne ein gangar kalla "Meklaren".

Dei fleste av oss hev nok kjent at det gjekk kaldt nedetter ryggen på oss i ein eller annan ukjend situasjon, og kanskje er det faktisk myrkret sjølv som helsar på? Eg trur i grunnen ikkje at det faktisk finst einkvan i underverdi som lokkar til seg veike sjeler, men eg trur nok absolutt det finst ei kraft der ute ein må passa seg for. Men med å passa seg for myrkret so meinar eg ikkje å forkasta det, men å balansera det, for eg trur det kan liggja mykje der som gjev ein eit rikare sinn. Denne krafti eller myrkret som eg talar um opplever eg sjølv meir som ei sinnsstemning enn som noko anna, og denne stemningi finn eg att i metallmusikk. Kann det vera at Fanitullen råkar fleire nervar hjå sume av oss enn det gjer hjå andre?

"Ittekårt dao han skjøna ke so va pao fere, hildi han seg fø bringao å ba ti vaor Herre.

Ai likbør va pao veg.

Bondn ondrast ken følgje fø va, dao bəri kom nerare fekk han svar.

Oppi kjistao laog grandn sin far, likblaike, velstelde, daue han va."

Her eit utkast frå låta Likbør av Windir frå Sogndal. Dette er ei av mange tekstlinor som fær det til å gå kaldt nedetter ryggen på meg.

Sidan tidleg i ungdomsåri so var det metallmusikk som galdt for meg, og so godt som einast det. Det var klassisk hardrock frå 60/70-talet og tungmetall frå 80-talet som skulde ta meg til musikkformi svartmetall. Ho hev vore med meg godt inn i vaksen alder, og truleg held det fram slik livet ut. No lyder det kannhenda som um svartmetall er alfa og omega for meg, og slik er det ikkje. Likevel er det ingen tvil um at det er noko eg set pris på som eit tilskot til det elles traurige livet ein må liva.

Livet kann ofta vera vanskelegt, for sume kann musikken vera ein måte å koma seg igjennom dette på, henta fram att dei myrke og kompliserte kjenslone og arbeida med dei - jamvel når det sviv seg um emne som krig, vald, mord og død. Men ikkje berre det: No når eg sit i vaksen alder og reflekterar over kor altumfemnande metallmusikken var for min part, so undrast eg på um det ikkje fyrst og fremst sveiv seg um eit underliggjande ynskje um ein stad å høyra til, ein lengt etter noko eksklusivt som ikkje var for kven som helst.

Ei attervending til det naturlege og grunnleggjande

Sume dreg kann henda på smilebandet når dei les dette, og ser fyre seg at eg godt inn i vaksen alder framleis sit på guteromet millom hardrockplator og teikneseriehefte. At myrke krefter kann nå eit sinn kann nok dei fleste vera med på - men vert det ikkje litt for banalt når eg dreg ei lina derifrå til ei musikkform fylt med klisjear og pubertale tekster - som høyrer til ei musikkform som for lenge sidan er vorti kommersiell storindustri?

Nei, det er ikkje gull alt som glimar - eller glitrar som det gjerne gjorde på 80-talet. Det gjeld her som elles å vera kritisk og sjå kva det er som stikk litt djupare. Det som er sikkert er at musikken i form av denne sjangeren gjev meg ein sinnstemning eg ikkje finn nokon annan stad i livet. Det er nok til å tru at myrkret har synt seg i ei av sine mange drakter.

Eg kunde ha plukka tekstlinor og døme frå heile verdi, men eg held meg i denne teksti til Norden. Mange nordiske svartmetallgrupper nyttar seg av sogor, segner og ein brutal natur som vår part av Europa er kjend for. Skandinavia er som mange veit verdskjent for sine metallakter frå tidleg 90-tal. Desse

var med på å setja standard for ei heil bylgje, um ikkje ein heil sjanger:

"As the Darkness creeps over the Northern mountains of Norway

And the silence reach the woods

I awake and rise... Into the night I wander

Like many nights before, and like in my dreams, but centuries ago"

Tekstlina er henta frå Notodden-gruppa Emperor, her med låti "Into the Infinity of Thoughts". Dei spelar på mystikken ein finn i den norske naturen, det hev noko dystert og drøymande yver seg. Kanskje er denne draumen meir sentral enn eg lenge hadde trudd? Ein slags dagdraum, ei avkopling frå A4-kvardagen? Noko andelegt er det i alle fall som pirrar sinnet og tek ein med på ei ukjend ferd, vekk i frå eit kvardagslegt program som ikkje hev plass til draumar.

Det som i alle fall er sikkert og visst er at det moderne samfundet hev skapt eit skilje millom menneske og natur som berre vert større. Mennesket hev skapt seg eit kunstig kringvære som det sjeldan gjeng utanfor, og dette kunstige kringværet påverkar oss i neste umgang like mykje som me i fyrste umgangen hev påverka naturen ikring oss. Men kanskje miste me noko av oss sjølve i alt dette? Kann henda kjenner me ein lengsel etter å finna attende til vårt naturlege element?

Er den stemningi som sume grupper klarar å mana fram ein lengsel etter noko å tru på, i minsto ein meir meningsfull samheng å plassera seg sjølv inn i? Ein stad å høyra til? Kan det tenkjast at denne kjensla som eg freistar setja ord på faktisk er noko som var meir til stades i ei tid då folk var meir i kontakt med naturen og det andelegt? Eg er sanneleg ikkje sikker, men med "Det som engang var" av Burzum på øyra, vandrane i guds frie natur, gjev meg ei stemning som ikkje er frå denne verdi.

Å øydeleggja for å kunna skapa noko

For å venda attende til kritikken mot metallmusikken som eg nemnde innleidingsvis, der mykje metallmusikk vart skulda for å vera ein slags "satanmusikk". Ein lyt fyrst stella seg det grunnleggjande spursmålet: Kva er det som er godt og kva er det som er vondt? I mange lovreligionar er det slik at folk aldri verkelegt tenkjer yver slike spursmål, for det sviv seg einast um å underkasta seg ein autoritet. Det som er godt er det som er Guds vilje, og alt det andre er av det vonde. I den

nedervde norrøne trui var det derimot ikkje slik. Det næraste ein kunde koma dei "vonde" maktene i norrønt verdsbilæte var vel jotnane, desse var mentale bilæte på dei ville og utemde naturkreftene - kaoset - som menneske og gudar laut kjempa imot. Men det galdt um å temja og utnytta desse kreftene, ikkje å nedkjempa dei.

Og slik er det alltid i eit samfund, ein treng både ein viss orden og eit visst kaos. Eit fullstendig regelstyrt og ordna samfund er dømt til å stagnera, medan det i eit samfund med berre kaos og rot aldri vil vera råd å byg-

gja upp noko varande. Å skapa noko nytt heiter samstundes at noko av det gamle må rivast ned. I hardrocken og metallmusikken finn ein nett denne freistnaden på å sameina orden og kaos. Bråkemusikk og støy kallar sume det, men for det trenn øyra er det noko meir. Det krevst aktiv lytting og abstraksjon-snivå, men for dei som maktar å koma inn i denne musikkformi so er det ikkje berre musikk, det er praktisk tala å filosofera med hammaren (eit poeng som svartmetallgruppa Gorgoroth med "Destroyer" greidde å laga eit heilt konseptalbum ut av).

For å avslutta so vil eg segja at metall-musikken er ein måte å opna sinnet sitt for sidor ved menneskelivet som visseleget kann kjennast fårlege og trugande, men som er der og som me må læra oss å liva med. Det er ikkje for alle og det er ikkje til å kimsa av, og det kann vera fylt med både sinne og øydeleg-gingsvilje, men nett difor utløyser det samstundes ei skaparkraft og ein sjølvhev-dingsvilje som er verdfull og som me treng der-som me skal koma vidare i livet.

Manowar - episk krigarmetall med vikingperspektiv

Av Megan Leo

Når ein tenkjer på tungrock, so ser ein kanskje fyre seg sinte menn i skinnjakkor og med langt hår. Kann henda køyrer dei motorsykkel og trulegt drikk dei ovstore mengder med øl. Sumtid er desse bilæti kanskje ikkje so langt frå røyndomen, men samstundes er tungrocken so mykje meir enn berre dette. Denne gongen skal me taka fyre oss Manowar.

Kvifor Manowar? Manowar er for sume metallgruppa framfor alle, metallgruppa med stor M. Dei likar både skinnjakkor, motorsyklar og groupies, og dei spelar kjempehøg musikk. Ja, dei held jamvel ein Guinnessrekord for å ha spela høgare enn nokon andre. Alt dette er ting som neppe kjem som nokor yverrasking på nokon, korkje for dei som høyrer på metallmusikk eller for dei som mislikar musikken eller som beint fram er heilt uinteresserte.

Episk krigarmetall med vikingperspektiv

Men det er meir med Manowar som me kann tala um, serskilt i eit høgorskblad som tek fyre seg kulturelle og historiske emne. Um me gjeng Manowar-tekstene nærare i saumane, so ser me at mange av dei tek fyre seg norrøn mytologi - og dei gjer det på ein måte som både er rørende og kveikjande. Dei hev laga eit heilt studioalbum som er tileigna Odin, "God of War".

Ikkje berre tekstene, men musikken med, hev noko episk og triumferande yver seg. Det kjenner seg som ein fer ridande inn mot slagmarki, reidug til å kjempa og sigra - eller døy med sverdet i handi og verta henta til Valhall.

På plateumslaget åt "God of War" er alle tekstene skrivne i runar. Songane hev titlar som "Sleipnir", "The Blood of Odin" og "Loki, God of War". I songteksti åt "Sons of Odin" heiter det:

*"Sons of Odin we fought
By the hammer of Thor
Ride down from the sky"*



Manowar syng ofta um norrøne gudar, likevel er tekstene mest for fantasi-fyll å rekna. Ein kjenner på mange av dei krigerske sidone ved den norrøne mytologien, men det vantar ein djupare og meir spirituell dimensjon.

"Gods of War" er ei etter måten ny plata, ho kom i 2007. Manowar tok kor som er til å skriva um norrøne emne alt i 1983. På plata "Into glory Ride" hev dei ei låt som heiter "Gates of Valhalla":

*" All those who stand on shore
Raise high your hands to bid a last
farewell to the Viking land.
Death's chilling wind blows through my hair
I'm now immortal, I am there
I take my place by Odin's side"*

Her med ser me at det er perspektivet åt viking-krigaren som danar kjernen i songteksti.

Tungrock mot tidsånd

Ein kann velja å tolka Manowar-tekstene som rein fantasi, som eitkvart som lyder tøft og

høvelegt til tungrock, og ferdug med det. Men eg tykkjer - som nemnt innleidingsvis - at det svis seg um meir enn berre det:

Me liver i ei verd der menn og gitar stødt oftare vert taparar i samfundet. Feminiseringi av samfundet hev ført til at menn vert pressa inn i ei historisk sett unaturleg rolla der ein berre skal vera roleg og snild. Smågitar skal ikkje få lov å slåst eller skrika ute, dei skal vera like rolege og snilde som gjentone - utanam fotballspel då, men det er vorte noko som gjentor med skal driva med.

Å leika krig er vorte fy-fy, det vil ikkje dei vaksne vita av. Å stå med sverdet i handi og kjempa for det ein stand for er soleides ikkje verdiar ein fær læra seg lenger. Kor som er, krigarverdiane var og er heilt sentrale i den indoeuropeiske fyrestellingsverdi (jamfør Georges Dumezil sin trifunksjonalitetsteori), og i inst i sjeli so kjenner mennene framleis ei lengsla etter å liva og kjempa for noko større enn dei sjølve.

Eg vil gå so langt som å segja at det å lyda til episk tungrock av Manowars kaliber kann lokka fram att dei tynte mannlege krigarkjenslone - og at dette er mykje av grunnen til at gruppa er vorti so umtykt. Men ikkje berre menn, jamvel damor kann nytta sovoren musikk til å vekkja fram att den indre krigaren i seg. Helder ikkje for oss er det i lengdi naturlegt å liva i eit tilstand der alle berre skal måta seg etter kvarande, vera snilde og greide til kvar tid og einast gjera det som me vert fortalde. Inst inne so lengtar me òg attende til ei onnor verd, verdi slik ho ein gong var - den gongen me livde i pakt med naturi, den gongen båtane var av tre og mennene av stål:

*"Stand and fight
Say what you feel,
Born with a heart of steel"*

Innvandringsordskiftet treng perspektiv

Av Olav Torheim

Terroråtaki i Paris og Pegida-demonstrasjonane i Dresden hev sett innvandring og islam attende på dagsetelen. Men kjem den nye debatten til å verta meir meningsfull enn det tidlegare ordskifte hev vore?

Spursmål kring innvandring og integrering - og ikkje minst muslimar og islam – hev vorte diskutert heile vegen dei seinaste åri. Problemet slik eg ser det er at dette ordskiftet gjeng i ring. Det endrar ikkje dei politiske føresetnadene og det leder ikkje fram til nokor løysing, og det medan problemi berre veks.

Kor som er, endå ordskiftet kan henda hev stått i ro den seinaste tida, so hev ikkje det norske samfundet gjort det.

Det er nok å nemna nokre fåe moment:

1. Noreg er ikkje lenger skjerma mot dei økonomiske problemi i verdi utanfor. I 2008 slapp me undan den økonomiske krisa som resten av Europa opplevde, det hadde me eine og åleine oljepengane å takka for. No uppliver Noreg at OPEC-landi medvite gjeng saman om å skru ned oljeprisen. Dei pøser so mykje olje som råd ut på marknaden, nett av di dei vil at eit land som Noreg ikkje skal makta tena pengar på å opna nye oljefelt. Investeringsane i Nordsjøen og på land vert kutta ned på, men framandarbeidarane som me "trong" vil ikkje reisa heim att når dei ikkje lenger hev arbeid. Dei vil heller verta i Noreg og gå på NAV.

2. Partiet som vart sagt å vera innvandringskritisk, FrP, hev vore i regjering sidan hausten 2013. Det finst ikkje lenger nokon opposisjon i Noreg som misnøgja med innvandringspolitikken kann kanalyserast inn i.

3. Innvandringi til Noreg er vorti rekordstor. Det kjem mest 80.000 menneske til Noreg kvart år. Det heiter at ein by på storleik med Tromsø lyt byggjast kvart einaste år for å gjeva plass til alle dei nye menneski. Det store presset i byar som Oslo og Bergen heng beinveges i hop med masseinnvandringa. Noreg er millom landi i Europa med den største storbyekspansjonen.

4. Det store presset i byane gjer det ikkje berre verre for ungdom og folk med dårleg råd å etablere seg på bustadmarknaden. Det er med og driv fram ei sentralisering av Noreg som det i gamle dagar var politisk semje um at me ikkje vilde ha. I Dagsnytt 18 hevda nylegt ein representant for NHO at Noreg kjem til å få 7 millionar menneske innan 25 år og at mest all denne folketalsvokstern kjem i dei store byane. Dei vilde difor at samferdselspolitikken vart lagd om til å prioritera samferdsel i storbyane. Dette er ei utvikling som dei ser



kjem og ein lyt berre ta konsekvensen av dette, meiner NHO.

Den nye kommunestrukturen som er varsla ber bod om det same: Endå meir sentralisering kring dei store byane. Kommunane skal fyrst og fremst vera store, effektive tenesteleverandørar. Det lokaldemokratiske perspektivet i debatten er vorte heilt fråverande. Ingen tek seg bryet med å lyfta fram dei interkommunale samarbeidstenestene som faktisk hev fungert godt, som til dømes NGIR i Nordhordland. Lokaldemokrati og regionalt samarbeid er på veg ut, byråkratisering og endå sterkare politisk toppstyring er på veg inn.

I 2007 gjorde danske styresmakter det same some styresmaktene i Noreg vil gjera, dei la ned fylki og slo kommunane saman til store einingar. No syner ein fersk forskingsrapport at reformi hev ført til mindre lokaldemokrati. Når einingane vert større, lyt politikarane nøgja seg med å leggja råmeverk og taka generelle avgjerder. Dei konkrete avgjerdene vert yverlatne til byråkratar, og dette endå me veit at det er nett dei konkrete sakene som engasjerar borgarane ("Danske politikere mener storkommunene har svekket demokratiet", ABC Nyheter 03.12.2013).

Innvandring driv fram sentralisering

Regjeringspartii Høgre og FrP vil leggja ned fylkeskommunane. Sogn og Fjordane Fylke, Noregs einaste reine nynorskfylke, kann gå tapt som fylgja av denne sentraliseringa. Dei seier at Staten og kommunane skal overta fylkeskommunen sine arbeidsoppgåver, men alle veit at det til sjuande og sist er Staten som kjem til å ta yver flestalle dei viktige arbeidsoppgåvene. "Det er ikkje adressa di som skal avgjera kva slags tilbod du skal få", var i si tid argumentet som vart nytta for å lata Staten taka sjukehusstellet frå fylkeskommunane. Er det nokon som trur dette argumentet kjem til å verta nytta med mindre tyngd når ordskiftet tek til um kven som skal yverta vidaregåande

skular, vegnett og tannhelsestell?

Noreg er eitt av dei mest sentralstyrde landi i Europa og slik kjem det til å verta etter kommunereformi med. Det vert ei politisk leiding på nasjonalt toppnivå som legg råmeverket, vidare nedetter i hierarkiet og utetter i distrikti kjem byråkratar til å styra. I endå større mun enn tidlegare kjem viktige avgjerder til å verta tekne yver hovudet på det store, tause fleirtalet.

Kvifor nemner eg alt dette? Me kann ikkje forstå ei ovring utan å setja henne inn i ein samheng. Dei store demonstrasjonane i Tyskland ber bod um at noko er på gang i Europa, men å einsidig gjera det til eit spursmål om muslimar og islam – slik sume er snøgge med å gjera i dag – det vert ikkje rett.

Det sviv seg om meir enn berre islam

Dei innvandringsrelaterte problema me ser i Noreg og Europa i dag knyter seg til meir enn berre islam. Ja, mange av dei hev fint lite med islam å gjera:

Når austuropeisk arbeidsinnvandring gjer næringsverksemda ulønsam for norske handverkarar, då hev det med EU og EØS-avtala å gjera, ikkje med islam.

Når austuropeiske bygningsarbeidarar lyt bu i brakker halve året, arbeida svart og ta til takke med arbeidsvilkår som gjer heile bransjen useriøs, so hev det ikkje noko med islam å gjera.

Når ein utvist asylsøklar frå det kristne Sør-Sudan gjekk til massakre på Valdreskypressen, so hadde det inkje med islam å gjera.

Når høgrepopulistar vel å gå til frontalåtak på islam, øydelegg dei samstundes for eit mogleg samarbeid med moderate muslimar - med minoritetsgrupper i muslimske land, som kurdarar, alawittar og ahmadiyah-muslimar. Ein let den mest imperialistiske og einsretande varianten av islam, salafismen, få definera kva islam rettelegt er.

Me ser at mange innvandrarrar kjenner seg rotlause her i Vesten, det er gjerne i jakta på ein identitet at dei søkjer seg til den mest ekstreme forma for islam. Samstundes hev ein unge muslimar som fær smaken på fridomen i Vesten, men som vert haldne attende av eigen familie - slik æresmorda er krasse døme på.

Og når IS hev fenge etablere seg i Irak og Syria, so er det nett av di vestlege land hev gjenge inn og destabilisert dei sekulære regima som var der tidlegare.

Slik eg ser det er det ikkje kulturane sjølve, men globaliseringi med sin marknadsliberale monokultur, som er det grunnleggjande problemet.

Europearar kjenner ei ålmenn uro

Ei etterrøking som Universitetet i Dresden hev gjort syner at det store fleirtalet av Pegida-deltakarane heller ikkje er serskilt opptekne av islam, dei gjeng til gatene for å syna fram ei ålmenn misnøya med styresmakterne og med media ("Studie über Pegida-Teilnehmer: In Dresden marschiert die Mitteilerschicht", Der Spiegel, 14.01.2015). Dei hev sett skrifta på veggen og er urolege for å missa

yrtingsfridomen og velferdsrettane sine. So lenge ingen torer å sjå det større biletet, so vert det ikkje mindre grunn til uro i tidi som kjem.

Vil me gjera noko med problemi, lyt me ta tak i årsakene. Då er det globaliseringi som lyt upp til ordskifte, ikkje berre islam.

Innlegget hev i tur og orden vorte sendt til Dagbladet, VG, Aftenposten, Dagsavisen, Klassekampen, Morgenbladet, Dag og Tid,

Bergensavisen, Bergens Tidende Stavanger Aftenblad, Fedrelandsvennen, Adresseavisen, Nordlys, Tønsbergs Blad, Haugesunds Avis, Varden, Telen og Sunnmørsposten og Norge Idag. Med undantak for Norge Idag, som prenta det den 6. februar, so var ingen viljuge til å ta det inn. Ein versjon nedstyttla til det halve vart til slutt teken inn i Vårt Land og prenta den 16. februar 2015.

Eit tidsskrift for dei innvigde

Av Stig Andresen

The Initiate : Journal of Traditional Studies – issue #2 : fall 2010 / David J. Wingfield (redaktør) . - Milton Keynes : Arktos Publishing, 2010 – 130 s. ISBN 978-1-907166-05-1 (hf.)

Det er diverre slik at mange lovande idealistiske blad og tidsskrift kjem ut i eit nummer elder tvo - og so er dei burte att like snøgt som dei dukka upp. Tidsskriftet The Initiate vart ikkje noko undantak frå dette. Tvo nummer kom det i alt, men desse tvo nummeri er so gode at dei fortener å ikkje verta gløynde. Fyrste nummeret vart i si tid grundig umtala av Jørgen Exenberger i Kultorg nr. 1, årgang 8. Andre og siste nummeret tek eg fyre meg i dette stykkjet. Det er etter mitt syn det klårt beste.

Bladet byrjar med ei innleiing av den engelske redaktøren David J. Wingfield, der han millom anna tek upp «slag» som tradisjonelle hev vunne i våre dagar. Det svarar hugen å sjå at redaksjonen hev valt seg eit positivt fokus, klaging rårar ein på ofte nok i sovorne krinsar. Heftet minner på mange vis um den amerikanske utgjevingi Tyr: Myth - Culture - Tradition, som til dessar hev kome ut i fire utgåvor.

Frå gamalegyptisk religion til europeisk klostertradisjon

Den velkjende Evola-umsetjaren Sergio Knipe hev ein artikkel der han tek fyre seg gamalegyptisk religion. Um det finst nokon slags religion som trygt kann kallast for daud, so må det vera den gamalegyptiske tradisjonen - som ein må ty til arkeologi for å kunna rekonstruera. Knipe sin artikkel ber namnet Egyptian visions of decay, han er eit forfriskande pust «frå sud». Knipe freistar framhevja at dei gamle egyptarane hadde ei syklisk tidsoppfatning, og den gamalegyptiske sogeskrivingi er merkt av dette. Vidare tek Knipe upp det faktum at egyptiske



mystiske skriftor påverka mykje av den seinare europeiske mystikken, og slik vert den egyptiske tradisjonen likevel ikkje so framand for oss som ein fyrst skulde tru. Knipe syner oss sambandi som fanst og som batt trådane saman yver Millomhavet i gamal tid.

Robert Bullen fylgjer dinæst på med ein artikkel um nymonastisisme. Ein nymonastisist søkjer seg attende til eit liv i tråd med det gamle klosteridealet - burte frå sivilisasjon og masse menneske. Bullen tek fyre seg ulike former for monastisk liv og tankegang som hev merkt Europa framigjennom tusundnåri. Han freistar ettervisa eit samband frå denne gamle tradisjonen og fram til ideane åt Troy Southgate og hans National Revolutionary Faction frå 1990-talet. For dei fleste er det nok eit langt hopp frå radikal kristendom til sokalla odinistiske identitetsrørslor i USA. Bullen ser likevel parallellar, sidan dei bae freistar byggja upp autonome regionale og etniske motkulturar. Slik skaper dei ein monastisk "tilfluktsstad" for folk som er i utakt med det moderne samfundet.

Japanske krigsprotokollar

Bladet rundar av med ein etter måten vågal artikkel av av Karlo Z. Valois. Han

hev det råkande namnet War protocols. Her tek han fyre seg dei ulike læresetningane i teksten Budo Shoshinsu. Dette er ei lærebok for unge samuraiar på 1600-talet, der dei greier ut um grunntesane i Bushido - den andelege vegen for krigarane:

«In short the teachings were oriented towards maintaining the dominance of the superiour elements of society, which are pure, independent, detached, solar, royal, direct and masculine, over the inferior, which are attached, dependent, lunar, reflective, dark and feminine.» (Karlo Z. Valois i «War protocols» på side 116).

Desse krigsprotokollane krinsar kring det som ein kanskje kunde kalla «det essensielle» ved eksistensen til krigarkasten. Valois syner til at ein i det tradisjonelle japanske samfundet so hadde det andelege hovudprioritet, og det fanst etablerte institusjonar som ein kunde gå igjennom og verta innvigd i høge åndelege innsyner. I dag er alt dette burte, me er i staden atomiserte til rotlause einskildindivid - utan tilknytning til korkje jord, ætt elder det som er større og høgare enn menneski.

Eit verdfullt tilskot i kulturkampen

Av andre trøysame artiklar kann eg nemna stykkje um hinduisme og sufisme - og ein artikkel um europeisk heksetradisjon (sistnemnde artikkel held diverre ikkje det same høge nivået som dei hine stykki). Bladet er elles fylt med både film-, musikk- og bokmeldingar. Endå um det ikkje vart noko meir enn tvo utgåvor av dette tidsskriftet, so er det tvo verdfulle nummer med artiklar som stend seg for ettertidi. Det er med dei småe sigrane at kulturkampen sakte kann vendast, og dei tvo nummeri som kom med The Initiate er eit godt tilskot til dette.

Frå vinstre til høgre: Ein vegvisar

Av Olav Torheim



Det vert kviskra kringum sume hushyrne at bladstyraren for Målmannen skal ha havt bakgrunn på ytste vinstre, men at dette ikkje er noko han talar høgt um i dag.

Spursmålet ein kunde stella her vert då, kva er det i grunnen å segja um dette? Eg hev kort og godt gjenge vidare, lagt denne tidi attum meg. Det heiter ikkje at dette er ei tid som eg tregar på, snarare tvert imot. Alt det ein hev upplevd hev på godt og vondt gjort ein til den ein er i dag, og til sjuande og sist ynskjer ingen å vera nokon annan enn seg sjølv. Engasjementet på vinstresida var dei fyrste stegi på den vegen som førde meg der eg er no. Dei einaste som ynskjer å laga eit stort nummer ut or dette er paradoksalt nok dei sjølve er vortne verande i dette kringværet - heilt fram til i dag.

Soga er full av døme på folk som hev gjenge frå kommunisme til nasjonalisme. Det er ikkje noko spesielt. Døme kunde vera Franjo Tjudjman, Werner Sombart eller Alain Soral - utan nokor jamføring elles... Med andre ord er det nok av historiske døme som for dei vrangviljuge trulegt berre er eigna til å avspora ordskiftet... Men kva er det som kann få folk til å gå denne vegen?

Ungdomsupprøret skal koma frå vinstre

For dei som veks upp i dagsens samfund, so er det ikkje so vanskelegt å skyna at eitkvart lyt vera gale. Og når ein er ung, so vil ein gjerne gjera noko med dette. Skal ein vera opposisjonell, so lyt ein vera vinstre-radikal, det er i alle fall det ein vert fortald. Slik byrjar det gjerne.

Men det stoggar ikkje der. For er ein fyrst hamna på vinstresida, so uppliver ein snøgt at det er marxismen som er premissleverandør for alle ordskifte, ein vert fanga inn i dette universet - anten ein vil eller ikkje. Her uppliver ein det paradoksale at jamvel um ein sjølv er ei eldsjel og ein idealist, so er det kald materialisme som danar det filosofiske grunnlaget for engasjementet. Tankar og idear

er berre dei materielle tilhøvi ikring oss som speglar seg att i heilen.

Dette fører til det huglaget at ein tenkjer at læresetningar og idear er noko ein kann endra med di ein endrar den materielle basisen - folket skal kunna uppsedast, styrast i den stemneleidi som dei vinstreorienterte ynskjer. Rå, materiell makt trumfar alle idear. Dei kommunistiske leidarane tenkjer at dei kann velja sitt eige folk, som Berthold Brecht so råkande sa det.

Ein innebygd motsetnad

Det er her det gjerne endar i stalinismen, og at det framleis finst vinstresokter som Tjen Folket er soleides ikkje til å undra seg yver. Men stalinismen hev ei innebygd sjølvmotsegging: Kommunistane skal vera den subjektive krafti i klassekampen, dei skal byggja eit elitekaderparti som skal føra folket frametter. Ein byggjer upp personar som arbeider hardt, lærer å orderordna seg og tener til fyredøme for andre, og ein gong skal dei styra landet.

Dette er i seg sjølv ein stor tanke. Um ein ser på kommunistisk kunst, so hev det noko storfelt yver seg.

Men nei, kommunismen sitt mål er tvert imot at det skal skapast eit egalitært samfund. Det er soleides ikkje noko samsvar millom mål og middel, um ein gjeng den kommunistiske teorien nærare i saumane.

Visst skal partiet taka makti og innføra proletariatet sitt diktatur. Men seinare skal staten døy burt - for med tidi trengst det ikkje lenger nokon stat. Helder ikkje trengst det lenger nasjonar. Lenin såg jamvel fyre seg at det til slutt berre skulde finnast eitt einaste språk.

Um ein byggjer ei strengt disiplinert og sjølvuppoftande rørsle for ein elite, so burde den naturlege tanken snarare vera at denne eliten i neste umgang skal bruka den politiske makti si til å forma samfundet i tråd med dei verdiane dei sjølve er tufta på - altså hierarki, heroisme og elitetenkjing. Den rørsle ein sjølv byggjer upp skal vera framtidssamfundet i miniatyr. For ein tek vel ikkje makti berre for å sleppa denne ned?

Liberalismen hev avpolitisert både høgre- og vinstresida

Kor som er, i det liberale demokratiet er det slik at ingenting nokon gong vert grunnleggjande endra. Um ein ser på valresultati i dei fleste land, so er det mest for ei pendelrørsle å rekna: Det svingar frå høgreliberalt til vinstre-sosialdemokratisk. Høgresida liberaliserar i den eine perioden, vinstresida regulerar i den

neste. Ingen ting kann verta sikra for framtidi, ingen kampar er vunne ein gong for alle.

Jamvel yst på vinstresida tenkjer folk likeins i dag. I Klassekampen var det på slutten av 90-talet eit ordskifte med Magnus Marsdal og Randi Holmelid um det dei kalla for "post-(ml)". Jamvel Håkon Kolmannskog kasta seg inn i ordskiftet med støtteinnlegg for Marsdal og Holmelid. Dei presenterte seg som folk som var oppvaksne med ml-tradisjonen. Dei var framleides for revolusjon og proletariatet sitt diktatur, men dette diktaturet skulde samstundes vera eit "sosialistisk folkestyre", eit liberalt demokrati med fleirpartisystem. Sett frå utsida framstod det heile einast som valds- og revolusjonsromantikk. Ein skulde altså fyrst taka makti med ein blodig revolusjon og etterpå skulde ein berre rekonstruera det borgarlege demokratiet som me alt hev her i dag?

Å verta radikal i ordet si rette tyding

Det vert rekna som radikalt å krevja rein luft og reint vatn, Kvifor ikkje taka konsekvens av dette og krevja eit reint norsk mål og ein sermerkt norsk kultur? Vinstresida er flinke til å føra "kulturkamp", men altfor ofte er det tydeleg at kulturen for desse einast er middelet og ikkje noko mål i seg sjølv. Dei med ei sann interesse for tradisjonar og kultur uppliver soleides at den nemnde "kulturkampen" til sjuande og sist vert for grunn.

Det vert tala um opne grensor og kamp mot all rasisme. Ja, er det ikkje nett det same som den globale kapitalismen i røyndi stend for? Frit flyt av varor, kapital og arbeidskraft. Burt med alle stengsler - språkbarrierar inkludert. Vinstreaktivistane endar med å verta brikkor i spelet åt det systemet som dei trudde at dei kjempa imot.

So til deg som er vinstreaktivist: Sume vilde ha sagt til deg at det er ingi skam å snu. Eg segjer ikkje det. Eg segjer derimot at du treng å koma deg vidare. Um du vågar å sjå forbi det kunstige skiljet millom høgre og vinstre, so ser du at det er folk på båe sidor som freistar gjera motstand mot globaliseringi - motstand mot pengekreftene som ikkje berre trugar oss, men til sjuande og sist alle kultural og folk på jordi. Som vil rykkja oss upp frå gamle seder og stadbunde hopehav og gjera oss til rotlause forbrukarar som er lette å manipulera. Det er moglegt å trakka yver dei ideologiske barrierane, det er moglegt å velja ein tredje veg. Ver med oss du med!

Flokut fleirtalsmakt

Av Olav Torheim

Å vera kritisk til demokratiet er mildt sagt ikkje serleg politisk korrekt. Men kritikken av demokratiet er like gamal som demokratiet sjølv. Platon var til dømes ein sterk demokrati-kritikar.

Kva slags problem finst det so med demokratiet? Um det kunde det skrivast ei heil bok, men eg skal nøgja meg med nokre hovudpunkt:

1. Det fyrste problemet er at demokratiet i seg sjølv er tufta på eit paradoks: Dei styrde skal vera dei som styrer. Ikkje beinveges, rett nok, men med valde målsmenner. Til vanlegt tenkjer ein seg at dei som styrer skal vera dei mest dugande til å styra, altso dei som hev dei beste kvalitetane. Men korleis finn ein so fram til dette? Jau, med fleirtalsmakt, altso med rein kvantitet. Men kva tid var det at ein fekk kvalitet ut frå kvantitet? Demokratisk valde politikarar er gjerne middelmådige og i verste fall duglause, og det siste finn me nok av døme på i kvardagen.

2. Det andre problemet er at demokratiet fortel berre noko um korleis avgjerder skal takast. Demokratisk styreform gjev inkje svar på kvar grensone skal gå for kva staten skal kunna blanda seg inn i og kva han skal halda seg burte frå. Kva for spørsmål skal yverlastast til privatpersonar og skal verta avgjort politisk? Sosialistar vil gjerne at staten skal styra mest moglegt, og slik endar ein i eit fleirtalsdiktatur. Liberalistar vil gjerne at staten skal blanda seg inn i minst moglegt, men det heiter i realiteten at staten vert avpolitisert - der det endar med at pengesterke grupper på eigi hand kann tvinga igjennom avgjerder som burde ha vorte avgjorde politisk med di dei grip inn i heile samfunnsstrukturen.


3. Det tredje problemet er at demokratiet er tufta på ein konfliktmodell der ulike grupper med motstridande interessor skal kjempa imot kvarandre. Demokratiet vert eit sett med sams spelereglar for å føra denne kampen. Dette stend i motstrid til eit tradisjonelt syn på samfundet der dei ulike gruppone treng kvarandre og utfyller einannan. Det verste utslaget er sosialdemokratiet som vil nytta demokratiske metodar til å realisera ein utopi um eit likskapsamfund. Med rå

fleirtalsmakt vil dei umdana heile samfundet i deira eige bilæte. Målet er ein samfundsskipnad der den mest rådrike gruppa i samfundet i praksis hev utradert alle andre - det klasselause samfundet. I forlengingi av denne tankegangen hev ein jamvel den globale utopien um eit mangkulturelt samfund der alle skilnader millom ulike samfund og folk er viska burt. Det finst jamvel akademikarar som hev lagt det teoretiske grunnlaget for ein sovoren etnisk og genetisk sosialisme, med di dei hevdar at etnisk bakgrunn einast er ein "sosial konstruksjon". Dette endå dei fleste uppliver at etnisk identitet berre vert viktugare for einskildmenneske i ei stødt meir globalisert verd.

4. Det fjerde problemet er at det representative demokratiet faktisk hindrar borgarane i å verta politiske aktørar i kvardagen. I staden for å finna samanhengar der ein sjølv kann påverka samfundet ikring seg og faktisk gjera ein skilnad, so skal ein nøgja seg med å putta ein røysetel i ei urna kvart fjerde år - og det rett etter nokre vikor med hektisk valkamp dominert av symbolsaker. Kva slags symbolsaker som kjem upp, det avgjer dei som hev ressursane som trengst til å setja ein dagsetel i offentleg debatt - altso dei som hev pengar og kontroll med media. Dei handfaste sakene som kunde ha engasjert borgarane i det daglege, dei er det derimot byråkratar som avgjer - helst nokre år etter at rikspolitkarane gjorde eit ålment råmevedtak som det er upp til administrasjonane å setja ut i livet, og der politikarane hev for vane å "ikkje kommentera einskildsaker". Eller det vert upp til rettsstellet å taka endeleg avgjerd i saki - etter at dei folkevalde byråkratane fyrst vedtok nokre hundrattals lover og direktiv frå EU som dei aldri tok seg bryet med å lesa...

Folk bør få høve til å påverka mest mogleg av det som hender ikring dei i kvardagen, medan dei bør sleppa å verta spurde um ting dei ikkje hev fyresetnader for å meina noko um ("Fridom i botnen, autoritet i toppen". Charles Maurras). Det parlamentariske demokratiet legg upp til det stikk motsette, og dimed ligg vegen open for alle slags manipulasjonar med folkemeiningi.

Ein demokratisk stat kjem dessutan



heile tidi til å freista taka meir og meir kontroll på alle samfundsumkverve, med di ei sentralisering av makti tvingar seg fram når politikarane heile tidi risikerar å verta skifte ut.

Slik uppliver ein at staten heile tidi pressar seg på. Systemet vert finpussa til å kunna blanda seg inn i stødt fleire ting. Ein sjef kann ikkje styra effektivt utan å stydja seg på andre undersjefar, og det er soleides avgrensa kor mykje ein autoritær statsleidar kann blanda seg inn i livi åt borgarane sine. Det sosialdemokratiske systemet kann derimot blanda seg inn i kvar minste ting og gå rett inn i huset og henta ungene dine. "Folkhemmet" Sverige hev i alle år vore på verdstoppen på nett dette umkvervet.

Grunnane til å vera kritiske til demokratiet er soleides mange, men stutt fortalt so er det dette:

Demokratiet sikrar korkje einskildmennesket sine rettar eller det som er det beste for samfundet. Det skal berre sikra at fleirtalet avgjer, men som regel gjer det ikkje ein gong det. Det representative demokratiet som me hev i dag er tvert imot i utakt med folkemeiningi på ei rad sentrale umkverve. Jamfør EU-saki, data-lagringsdirektivet eller innvandringspolitikken.

Når eg tillet meg å vera kritisk til det liberale demokratiet, so er det altso ikkje av di eg vil ha mindre ytringsfridom, mindre sosial politikk eller færre høve for folket til å verta høyrte. Snarare av di eg vil ha meir av det.

Spred høgorsk lesnad!

På heimflog

Av Olav Torheim

Eg hadde aldri vore serleg glad i å reisa med fly. Fyrst var det innsjekkingi, og so tryggingkontrollane, og heile stresset med å finna seg ein plass på flyet. Men endeleg hadde eg slege meg til ro. No skulde eg berre få sitja der og halvsova medan ferdi gjekk frå Bergen til Amsterdam...

-Orsak meg, men det er ein familie som gjerne vil sitja saman. Er det greidt at me finn ein ny plass til deg?

Flyvertinna såg spyrjande på meg. Eg skule nett til å svara opprådd, "Må eg?". Men so tok eg meg saman:

-Ja, for all del. Ikkje noko problem.

Eg fekk meg ein ny plass lengre atti flyet, innåt vindauga. Eg byrja sjå ut glaset med di flyet tok av, men etter ei stund byrja eg keida meg litt. Eg snudde meg til hi sida og såg at eit eldre par hadde sett seg atmed meg, med dama midt millom meg og mannen.

Eg beit meg merke i at dama sat og las i ei bok som ho såg ut til å ha kome til slutten på. Men skriftteikna var eg ikkje god til å tyda. Kva var no dette, arabisk kannhenda? Eg fekk det berre ikkje til å stemma med at det var ei blond, europeisk utsjåande kvinna som sat og las dette.

-Excuse me, I am simply curious, but in which language is the book you are reading?

Dama lagde frå seg boki og såg smilande på meg.

-It is hebrew, svara ho.

-Hebrew? So you maybe are from Israel then?

-Yes, indeed, we're from Israel. We have been some weeks on vacation in Norway, now we are continuing our vacation throughout Europe. The last days we spent in Geiranger. It is such a beautiful country you have.

-Thank you, and yes, I know that. But unfortunately, most Norwegians are not aware of it. It's like somebody living close to a waterfall. Everyone coming to visit would notice the sound of the water, while the people living there would have filtered out that sound long ago, only to take notice of it when it is gone... By the way, can I ask you what you are doing for a living in Israel?

-Well, I used to teach hebrew to new immigrants coming to Israel, but now I am retired and spend most of my time with gardening. We have made such a beautiful garden around our house in Jerusalem. Vegetables, fruits, herbs, flowers, it is so nice to see it all growing up. To pick an apple from your own tree, or to make tea from your own herbes... The feeling is simply priceless!

And you, what are you doing for a living?

-Me, I'm an electronics engineer, if you would

like to know.

-Oh, really? Then you and my husband have something in common. He's also an electronics engineer.

-Oh yes?

Eg såg ventnadsfullt på mannen som sat ved sida hennar.

-Well, in fact, I used to be an engineer, but since decades I have worked as manager and business director. I am leading an electronics enterprise in Boston, USA. Most of the time I am working with our customers.

-Working with customers? In which way, if I can ask?

-Well, some weeks ago we had a large electronics exhibition in Morocco...

-Morocco?

-I understand your confusion, there is not much electronics enterprises there... But the accomodation is cheap, and we have all the time to spend there alone on the hotels and conference centers with our customers.

-So you do in fact live in Israel and work in Boston?

-Yes, we do.

-It must be a lot of travelling for you then.

-Yes for sure, but we like to travel. It's our life to travel. What about you, do you also travel a lot?

-No, to be honest, I was never outside of Europe.

-We are great travellers. We spend all our vacations exploring new places. Brasil, South Africa, New Zealand, we go everywhere...

Samrøda gjekk vidare. Eg fekk høyra um reisor verdi rundt og um suksessfulle teknologibedrifter langs ein viss motorveg utanfor Boston, men ikkje berre det. Dei fortalde meg um dagleglivet deira i Israel, um borni og barneborni deira, og um bombor og raketar som nådde stødt nærare der dei budde. Men langsamt byrja eg å kjenna at me gjekk upp for samtaleemne.

-Well, it was nice to talk with you. Good-bye, we wish you a nice day.

Flyet var landa, paret var byrja pakka sakene sine og på typisk amerikansk vis var dei på veg ut or livet mitt like kjapt som dei var komne inn. Men nett i det dei skulde til å gå, snudde mannen seg mot meg ein sist gong, opna boki som kona hans hadde lese i og spurde meg:

-Do you know that we actually read the books from the right to the left?

-Yes, I do, but it still feels hard to imagine. I'm getting a headache just by trying to read the letters that way.

-We master both levels, svara han med eit

glimt i auga. So var dei baa burte.

For meg var det tid for å stiga umbord i neste fly. Ferdi skulde gå vidare, frå Amsterdam til Berlin. Eg fann plassen min, og sette meg. Ikkje lenge etter kom ei ung, svart jenta og sette seg atmed meg.

Det var då ikkje måte på kor mangkulturell denne reisa skulde verta, tenkte eg med meg sjølv. So eg tok mot til meg og spurde henne: -Sorry to be curious, but where are you from? -I am from Uganda, Sir.

-And now you are going to Germany?

-Yes, I am going to see my family who lives there.

-And you are thinking of moving to Germany too?

-In fact, I was born in Germany and grew up there...

-Na gut, dann können wir lieber Deutsch reden. Du warst in Deutschland geboren, sagst Du?

-Ja, tatsächlich. Aber ich hatte die ganze Zeit das Gefühl, ich gehöre da nicht wirklich zu. Nicht dass ich keine Freunde hatte oder so etwas, nein, nein, alles war in Ordnung, aber doch, da war nicht so wirklich meine Heimat. Deswegen war ich vor einige Jahren zurückgekehrt..

-Du warst allein zurück nach Uganda gegangen?

-Ja, das war ich. Jetzt baue ich da mein neues Leben auf.

-Aber mit Geld und so, ist es da nicht knapp?

-Es ist knapp, aber so viel Geld braucht man da auch nicht. Und vor allem, das Leben ist da mal einfacher. Ich habe da mein eigenen Garten gekriegt. Das Gemüse-Anbauen ist da viel einfacher als in Deutschland. Und stell Dir mal vor, ich gehe mal gleich vom Haus raus und nehme mir eine Banane vom Baum.. Wenn es bei euch noch Winter ist.

-Und Deine Familie, Du vermisst die nicht?

-Ja, klar, deswegen komme ich jetzt auf Besuch. Aber nächste Jahr kehren die auch endlich in Uganda zurück.

Weisst Du was, es gibt Menschen, die sich überall und nirgendwo zuhause fühlen...

-Ich weiss.

-Aber Menschen wie uns, wir brauchen eine Heimat. Eine Stelle wo wir uns verbunden fühlen. Diese Verbindung hatte mir in Deutschland gefehlt.

Me diskuterte vidare, um det å ha ein stad å høyra til, um det å vera nær naturen, um det å kjenna at livet tener til eit fyremål. Um det å kjenna seg framand i eit moderne og rotlaust, vestlegt forbrukarsamfund.

Tidi gjekk snøgt. Då flyturen var forbi,

ynskte eg henne lukka til vidare, både med vitjingi i Tyskland og med det nye livet i Uganda. Kanskje me ein gong skulde råkast att? Jamvel um me kom frå kvar vår stad på

kloten, var det noko som harmonerte millom oss, som hadde gjort den vesle samrøda vår til noko meir enn berre enn freistnad på å slå i hel tid.

Eg sjekka ut bagasjen, og gjekk ut gjennom passkontrollen. Eg tykte eg hadde vore i tvo ulike verder. Og eg var glad eg visste kvar eg hadde mi eigi verd.

Kemi Seba - afrikansk nasjonalisme

Av Olav Torheim

Kemi Seba er eit namn som er so godt som ukjent i den norske ålmenta, men som er vide kjent i den franskspråklege, afrikanske verdi. Kemi Seba er ein av dei mest markerte svarte nasjonalistane i dag. Ein kann lesa og læra meir um det politiske virket hans i dei sjølvbiografiske bøkene "Supra-negriture" (2013) og "Black Nihilism" (2014).

Kemi Seba vart fødd i 1981. Han voks opp i Strasbourg i Frankrike. Foreldri hans var akademikarar med innvandrarbakgrunn frå Benin. Heilt frå barndomen av var han uppteken av dei afrikanske røtene sine, og når han kom i tenåri so tok han kontakt med panafrikanske Nation of Islam (NOI), den same rørsla som i si tid fostra personar som Malcolm X, Muhammed Ali og Louis Farrakhan. Hjø desse lærde han seg både sjølvdisiplin ogasketisk livførsle - attåt kunnskap um afrikansk saga, kultur og identitet.

Tribu KA: Gamalegyptisk panafrikanisme
Nation of Islam var likevel berre byrjingi på den politiske reisa som Kemi Seba hadde gjeve seg ut på. Han vilde ikkje nøgja seg med å lesa og studera, han vilde gjera politikk ut av det. Etter nokre år so braut han med trudomsbrørne sine i Nation of Islam for å grunnleggja eit mykje meir radikalt prosjekt: Tribu KA.

Tribu KA var ein politisk-religiøs organisasjon som var tufta på kemitismen, ei slags panafrikansk vidareføring av den gamalegyptiske trui. Med Tribu KA gjorde Kemi Seba seg eit namn i heile den franske ålmenta, dei kørde ei svært aggressiv, afro-sjåvinistisk lina der dei freista fremja interessone åt dei svarte afrikanarane, og ved fleire høve hamna dei i konflikt med andre minoritetsgrupper. Tribu KA vart til slutt tvangsuppløyst av styresmaktene og Kemi Seba hamna sjølv i fengsel.

Tidi i fengselet fekk Kemi Seba til å tenkja etter kva det var han hadde halde på med. Han innsåg at aktivismen hans var på ville vegar, og at kemitismen var eit politisk og religiøst blindspor. Religiøst vart det for einsynt, og politisk hadde han berre sett gruppor opp mot einannan som i staden burde stå saman. Når han kjem ut att frå fengselet, so ventar kampfelagane hans at han skal halda fram som han stemnar, men i millomti er han komen på nye tankar.



Frå afrikansk ultranasjonalisme til kamp mot globaliseringi

Kemitismen var vorten populær millom afrikanskætta innvandrarar i Europa, men han hadde til sjuande og sist lite å gjera med den røyndomen som innfødde afrikanarar i Afrika stend uppe i. Det var ein moderne rekonstruksjonisme, same korleis ein snudde og vende på det. Kemitismen hadde brodd mot både islam og kristendomen, men Kemi Seba ynskte noko som kunde samla alle dei afrikanske spiritualitetane - anten det no var kristelegt, islamsk, animistisk eller eitkvart anna autentisk afrikansk. Den integrale tradisjonalismen til Rene Guenon, som Kemi Seba hadde nytta tidi til å studera i fengselet, gav honom lykjelen.

Rene Guenon såg mot aust og vilde nytta den livande, austlege tradisjonen til å blåsa nytt liv i den vestlege som det etter hans syn berre fanst brotstykkje att av. Kemi Seba ser derimot mot Afrika, sidan han meiner dei fyrste menneski kom derifrå.

Dei nye innsynene nyttar Kemi Seba til å grunnleggja det som han kallar for Tribu KA2P. Dei tvo p'ane stend for "perennialisme" og "panafrikanisme". På det esoteriske planet stend dei for tradisjonalisme og på det eksoteriske, politiske planet stend dei for panafrikanisme. Denne gongen sviv det seg um ein panafrikanisme som ikkje svivyrder andre folkeslag, men der ein snarare ynskjer å stå saman med andre tynte folkeslag i kampen mot globaliseringi. Takk vere den integrale tradisjonalismen, so hev han funne fram til eit

prosjekt som er solid røtt i afrikansk tradisjon utan å verta noko reint afrosentrert slik kemitismen var det.

Slik skynar me kvifor han gjeve bøkene sine titlar som "Supra-Negritude" og "Black Nihilism". For Kemi Seba sviv det seg um meir enn eit navleskodande vern um afrikanske seder og skikkar, meir enn å berre vera ein "neger" som er seg sjølv nok. Den integrale tradisjonen som Rene Guenon talar um er ikkje menneskeleg. snarare guddommeleg. Han som maktar å sjå forbi det som einast er menneskeskapte skikkar og konvensjonar og soleides nå fram til det som verkelegt er Tradisjonen med stor T, han stend ikkje lenger for noko reint menneskelegt, men for noko yvermenneskelegt. Han gjeng frå "negritude" til "supra-negritude". Kor som er, skal ein vera i stand til dette, so krevst det at ein torer sjå kritisk på det som til daglegt vert framstelt som "tradisjon". Kva er det som verkelegt er genuint, verkelegt verd å taka vare på? Ein må - som ein Nietzsche - vera viljug til å kasta vrak på alt det som syner seg å ikkje halda mål. Ein "svart nihilisme" som helder vil sitja att med ingenting enn med noko som ikkje når opp til dei høgi ideali.

Attende til Afrika

I motsetnad til andre svarte interessegrupper, so meiner Kemi Seba at afrikanarar høyrer heime i Afrika. Han arbeider for at den afrikanske diasporaen skal reisa heim att og byggja opp att sine egne heimland. Sjølv hev han teke fylgjone av dette og flutt til Senegal, der han gjeng i brodden for ei rad ulike sosiale prosjekt - til dømes ein eigen mikrokreditbank.

Kemi Seba hev med andre ord gjenge vegen frå NOI via kemitisme til integraltradisjonalisme. Men det er ingen angrande syndar som me les um i bøkene hans, det er snarare ein som hev lært av mistaki sine og nytta dei til å koma seg vidare.

Europeiske nasjonalistar er millom dei kvite som han kann respektera, skal Kemi Seba ein gong ha sagt. I alle høve er det forvitnelegt å sjå at det uavhengig av kultur og hudfarge finst menneske som kjenner på den same misnøgja med det globaliserte, moderne samfundet - og som vil gjera noko med det. Slikt gjev von for framti.

Francois Duprat - ein tjodlynd tenkjar

Av Olav Torheim

Den marxistiske teoretikaren Friedrich Engels poengterte i si tid at «filosofane hev til dessar einast freista forstå verdi, no gjeld det um å endra henne». Kor som er, teorien til Karl Marx var ufullstendig og fyrst og fremst eit analyseverktøy til å forstå samfundet, vilde nok dei fleste ha sagt i dag.

«Utan ein revolusjonær teori finst det ingi revolusjon rørsle», hevda Lenin. Han komplementerte marxismen med di han utvikla sin eigen teori for korleis marxistane skulde koma til makti og verta i stand til å halda på henne. Vegen gjekk um eit kaderparti for ein velskula elite, med aktivitetsplikt og streng disiplin.

Kva so med nasjonalismen? Nasjonalismen hev frå gamalt av vorte rekna som eit konservativt prosjekt, men i dag er det lite att å konservera og snart alt å byggja upp att. Å setja eit nasjonalt program på dagsetelen i vår tid er helder ikkje so reint lite revolusjonært. Men finst det nokon tilsvarande revolusjonær teori på den «andre sida»?

Francois Duprat var ein mann som freista teoretisera det han kalla for ein revolusjonær nasjonalisme. Han var ein av dei leidande i Ordre Nouveau tidleg på 70-talet og vart seinare ein sentral ideolog innanfor Front National under Jean Marie Le Pen. Han var framleis ein ung og talentfull mann då han i 1978 vart drepen av ei bilbomba. Kven som stod attum vart aldri oppklåra.

Det tjodlynde franske tidskriftet Synthese Nationale kom nylegt med ein ny skriftserie, «Les cahiers d'histoire du nationalisme». Den andre utgjevingi i denne serien er tileigna Francois Duprat. Det inneheld både Duprat sitt nasjonalrevolusjonære manifest og ei rad andre grunnleggjande ideologiske tekster. Det er soleides eit godt høve til å verta kjend med Duprat og ideane hans.

Det gjeld å byggja bastionar

Nasjonalistane freistar samla nasjonen, det er ein ideologi for heile folket. Likevel er det uråd å koma til makti utan at ein faktisk hev støttepunkt, både sosiologisk og geografisk. Duprat slo fast at ein lyt finna grupper i samfundet som ein retter seg særskilt inn mot – og stader i landet der ein kann byggja seg ein bastion.

Det er vandslegt å finna grupper i samfundet i dag som er positive til den europeiske nasjonalismen, og å freista etablara seg i eit fiendslegt kringvære er



vandslegt. Det ein lyt freista på er å finna grupper som er nøytrale til saki, og påverka desse. Sjølvstendig næringsdrivande handverkarar og kjøpmenn er ei soveri gruppa, meinte Duprat.

Parti og rørsle

Duprat gjorde eit skilje millom massepartiet og rørsle. Rørsle skal vera for eliten, medan partiet skal vera for massane. Helder ikkje dette er so reint ulikt taktikken åt kommunistane som heldt seg med ei kaderrørsle for seg sjølve medan dei samstundes etablerte frontorganisasjonar som kunde samla breidare kring einskildsaker. Jamfør sjølve namnet «Front National».

Teori og praksis

Duprat tok fyre seg vekselverknaden millom politisk aktivisme og politisk skulering - ein treng båe, for det heng i hop, meinte han.

Det er berre nokre fåe som er interesserte i politisk teori, det store fleirtalet kjem fyrst til å slutta upp um radikale endringar når dei hev fenge ryggen mot veggen. Ein soveri stoda hev me ikkje i dag, og i millomtidi er det viktugt å leggja grunnlaget med god skulering.

Men: Ei rørsle som berre legg fokuset på å skulera og samla «kadrar» vil måtte enda som ei liti sekt. For det er ikkje slik det fungerer i røyndi. Ein kann tenkja at fyrst skal ein samla dei rette folki og so kann ein gjera noko, men det er snarare slik at når ein gjer noko fær ein det momentumet ein treng til å byggja upp eit apparat.

Duprat drog ein analogi til tidlegare høgerradikale grupper som ikkje hadde vunne fram. På midten av sekstitalet hadde ein grupper som dreiv ein sterk aktivisme, men utan å ta seg bryet med å få folk til å studera og skulera seg. Resultatet var berre

at aktivistane etter ei tid gjekk leide og gav seg. So fekk ein andre grupper seinare, som vektla skulering og kaderbyggjing, men der aktivismen vart lagd fullstendig på hylla. Når mai 1968 endeleg kom, med folkeleg oppreist og liv og røra i gatone, so var desse meir upptekne av å lesa i bøker enn å gjera noko...

Folk som ikkje gjer noko fær helder ikkje den røyndomssansen som trengst: Ein endar med å sjølv verta manipulert, både av media og av andre. Ein er nøydd å vera aktiv.

Det er som med ein som driv med kampsport: Ein må i ringen og gå rettelege kampar, um ein skal sjå kva slags metodar og teknikkar som fungerer i ein retteleg situasjon.

Innvandringskritikk

Front National var dei fyrste som verkelegt sette innvandringskritikken på dagsetelen. Fram til då hadde nasjonale parti vore meir upptekne av andre saker, som kampen mot kommunismen. Med innvandringskritikken fekk dei ei ny sak å spela på som gjekk rett inn i kvardagen åt vanlege folk. Masseinnvandringi er rett nok berre ei symptom på at noko er gale i samfundet, men det er på symptomi ein uppdagar sjukdomen, og her hev nasjonale parti ei sak som ingen andre enn dei sjølve vågar eller vil ta tak i.

Sluttord

Francois Duprat vart politisk brysam for mange. Ei bilbomba avslutta det politiske engasjementet hans. Jean-Marie Le Pen fortalde i eit intervju med avisa «Minute» at når han ser attende på 40 års politisk liv, so er Francois Duprat han hev dei sterkaste minni frå («Entretien avec Jean-Marie Le Pen», Minute, 4. oktober 2012).

Front National er i dag eit parti som maktar vinna meir enn 25 prosent av røystene ved val, og dei er vel det næraste ein i våre dagar kann koma ein slags sosialdemokratisk nasjonalisme - med ein politikk som spelar både på innvandringskritikk og vern um velferdsstaten. Korleis Duprat hadde stelt seg til dette vegvalet kann ein berre undrast på. Arbeidet hans vert kor som er ståande for dei som ynskjer å setja seg inn i ein nasjonal teori og praksis som både var og er meir enn berre nostalgi for eit samfund som snart er burte for godt.

70 år sidan massemordet i Dresden

Av Olav Torheim

“Ihre Flammen der Freiheit brachten uns den Tod...”

I februar i år er det 70 år sidan massemordet i Dresden. Åtaket på Dresden var ikkje nokon vanleg militæraksjon, det var ei medviti utsletting av ein heil by.

Massemord på europearar

Dresden hadde til vanlegst noko slikt som 630.000 innbyggjarar, men var i februar 1945 fylt med hundratusundtals flyktningar som var komne austanfrå – frå Breslau og frå andre stader der den raude heren rykte fram. Det hadde ikkje falle ei bomba yver Dresden under heile krigen, og folk trudde at byen kom til å verta spard sidan han ikkje hadde nokon militær funksjon. Bomber-Harris vilde det onnorleides.

Åtaket mot Dresden tok til um kvelden den 13. februar, og det gjekk fyre seg i bylgjor. I den fyrste åtakbylgja vart det nytta vanlege sprenglekamar. Desse bles burt takstein og knuste vindauga – og lagde byen soleides open for den neste åtakbylgja med brannbombar. Denne andre åtakbylgja skapte brannstormar so sterke at byen brann i sju netter og åtte dagar etterpå.

Den andre åtakbylgja – brannbombeåtaket – kom fyrst nokre timar etter den fyrste åtakbylgja. Det heiter: Etter at brannmenn og anna redningsmannskap frå byane ikring hadde fenge tid til å ta seg inn i byen. For Bomber-Harris galdt det um å drepa so mange menneske som moglegt. Likeins kom folk som freista flykta frå byen under åtak frå fly som flaug lågt nedåt bakken for å skyta folk ned med kulesprøytor. Det siste hevdar sume historikarar at aldri kann ha hendt, men det finst nøgdi med vitne som hevdar at det var nett dette som hende.

Når historierevisjonisme vert politisk korrekt...

Det var i mange tiår rekna som eit faktum at hundratusundtals menneske vart drepne i brannstormane den 13. februar 1945 – under det massive luftåtaket på ein verjelaus by full av flyktningar. Kor som er, for nokre år sidan vart det sett ned ein “historikarkommisjon” som fekk i oppdrag å koma fram til eit lågast moglegt tal på bombeoffer – med di styresmaktene hadde sett seg leide av at



Lutherstatua stend att framfor ei samanrasa Frauenkirche.

massemordet i Dresden ikkje høvde heilt inn i den sogeskrivingi som dei ser seg best tente med. Dette var ingen vitskapleg kommisjon, men ein politisk nedsett kommisjon der deltakarar som gjekk i utakt vart skifte ut undervegs i arbeidet.

Kor som er, kommisjonen kom i år 2010 fram til eit nytt tal som var ein heil storleiksorden lågare enn det ein tidlegare hadde gjeunge ut frå. No heiter det at maksimalt 25.000 vart drepne i bombeåtaket. Dette talet lyder fullstendig røyndomsfermt når ein veit at det trulegt var meir enn ein million menneske som fekk 650.000 sprengbombar og 200.000 brannbombar i hovudet – og med etterfylgjande brannstormar der lufttemperaturen nådde 2000 grader (det er um lag 900 grader i eit krematorium).


Det nye talet er dimeir stikk i strid med ein Enigma-koda politirapport frå 24. mars 1945 som vart fanga upp og dekryptert av britisk etterretning. I den interne rapporten heitte det at minst 80.000 menneske var sakna i Dresden. At nokon er sakna heiter at det er namngjevne personar som er vortne etterlyste av

familien sin. *Um heile familien til vedkomande er vorten utsletta når det brennande huset rasa i hovudet på dei, so er det derimot ingen som kjem til å verta sakna...*

Ein skipnad bygd på brotsverk

Under alle umstende er det no slik at 90 prosent av bombeoffer i Dresden er reinska ut or statistikken. Det sanne talet på offer for dei same maktene aukar derimot jamt og trutt (Vietnam, Afghanistan, Serbia, Irak, Libya, Syria...). Kor langt er dei til slutt tenkt å gå?

Det nyliberale systemet syner ingen vilje til å taka nokor oppgjerd med sine eigne brotsverk, og det medan systemvaktarane freistar tvinga alle andre til å kle seg i sekk og oska. Det som hende i Dresden var eit brotsverk, og det er slike brotsverk som heile det rådande systemet byggjer på. Dette er det naturlegt nok lite opportunt å draga fram dersom ein hev ein agenda, men normale menneske tek fråstand frå krigsbrotsverk same kven som stend attum.



Lenge var det offisielt med hundratusundtals drepne i Dresden, men sidan den gongen er historierevisjonisme vorte politisk korrekt...

Valdsbruk i verdsreligionane

Av Stephan Krämer

Det vert ofte sagt at alle dei store monoteistiske religionane hev det same valdspotensialet. At det finst kristne fundamentalistar, til liks med dei muslimske. Dalai Lama skal sjølv ha sagt: "Ofte tenkjer eg at ei verd utan religionar kann hende hadde vore den beste". Dette medan han sjølv er øvste autoritet for ein verdsreligion.

Til dette segjer eg: Det er mennesket sjølv som er fårleg. Soleides hev i teorien alle religionar - og ideologiar skapte av menneske - potensiale til å verta noko brutalt som endar i valdsbruk.

Ein kniv er til dømes eit verkty når mennesket nyttar det til å skjera upp grønsaker - og eit våpen når han nyttar det til å skjera hovudet av grannen sin. Likeins kann bensin fyllest på traktoren og soleides nyttast til å få pløgt åkeren - eller ein valdeleg ektemann kann tømme bensinkanna yver kona si og setja fyr på henne. Valdsbruk er soega full av, men gjenstandane som vart nytta til å utøva valdsbruken var gjerne gjenstandar som var tenkte til heilt andre fyremål.

Kor som er, det finst grensar for denne analogien. Ein tannkost kann neppe segjast å vera noko bra våpen, på same måten som ei hagla neppe kann segjast å vera nokon høveleg tannkost...

Um eg skal spela vidare på dette poenget, so vil eg segja at jødedomen er for eit tårn å rekna - alto ein religion som prinsipielt sett avgrensar seg sjølv, med di det er ein etnisk religion for ei folkegruppa og som faktisk forbyr misjonering. Dette i motsetnad til dei tvo hine abrahamistiske religionane, kristendomen og islam.

Kva då med kristendomen? Kristendomen tykkjer eg me kann jamføra med ein spikar - spikaren kann nyttast til å hengja upp bilæte på veggen eller til å krossfesta sin neste. Alto ein religion som grunnleggjande sett er fredelig, men som i tidlegare tider ofte vart pervertert um til sitt eige motstykkje. Her er det nok å nemna heksebrenning og inkvisisjon, åtgjerder som vart nytta til å setja vanlege folk upp mot einannan og soleides syta for at maktthavarane vart sitjande med makti. Kristendomen hev dessutan ein grunnleggjande dragnad, burt frå denne verdi og yver i ei utilgjengeleg, åndeleg verd - og dette kann gjera folk viljuge til å verdsetja det jordiske livet mindre enn dei gjerne burde gjera.

Islam vil eg derimot kalla for ein kanon. Ein kanon av di han hev både eit stort potensial til å verta tolka og praktisert på vidt ulike måtar og av di han hev eit stort potensial for



misjonering og utbreiding. Ein god muslim er ein som praktiserar islam og som lærer andre upp til å verta muslimar.

Islam gjev forbod og påbod

Islam skil seg nokso grunnleggjande frå dei tvo nærskyldte religionane. Ein skilnad som ikkje er til å kimsa av: Koranen er ei direkte livsretteledning, ikkje berre for korleis einskildmenneske skal liva livet sitt, men for korleis heile samfundet skal organiserast. Den islamske sunnaen gjev ikkje berre rettledning for korleis muslimar skal liva, men fortel samstundes korleis ikkje-muslimar skal tvingast til å innretta seg i eit muslimsk samfund. Det er jamvel skildra i detalj korleis dei som ikkje vil lyda skal straffast, jamvel med døden.

"Men slik var det med kristendomen med, gløym ikkje krosstogi!" Nei, mine damor og herrar, so lett er det ikkje. Krosstogi uppstod ikkje or ingenting, skal me forstå dei lyt me sjå deim i ein samanheng. Krosstogi var fyrst og fremst krigføring drive av økonomiske interessor, og samstundes so var dei forsvarskrigar mot det som den gongen var eit aggressivt veksande islamsk imperium. Det islamske imperiet lagde under seg land som til dessar hadde vore kristne, og for dei hertekne folki var resultatet plyndring, slaveri og folkemord.

Islam er ein fredelig religion so lenge folk godtek at det er islam som hev autoritet. Mot dei som vert rekna for fiendar av islam er ein derimot nådelaus. Koranen skildrar i detalj det som skal henda med desse. Når det gjeld kristne og jødar, so stend det sume stader i Koranen at desse skal få vera i fred, samstundes vert det poengtert at "um dei skulde svika dykk, so hev dei alt svikey Allah, og han hev gjeve dykk makti yver dei" (Sure 8:71). Svik kann som me veit vera so mangt. Kva det heiter å svika vert soleides upp til lesaren åleine å døma um, eventuelt lyt han venda seg

til ein tredjepart for å få hjelp til å skyna teksti. Andre suror i Koranen er endå meir direkte med kva ein skal gjera med dei som ikkje vil gje seg inn under islam. I sure 9:5 heiter det til dømes: "Når dei heilage månadene er til endes, so skal de slakta ned dei vantru yveralt der de finn dei."

Dei islamske påbodi treng tolking

Nett her ligg problemet. I Bibelen finst det brutale tekstavschnitt, der med, og stødt fær me høyra argument av typen: "Men Bibelen er full med skrekkelege forteljingar um mord og dråp, framfor alt i det gamle testamentet". Men det ein finn i Bibelen er nett det, forteljingar. Det sviv seg i Bibelen um saker og ting som hev hendt framigjenom soega åt Israels-folket. Korleis desse skal tolkast er ikkje noko eg skal gå inn på her, men det som er viktugt å skyna er at dette er forteljingar um ting som hev hendt, og ikkje nokor uppskrift på kva andre skal gjera i dag. Lesaren er ingen protagonist og vert ikkje oppmoda til å handla likeins. Undantaki her er til dømes dei ti bodi, der ein ikkje nokon stad kjem med påbod um å nytta vald mot andre.

Koranen kjem derimot med klåre og tydelege oppmodingar og påbod, og det er upp til muslimane sjølve å forstå dei og setja deim ut i livet. Serskilt folk med psykiske problem kann verta gåande og gruvla yver korleis dei skal gjera Allah til lags, til dess at det ein dag kanskje rablar for deim. Sjå til dømes på Koubachi-brørne i Paris som brått fann ut at dei skulde gå til Charlie Hebdo og "hemna profeten". Eller kva med IS i Syria eller Boko Haram i Nigeria, kven er dei som let seg rekruttera inn i sovore? Her finn ein ikkje berre einskildpersonar, men heile strukturar og miljø som segjer at det er greidt å drepa og valdtaka ikkje-muslimar. Det er i tråd med dei islamske skriftene, slik som dei vel å tolka deim.

Sjå fyre deg ein muslim som er i stuss um korleis dei muslimske påbodi skal tolkast. Han vert nøydd til å søkja rettledning hjå andre muslimar. I verste fall er det det ein ytterleggåande moske i nærleiken som gladeleg opnar portane for dei som vil inn for å finna råd og rettledning. Um det er ein moske der dei skriftlærde vel å tolka Koranen bokstaveleg, so kann ikkje resultatet verta anna enn radikalt.

Korleis møter me islamistane?

I våre dagar ser me korleis stødt fleire ungdommar vel å ta steget til å verta radikale islamist-

tar. Dette endå dei gjerne er andre eller tridje generasjons innvandraran som er både fødte og oppvaksne i det sekulære Vest-Europa. Terroristane som nylegt slo til i Paris, hev desse misforstått Koranen eller hev dei berre fylgt dei islamske oppmodingane på ein strengare måte enn det muslimar elles gjer?

Kann henda er det nett slik terroristane vil at me skal tenkja? Slik fær ideane deira eit

endå større rom i tankeverdi vår enn det dei greider å vinna med brotsverki sine åleine. “Eg vil kasta terror inn i hjarta åt dei vantru,” heiter det i alle fall i sura 8:12.

Til lukka kann me likevel slå fast at menneske flest er fyrst og fremst menneskelege, og muslimar er ikkje noko undantak frå dette. Dei fleste styggjest yver terroren på same måten som oss. Dei aller fleste vel å tolka

Koranen på ein måte som ikkje set dei utanfor manneætti. Men kva gjer me med dei som ikkje gjer det - dei som tykkjer det er rett å diskriminera, torturera, valdtaka og dreyna annleis truande og tenkjande? Eg tenkjer desse spursmåli er viktuge nok til at dei treng å verta stelde.

Å våga gå Odins veg

Av Torwin v. Runenfrost

Dei germanske forfedrane våre såg ikkje på guddomane sine som “heilage personar” slik me i dag kjenner det frå andre trudomssystem. Dei germanske gudane var snarare personifiseringar av ymse slags eigenskapar og prinsipp som dei såg på som serskilt verdfulle å æra og verna um.

Kva for ein av dei ulike heidenske guddomane som ein valde å æra var soleides eit spursmål um kva slags dygder og verdiar det var ein sjølv tykte var viktuge - kva slags sida av ein sjølv som ein ynskte å utvikla vidare. Det finst soleides ikkje berre ein veg, men fleire ulike vegar å velja, for dei som ynskjer å halda seg til eit heidenskt livssyn. I dette stykkjet kjem eg til å taka fyre meg Odin og det som det inneber å gå Odins veg.

Å æra ein guddom er å velja ein livsveg

Dei heidenske “maktene” kunde ein finna yveralt i den røynelege og handfaste verdi - i naturi og i menneskesinnet. “Det guddommelege”, dei verkande kreftene, vart kalla for “det gode”, ikkje “guden”. Me talar her um eit harmonisk krinslaup. Odin, eller Wotan (protogermansk form, “den rasande”), er den øvste gudfiguren i den germanske trui. Sidan denne trui, i motsetnad til kristendom og jødedom, ikkje er monoteistisk, so er den “høgste” guden ikkje med ein gong den allmektige og den einaste. Frå eit mytologisk synsleite so er Wotan urfaderen åt germanarane - som han sjølv bles liv i med sitt “Odem” (moderne tysk: “Atem”, altså pust eller ande). Atått eit stykkje av sjeli si so gav han menneski jamvel eit stykkje av arvestoffet sitt.

Kvar ein germanar var soleides ei liti menneskeleggjering av Wotan sjølv. Likevel er Wotan sjølv, til liks med resten av den germanske gudeverdi, underlagd lagnaden og naturlovene. Han kann ikkje styra noko berre i kraft av si eigi makt eller si eigi allvisse, og dette er noko som tydelegt skil odinisme frå den kristelege gudetru.

Wotan hev tileigna seg kjennskapen um sin eigen lagnad. Han både skynar og taklar det som ventar honom, og dette gjer honom til

eit fyredøme for andre. Når ein veit dette, so hev ein alt fenge det fyrste svaret på kva som er vitsen med odinismen og kvifor det å slå inn på Odins veg kann vera interessant for folk i det heile. Kva er so Odins veg? Atått funksjonen som “urfader” so stend Odin samstundes for det Wagner kalla for “Götterdämmerung”. Han fyrebur seg på den siste kampen, det siste store slaget som sluttar syklusen og legg grunnlaget for ei nybyrjing. Her med ser me at Odin steller seg nær folket, på same måten som med farsrolla hans.



Hardaste kampen er kampen med seg sjølv

Kjennskapen som Odin hev tileigna seg hev kosta honom det eine auga. Det gav han burt for å få drikka av visdomskjelda. Vidare so hekk han ni neitter i verdstreet Yggdrasil der han skadde seg med spydet sitt. Det var prisen for å få tilgang til runane. Dette er eitt av stegi på Odins veg: Gjenom fysisk lidning vinn ein visdom, og då serskilt styrke og makt yver seg sjølv. “Visdomen” er likevel aldri noko meir enn ein prosess - med di ein aldri kann verta rettelegt utlærd. Ein kann berre ta kampen med seg sjølv vidare til stødt nye nivå.

Visdomen er soleides dynamisk. Det er noko som veks fram, og slik skynar ein både korleis alt hev vorte til og at alt ein gong lyt få ein slutt. Sidan dei gamle germanarane trudde på atterfødsla, so byggjer det seg slik eit krinslaup. Dette krinslaupet finn ein att i sol-symbolikken: Han ber ein æveleg energetisk dynamikk i seg, og det er difor ikkje utan

grunn at dette symbolet er vorte so viktugt.

Odin var ikkje berre herskar, herforar og stormgud, han var like fullt ein vandrar, ein sjaman og ein skald. Når odinisten strevar mot å verta sameint med Odin, so sviv det seg fyrst og fremst um å læra seg sjølv betre å kjenna. Det er sidor av seg sjølv som ein finn att i denne guddomen og som ein lærer seg å sannkjenna og liva med.

Å vera odinist heiter ikkje at ein treng å vera ein serskild type menneske. Odin sette helder ingen avgrensingar for seg sjølv, han kunde vera alt og ingenting. Kunnskapen frå runane er kor som er heilt grunnleggjande for dei som vel å gå Odins veg. Her talar eg ikkje berre um sjamanisme og magi. Nei, det sviv seg um noko viktugare enn som so, det sviv seg um heile det germanske verdsbilætet. Runane legg rådeverket for heile den germanske verdsåskodingi. Runane gjev oss lykjelen til å skyna den germanske verdi.

Ikkje noko for vikingromantikarar

Kor som er, dei fleste menneski som no um dagen kallar seg for “heidningar” liver godt nøgde med den snøgt samanraska “kunnskapen” sin. Dei tenkjer lite yver bakgrunnen åt dei germanske gudane eller den djupare meiningi i symboli som dei smykkar seg med. Desse mjødhorn-svingande torshamarberarane vil helst ikkje vita av kva eit heidensk livssyn djupast sett inneber, og dei fær aldri vita det helder.

Dei som derimot vågar gå Odins veg kann både finna det guddommelege i seg sjølve og vera med på å halda dei gudommelege ideali i live. Det sviv seg ikkje um å underkasta seg nokon autoritet, men å verta innforstått med grunnleggjande naturlover og prosessar. Her lyt ein til sjuande og sist ikkje berre forstå seg på ein guddom, men på fleire. Til dømes Surtur og Loki som stend symbolsk for natur, øydelegging og endring. Det meste av konsentrasjonen vert likevel verande på Odin sjølv.

Det barnehage-industrielle komplekset

Av Martin Eggum

Born byrjar tidlegare og tidlegare i barnehagen. I 1980 var det berre 3 prosent av alle born under fem år som gjekk i heildagsbarnehage, den gongen vart sovorne barnehagar kalla for "dagheim". I dag er det 3 prosent av alle born under fem år som ikkje er i barnehage. Eg opplever at kollegaer sender born so småe som 11 månader i barnehage av di mor ikkje "hev råd" til å vera heime. Ungen hev enno ikkje lært seg å gå, men i barnehagen skal han. Psykologar talar um eit storstilt eksperiment som me enno ikkje kjenner fylgjone av (sjå til dømes TV2-innslaget frå 13. februar 2013, "Forskere advarer: Ettåringer kan bli alvorlig stresset av å begynne i barnehage").

I offentlegt ordskifte vert det framstelt som um det berre er å putta born i barnehagen, og so kann kvinnone "gå ut og jobba", men er det verkelegt so einfelt? I realiteten er det ovstore ressursar som vert sette inn i barnehagesystemet for å halda det gåande. Ein kann faktisk tala um eit barnehage-industrielt kompleks.

Ovstore pengeressursar gjeng inn i barnehagestellet

Det er no nærare 100.000 menneske i Noreg tilsette i barnehagebransjen, for å passa på 280.000 born. Etter det som Utdanningsforbundet kann fortelja oss, so var det i 2013 totalt 95.530 tilsette som utførde 74.337 årsverk i 6294 barnehagar (Kjelda: Faktaark 2014:5, Foreløpige nøkkeltall for barnehagen 2013, utdanningsforbundet.no).

Ein fyrsskulelærer tener i snitt 428.000 kr (i privat sektor er det 414.000 kr, litt mindre), so det segjer seg sjølv at maksprisen i barnehage på 2500 kr berre dekkjer ein brøkdel av dette, resten er finansiert av skattebetalarane.

Det er kommunane som varveitslar pengane som gjeng til barnehage. Fram til 2011 var desse midlane øymerka, etter den tid gjeng dei inn i staten sitt råmetilskot til kommunane.

I 2011 var det øymerka tilskotet på 28 milliardar kronor. Dette er på lag like mykje som det det staten i alt nyttar på politi og rettstell (15 milliardar, statsbudsjett 2015) og på jordbruksstøtte (14 mrd, statsbudsjett 2015).

For å gjera desse tali litt meir handfaste, so kann me freista laga eit handfast



reknestykkje:

I norske barnehagar er det i snitt 3,4 born per vaksen i alderen under 3 år. Lat oss runda upp og segja at det er fire born på ein vaksen fyrsskulelærer, og at det vert svara makspris for alle borni. Det heiter at den samla foreldrebetalingi av fyrsskulelæraren si løn i beste fall er på $2500 \cdot 4 \cdot 12 = 120.000$ kr. Altso kjem 120.000 kr av fyrsskulelæraren si løn frå foreldrebetaling, alt anna er subsidiering frå staten - skattebetalarane sine pengar. Dreg ein 120.000 kr frå dei 428.000 kronone, so kjem ein til at staten hev betalt 308.000 av fyrsskulelæraren si løn. Deler ein det på fire born, so vert also kvar familie som sender ungen sin i barnehagen sponsa med 77.000 kr frå staten.

Dette vert naturlegt nok berre eit grovt yverslag, men det gjev ein peikepinn på kor mykje barnehagesektoren kostar kvar og ein av oss.

Kvifor skal ikkje barnehageprisen spegla av dei faktiske kostnadene?

No er spursmålet, kvifor skal staten gjera dette? Kvifor skal ikkje barnehage vera foreldrebetalt og spegla av reelle kostnader? Kvifor er barnehagetante ein fulltidsjobb med meir enn 400.000 i løn - svara av skattebetalarane - medan ei dagmamma som passar eigne og andre sine born fær mest ingenting?

Det vert stødt tala um kor mykje norsk landbruk kostar staten, og leidaren for Framstegspartiet sin ungdom fekk seg jamvel til å segja at ein gjerne kunda ha lagt ned heile den norske landbruksnæringi og helder henta all maten frå utlandet. Barnehagebransjen ser derimot ut til å vera ei skjerma næring som korkje høgre- eller vinstresida i norsk politikk vågar å stella seg kritiske til. Dette endå barnehagane kostar staten dubbelt so

mykje som det jordbruket gjer.

Under alle umstende so er dette eit system som skaper kunstige strukturar. Um ein hadde kutta i skatten og late folk få tena og bruka pengane sine sjølv, so vilde andre måtar å ordna livet sitt på etablara seg spontant og naturlegt.

Til dømes kunde ein i staden for å sponsa barnehagane gjeva kvar familie 77.000 kr mindre i skatt og setja maksprisen i barnehagen upp frå 2500 kr til 9000 kr - og soleides lata fyrsskulelæraren vera fullfinansiert med foreldrebetaling. Eit slikt system vilde ha spegla av dei røynelege kostnadene ved å senda ungen i barnehage, og det vilde ha gjeve kvar familie fridom til å sjølv velja kva dei vil gjera med pengane sine. Familien vilde då atter verta den naturlege grunneiningi, der kvar husstand både tener og brukar pengar på den måten som dei finn ut er mest høveleg.

90.000 dagmammaer hadde faktisk vore nok til å passa på dei 280.000 ungane som i dag er i barnehage. Desse dagmammaene hadde det ikkje vorte noko problem å finna når prisen for ei dagmamma vart regulert upp til eit nivå tilsvarande dei milliardane som i dag vert slusa inn i barnehagesystemet. Det hadde i sum vorte færre som dreiv med barnepass til daglegt, men dei som ynskte å gjera det hadde fenge ein reell valfridom til det. Like mange kvinner som fyrr kunde ha arbeidd med andre ting enn barnepass, og dei som vil vera heime med born hadde havt ei inntekt å liva av. Me hadde fenge ei naturleg fordeling millom dei som vilde arbeida ute og dei som vilde vera heima. Dette i motsetnad til dagsens system, der det å putta ungen i ein kraftig statssubsidiert barnehageplass vert eit tilbod som dei fleste huslydar ikkje hev råd til å segja nei til.

Skatte- og barnehagesystemet er ein måte å straumlineforma familielivet på

Her kjem me då rett inn i ordskiftet kring andre ordningar som barnetrygd, kontantstudnad og skatteklasse 2. Skatteklasse 2 er vorti systematisk uthola dei seinaste åri og det var berre med eit naudskrik at ho ikkje vart fjerna fullstendig ved statsbudsjettet for 2014. Likeins hev barnetrygdi vore frosi på det same nivået sidan år 2000. For kontantstudnaden sin part so gjeld denne studnaden no einast for tvoåringar, og det er heile tidi eit ope spørsmål kva som til slutt hender med dette etterslepet frå Bondevik-regjeringi. I offentlegt ordskifte vert desse ordningane nær sagt karakteriserte som å "gje folk pengar for å vera heima", men i realiteten sviv det seg um at desse familiane skal sleppa å skattefinansiera offentlege tenestor som dei ikkje nyttar seg av med di dei tek seg av dei sjølve.

Utfasingi av skatteklasse 2, frysing av barnetrygdi og utholingi av kontantstudnaden syner under alle umstende at det meir og meir vert slutt på å sjå på husstanden som ei sjølvstendig eining. Kvar og ein skal syta for seg og sitt, medan barneuppsedingi vert noko som staten tek seg av. For det segjer seg sjølv at det er avgrensa kor mykje foreldri er i

stand til å taka grep um borni sin oppvekst når dei er utanfor heimen det meste av dagen.

"Me bør ikkje gje pengar til folk som ikkje yter sitt til samfundet", er kronargumentet som ein gjerne fær høyra frå folk som er imot kontantstudnaden. Men fortel meg til dømes kvifor ei barnehage-tanta med statssubsidiert løn på 428.000 - som passsar 3 ungar i barnehagen - "yter" so mykje meir enn ei dagmamma som passsar sin eigen unge attåt tvo andre barn? Kvifor er det eine å "jobba" og å "yta" medan det andre ikkje er det? Kvifor denne redsla for å lata folk velja sjølve korleis dei skal organisera livet sitt?

Skal me tvingast til å verta liberalistar?

"Imot oss statens lover bøyes, av skatter blir vi tyngt ned," heiter det i Internationalen. Men det er lenge sidan det. Sidan den gongen hev sosialdemokratane sjølve kome til makti i Noreg og skattlegging er millom dei mest effektive verkemidli styresmaktene hev til å pressa borgarane inn i ei fastsett livsform.

Det er berre eitt problem som er vandslegt å gjera so mykje med: Naturens lover. Menn og kvinner kann framleides verta saman og få born med kvarandre, heilt utan nokor utdanning eller offentleg

sertifisering. Ungane vert fødde og må veksa upp i småe familiar der far og mor kann vera kven som helst. Naturen er udemokratisk, kunde vel sume ha sagt.

Men her kjem skilnaden i tenkjing tydelegt fram - millom dei som liver ut den sosial-liberale modellen og me som tenkjer tradisjonelt. Um ein hev eit organisk syn på samfundet, so er ein ikkje redd for sjølvstendige familiar. Tvert imot, desse er byggjesteinar i samfundet. Sjølvstendige familiar med ein trygg økonomisk basis er naudsynte for i neste umgang å byggja sjølvstendige lokalsamfund, sjølvstendige regionar, sjølvstendige statar i ei verd der mektige krefter er i sving. Familien er ein liten miniatyr av det som heile samfundet burde ha vore.

Det som er tragisk er då at me gjerne skulde havt ein stat som tok grep um ting og sytte for me fekk eit samfund i harmonisk og trygg utvikling. Men her skjer det motsette, her håvar staten inn skattar og avgifter og nyttar dei til å straumlineforma andre sitt liv i ei retning som mange av oss ikkje ynskjer. Til slutt hev ein ikkje anna val enn å gå den andre vegen og krevja full liberalisme. Berre slik kann me atter få fred og fridom til å skapa våre egne liv.

Eg er Zentropa

Eg hev alltid freista ta tak i årsakene framfor å klaga yver fylgjone...

Det var ikkje då eg var vorten redd for å taka undergrunnsbanen at eg tok til å interessera meg for samfundsspørsmål...

Det er ikkje slik at eg blandar kristeleg nestekjærleik i hop med sjølvutslettande godfjotteri...

Kjærleik og fornuft er det som driv meg, ikkje hat og reaksjon...

Eg er radikal, ikkje ekstremist...

Eg liver ut yvertydingi mi i kvardagen, i tråd med prinsippi mine. Ikkje berre no og då og når det skulde høva seg slik...

Uvenene til uvenene mine er ikkje venene mine...

Slagordi mine er idear, ikkje reklamekonsept...

Når eg vert forbanna på purken, so er ikkje det noko som skil seg på bakgrunnen åt dei som vert banka upp...

Eg høyrer berre på folk som hev noko å fara med...

Eg skjemst um Morgenbladet og Dag og



Tid er samde med meg...

Eg er ingen høgreliberalar...

Eg slengjer ikkje skit etter folk på oppmoding frå andre...

Eg trur på sanningi, ikkje på opportunistmen...

Eg rakkar ikkje ned på eit system som eg sidan kjem krypende attende til so snart det byrjar røyna på...

Eg bryr meg ikkje um kva reaksjonære og

skrivebordsintellektuelle skulde tenkja eller segja um det eine eller hitt...

Eg var på støttedemonstrasjonen for dei kristne i Midtausten og ikkje på "borgarmarsjen" åt toppolitikarane...

Når eg reiser bust mot den moderne verdi, so er det ikkje av di eg gjeng på kokain eller antidepressiva...

Eg hev eit ideal, eg poserar ikkje...

Eg er etnodifferensialist og ikkje rasist, det er ein skilnad som er meir enn berre leik med ord...

Eg er audmjuk, og ikkje slapp, når det kjem til veikskapane mine...

Eg freistar helder å vera noko enn å gjeva meg ut for nokon...

Tala mi er stødt den same, same kven eg talar til...

Det er ikkje slik at eg byrjar tru på masse-media når det skulde høva meg best...

Eg tutar ikkje med ulvane...

Og eg er ingen Charlie....

Korleis møta media? Part 2: Svarinnlegget og PFU-klaga

Av Olav Torheim

I eit tidlegare stykkje i Målmannen tok eg fyre meg korleis ein skulde møta pågåande journalistar. Men korleis gjeng ein fram når skaden alt er skjedd og ei skjemmande sak er komi ut i media?

Vinstreestremistar og politisk korrekte "ekspertar" freistar gjerne å byggja upp ein slags historikk som dei kann syna til når dei ynskjer å få namnet ditt sverta. Det du bør gjera er difor å laga slå so mange sprikkor i denne "historikken" som råd er. Ikkje lat noko som kjem ut um deg få standa uimotsagt.

Å skriva eit svarinnlegg

Den greide måten å få inn eit svarinnlegg på er å senda e-post til redaksjonen og syna beinveges til det at du kom under åtak og gjera det klårt at du vil nytta deg av tilsvarsretten din. Eit døme på ei fylgjetekst kann sjå slik ut:

"Til redaksjonen i Bakkebygrenda Blad. Eg kom under åtak i siste nummer av avisa dykkar, og eg ynskjer difor å nytta meg av tilsvarsretten. Eg viser med dette til VVP 4.15, "De som er blitt utsatt for angrep skal snarest mulig få adgang til tilsvare...". Svarinnlegget er lagt ved i denne eposten. Eg bed um stadfesting på at denne meldingi er motteki og at de kjem til å setja svarinnlegget mitt uavkorta på prent."

Når du ordleider deg på denne måten, so slepp du å truga redaksjonen med nokor PFU-klage, for du hev alt synt at du kjenner presseetikken og at PFU-klage er det neste naturlege steget dersom det ikkje nyttar å gå fram på vanleg måte.

Det skal svært mykje til for at redaksjonen ikkje vil ta inn svarinnlegget ditt. VVP 4.15 slær fast at redaksjonen skal "[h]a som krav at tilsvaret er av rimelig omfang, holder seg til saken og har en anstendig form." Du bør difor helst innleida svarinnlegget ditt med å syna til det åtaket som du råka ut for, men deretter bør du retta fokus mot det som du sjølv tykkjer er viktugt å få fram.

Noko som er viktugt å vera klår yver er at VVP 4.15 slær fast at "[t]ilsvaret kan nektes dersom den berørte part, uten saklig grunn, har avvist tilbud om samtidig imøtegåelse i samme spørsmål." Um ei avis freistar å kontakta deg, so skal du difor aldri segja at "dette nektar eg å svara på". Fortel deim helder at du er litt uppteken og at dei må ringja deg upp att litt seinare, gjer dei merksame på at mobilen din straks gjeng tom for batteri - eller lat berre vera å taka telefonen og svar dei helder ikkje på epost. So lenge du ikkje ende ut hev nektar å kommentera noko, so er det so godt som

uråd for avisa å nekta deg tilsvar. Hev du derimot fyrst sagt "ingen kommentar", so sit du i saksi...

I svarinnlegget er det viktugt at du greider å koma deg upp att i kneståande og ikkje berre vert jaga vidare av motparten. Du skal difor vera offensiv og bruka minst mogleg spalteplass på å forsvara deg mot det du er skulda for. Eit greidt utgangspunkt er å tenkja at no hev du fenge eit eineståande høve til å skriva ei reklametekst for deg sjølv og ditt eige virke, og å halda fokuset på det.

Samstundes er det helder ikkje so dumt å freista få fokuset yver på motparten. Kann du syna at åtaki på deg er lekk i ein tvilsam dagsetel, so gjer du det. Elles so er «Guilt by association» ein teknikk som media gjerne nyttar seg av når dei skal sverta nokon, og som er sopass effektiv at helder ikkje du bør lata vera å taka honom i bruk dersom du kann. Um motparten hev vinstreestrem eller kommunistisk fortid eller hev havt kontakt med slike, so syt for å få denne informasjonen inn i ei bisetning eller tvo. Kriminelle tilhøve er det helder ikkje so dumt å få sett fokus på. Dette er ikkje å leggja seg på motparten sitt nivå, som sume kannhenda vilde ha lagt imot, men snarare å fylgja leveregelen frå gode, gamle Håvamål: "Venen sin skal ein vera ven og løna gåva med gåva. Til lått skal mann med lått svara, og møta ljuring med lygn"...

Det er viktugt at innlegget ditt ikkje er for langt, for då kann dei nytta høvet til å styttta det ned - og dei gjer det gjerne på ein slik måte at dei beste poengi dine vert burte. I dei fleste avisor er vanleg lengd for debattinnlegg på 3500 teikn, men dette ymsar. Sume avisor hev maks lengd på berre 1500 teikn for replikkinnlegg. Du bør difor røkja etter kva det er som er maks lengd for eit svarinnlegg til avisa. Hald svarinnlegget innanfor rimeleg lengd og poengter at du vil ha innlegget publisert uavkorta. Dersom innlegget er for langt, vil du styttta det ned sjølv.

Det skadar ikkje å masa på avisa etter at du hev sendt tilsvar. Det stend i VVP at du skal ha svarinnlegget på prent snarast råd, so dei hev ingen rett til å beda deg vera tolmogig. Dersom åtaket mot deg vart lagt ut på nettet eller køyrt ut i sosiale media, so skal du forlanga at svarinnlegget vert publisera i dei same kanalane. I PFU sin "Veileder for samtidig imøtegåelse" vert det slege fast klårt og tydelegt at "imøtegåelsen skal publiseres på samme plattform som angrepet", og det er ikkje anna enn rett og rimelegt at det same lyt gjelda for eit tilsvar i tertertid.

Å klaga til PFU

Å klaga til PFU er ein langdrjug prosess. Tidi frå ein sender klaga til dess at PFU hev gjort noko vedtak er som regel på 3-4 månader. Vedtaket kjem soleides lenge etter at mediestormen hev lagt seg og heile saki gløymd. Dette i motsetnad til svarinnlegget som du hev høve til å få på prent med det same.

Eg skreiv i den fyrste artikkelen min at alle norske avisor og tidskrift er underlagde Ver Varsam-Plakaten, men dette er ei sanning med modifikasjonar. Det er avisor og tidskrift tilknytte pressa sine egne organisasjonar som hev plikt til å underleggja seg denne. For idealistiske tidskrift og nettstader drivne av privatpersonar er det som regel friviljugt um ein vil underleggja seg ei PFU-vurdering eller ikkje. PFU hev gjort fylgjande vedtak um utvalet sitt kompetanseområde:

«Kompetanseområdet for Pressens Faglige Utvalg omfatter i prinsippet alle massemedier (Jfr. vedtektenes § 1). Men når det innklagede medium ikke er tilsluttet noen av Norsk Presseforbunds medlemsorganisasjoner, og heller ikke har medlemmer tilknyttet noen av disse organisasjonene, må det innklagede medium – for at klagen skal kunne behandles – bedrive et minimum av journalistisk virksomhet og ha et utadrettet formål. Det kan ha betydning at redaksjonen selv anser seg forpliktet av norsk presses etiske regler. I tvilstilfeller må PFU selv ta stilling til om det finner det naturlig å behandle klagen.»

Endå um eit tidskrift eller ein netstad ikkje er beint tilknytt ein av pressa sine organisasjonar, so kann det henda at ein eller fleire av redaksjonsmedlemene er det. Um ein redaksjonsmedlem til daglegt arbeider som journalist, so er han mest sannsynlegt fagorganisert og dimed tilknytt ein av dei presseorganisasjonane som er underlagde PFU. Dette er det viktugt å vera klår yver når ein sender inn ei klaga, for normalt kjem PFU berre til å røkja etter um avisa eller tidskriftet er tilknytt ein presseorganisasjon og ikkje røkja etter um nokon av redaksjonsmedlemene kann vera det. Dette bør du difor gjera sjølv, fyre du sender inn klaga.

Endå um mediet du klagar inn stend utanfor pressa sine egne organisasjonar, so kjem PFU under alle umstende til å spyrja deim um dei ynskjer å vera med på ei friviljug vurdering. For klagaren er det ein vinn-vinn-situasjon: Anten vel dei å leggja seg inn under klageordningi og du kann få dei felt - eller du kann bruka det imot dei at dei ikkje torer å underleggja seg ei presseetisk vurdering av

reportasjen sin.

I klaga til PFU er det viktig at du syner heilt konkret til kva slags punkt i Vær Varsom-Plakaten det er du meiner reportasjen er brot på. Statistikken syner at dei fleste reportasjar som vert felde i PFU vert felde som fylgja av manglande samtidig imøtegang av sterke, faktiske påstandar (VVP 4.14) eller manglande klårgjering av premissane for intervjuet (VVP 3.3). Det er difor fyrst og fremst brot på desse tvo punkti som ein bør sjå um ein hev von um å vinna fram med. Andre punkt, som krav um sakleg framstilling og umtanke (VVP 4.1), kann ogso vera verdt å prøva seg med, men der er det som regel svært vanskeleg å koma nokon veg. I PFU sin database kann ein finna fråsegnar som konkluderar med at dei mest utrulege vinklingane var for saklege å rekna...

Sumtid kjem PFU jamvel med konklusjonar som er stikk i strid med normal rettsoppfatning. Til dømes hev PFU konkludert med at det i kommentar- og leidarartiklar er større takhøgde for å setja fram udokumenterte, faktiske påstand enn det som det er i ein vanleg reportasje. Dette synet er det mot-

sette av det synet som norsk rettsstell legg til grunn: Då Dagbladet tapte eit sivilt søksmål mot ambulansesjåfør Erik Schjenken, so var det nett av di dei på kommentar- og leidarplass hadde gjenge god for ymse slag skuldningar som hadde vorte siterte i reportasjar (Kjelda: HR-2014-00445-A, sak nr. 2013/1300).

I fyrste omgang kjem PFU dessutan berre til å beda redaktøren um å kontakta deg for ei minneleg ordning. Etter PFU sine egne vedtekter, so skal PFU gå vidare med saki dersom dei ikkje fær melding innan 14 dagar um at det hev kome til ei minneleg løysing. Men slik fungerer det einast på papiret. I røyndi er det du sjølv som atter må kontakta PFU og melda frå um at det ikkje hev kome til nokor løysing. Fyrst då kjem PFU til å beda avisa um å koma med eit tilsvar på klaga di, og dette fær avisa heile 14 dagar på seg til å laga - med høve til forlenging av fresten dersom dei bed um det. Det er dessutan lagt opp til heile tvo tilsvarsrundar, alle med 14 dagars frest til å svara for bae partar.

Tilsvarsrunden er lagd opp slik at det er den innklaga avisa som i den andre omgangen

fær siste ord, og mange avisor nyttar det trikset at dei heilt på tampen av tilsvarsrunden kjem med heilt nye påstand som dei reknar med skal få stå uimotsagt. Dette treng du kor som er ikkje å godtaka: Um dei finn på noko slikt, so skal du nytta høvet til å senda inn ein siste kommentar etter at PFU hev avslutta tilsvarsrunden. PFU hev ikkje noko anna val enn å opna tilsvarsrunden att og lata motparten få svara ein aller siste gong - men då hev dei som regel ikkje noko meir å slå i bordet med.

Det er soleides viktig at å masa når ein hev med PFU å gjera. PFU halar ut tidi og det same gjer avisredaksjonen. Dei vil at du skal gå leid av heile saki slik at prosessen stoggar av seg sjølv. Å klaga til PFU er difor ein prosess som krev både tid, energi og tolmod - og eg vil berre tilrå det til dei som hev ei sak som dei trur dei hev ein reell sjanse til å vinna fram med. For alle andre vil eg segja at eit debattinnlegg med svar på tiltale er det beste.

Med desse ordi vil eg ynskja deg lukka til med å slå attende mot useriøse media. Lat ikkje bladsmyrjarane få døy i syndi!

Den siste jakti

Av Olav Torheim

Det var ein dag på seinhausten. Frosten var so vidt komen um morgonen, men enno var det mildt og fint å vera ute. Ei framifrå tid for jakt.

Eg sat der eg pla sitja medan eg venta på hjorten. Eg hadde trekken imot meg, og trong berre sitja å venta på at dyret kom. Eg hadde eitt dyr att å skyta, ei kolla. Dei hine dyri hadde me alt teke.

Eg minnst korleis det var for nokre år sidan - då eg sjølv skaut storhjorten, ein sju-greiners bukk på 140 kilo. I år etter år hadde han gøymt seg for jegerane. Ingen skulde få has på honom. Men lukka vara ikkje ævelegt. For ein dag kom han rett på meg. I fullt firsprang. Han kunde ikkje sjå meg. Men det vesle klikket då eg avsikra våpenet var nok til at han stogga. Dette vesle sekundet var nok. Eg sikta og tok avtrekk. Skotet gjekk rett igjennom hovudet. Dyret ramla rett ned.

For meg var det mest som i ein film. Spaningi var so stor, adrenalinet var so høgt. Gleda so stor yver eit reint og rett skot. Det er ein eigen estetikk i dette med eit velretta skot.

Ja, jakti hev visseleg ei etisk sida. Eg hadde ofta diskutert med vegetarianarar. Var ikkje jakt betre enn husdyrhald? Husdyri vert då haldne fanga heile livet, føra opp for å verta slakta. Hjorten liver fritt heilt til dess han vert skoten. Og jakt fær ein ikkje driva med utan at ein veit kva ein held på med.

-Ja, men hev ikkje hjorten nett difor gjort



seg fortent til å få vera i fred? Ingen hev avla honom upp, ingen hev mata honom, ingen hev gjeve honom tak yver hovudet um vinteren. Han skuldar oss menneski ingen ting, fekk eg ein gong kontant attende. Eg skal tilstå at eg vart svar skuldig, men tenkte ikkje noko nærare på det.

Noko av det fine med jakti er at det - til liks med fising - gjev tid og ro til å tenkja og filosofera. Lata tankane vandra litt medan ein sit og ventar.

Frå nyhendi høyrer ein so mykje ilt. I Syria rasar borgarkrigen. Eg hadde sett sume av dei skrekkelege dråpsvideoane. Folk vert stelte upp på rekkja og rad og skotne i hovudet bakanifrå. Visste dei at dei skulde døy, skal tru?

So ser eg brått eit dyr i det fjerne. Det er ei kolla. Fråstandet lyt vel vera 60 meter, minst. I grunnen litt for langt undan til å trekkja av. Men det kriblar i fingrane og eg

gjer det likevel. Fyrst eitt skot: Dyret vert standande i ro. So endå eitt: Framleis stend dyret heilt rolegt. Etter det tredje skotet byrjar dyret å gå og det vert burte attum eit tre...

Søren òg! Hev eg råka det eller hev eg greidd å bomma på alle skoti? Eg fær ikkje tid til å tenkja, for no ser eg kalven med. Han fer springande, rett i mot meg. Det gjeld um å få skote kalven! Eg fyrer av eit skot. Eg ser at det råkar kalven i vombi, men han spring vidare - spring for livet. Eg tek nytt ladegrep og sender avgarde eit siste skot. Kalven segner um, rullar yver på ryggen og vert liggjande livlaus.

No er magasinet tomt. Eg leitar fram fem nye patroner og legg i veg for å finna kolla. Vonlegt hev ho ikkje kome so langt. Eg gjeng eit femtitals meter då eg fær auga på henne. Ho hev lagt seg ned på kne. Bae skoti må ha råka henne, og ho maktar ikkje reisa seg upp att - men framleis er ho ved fullt medvit. Ho pustar tungt. Kva tenkjer ho, skal tru? Eg gjeng burt til henne, tek ladegrep, set gevær-laupet i nakken på henne og fyrer av. Kven skulde tru at eg sjølv kom til å drepa nokon med nakkeskot...

Eg skruvar på jaktradioen og kjem i samband med dei hine jegerane. "Eg hev skote ei kolla med kalv. Me kann avslutta jakti no".

Jakti er yver, og eg veit med meg sjølv at dette var den siste jakti. For slik kann ein ikkje vera jeger lenger. Frå no av er eg ein slaktar...

Red Ice: Intervju fekk resonans

I februar i år vart Olav Torheim spurd ut på radiostasjonen Red Ice Creations – ein alternativ nettradio med meir enn ein halv million lydarar. Torheim tok fyre seg arbeidet å professor Strømnes og kommenterte elles ymse andre spursmål. Etter at intervjuet vart sendt, so hev Målmannen havt ein uvanlegt stor pågang frå heile verdi – sidestatistikken talar sitt tydelege språk. Ein av dei som hev skrive til oss er ein mann frå California i Sambandsstatane:

"Finally, I found your email address! Apologies for only writing in English, but I'm a Californian, and while I spent a summer in Finland in 1966, I have no knowledge of Norsk!

I enjoyed your interview with Henrik so much that I've listened to it 4 times, and have started a conversation about it with another man in my town, a man who is also interested in this magical thing called language. Your interview inspired me to buy Stromnes' book on Amazon. Not cheap, but worth every dollar! I'm now about 70 pages into the book, and it gets more and more exciting.

I have long suspected that there was something very REAL going on in the Sapir-Whorf hypothesis, but couldn't find out just what it was. One reason for this feeling is that I've had a long history with the Chinese language, both spoken Mandarin and the written language. Familiarity with that, and LIVING with native Chinese people both in China and here in California, made it very apparent that we don't exactly think the same way. Not just in terms of opinions, but in terms of the structures of our minds. I always knew it was related to the "shape" of the languages involved, but couldn't understand how to penetrate and understand that difference.

Your show, and Stromnes book is the "magic key" that is unlocking the door! Since your interview with Henrik wasn't overtly "political", I'm not sure how many people found it as amazing as I did. The stuff you said was like sweet candy, a trail of delicious cookie crumbs that I just had to follow further! And the journey is still just beginning! As I said, I listened to it four times, both parts. And I will listen again, because you packed SO MUCH in there which offers food for further study and reflection. A true gold mine!"

Dvergemalet**Regissørduoan Wam og Vennerød****Mykje å læ åt og nok å tenkja på****Av Olav Torheim**

Duoan Wam og Vennerød var eit friskt pust i norsk film på 1970- og 1980-talet. Visst var dei vinstretradikale, men det dei stod for var noko anna enn den elles so trauste og keidsame sosialrealismen som elles rådde grunnen i norsk film.

Filmene åt Wam og Vennerød vert ofte dregne fram som låttelege dømme på kunstige og yverdramatiserte dialogar. Bård Tufte og Harald Eia hev til dømes udødeleggjort replikken "snurp igjen smella di, du maser som et lokomotiv". Kor som er, desse filmene er so mykje meir enn berre dette.

Gjennomgangstemaet i mange av filmene er at det norske samfundet er gjennomgåande konformt – og at jamvel dei som freistar å endra på dette vert fanga inn av den same konformismen. I filmen «Lasse og Geir» freistar dei tvo hovudpersonane å røska upp i den triste og grå kvardagen, men det einaste som ventar dei er fengsel og undergang. Mange scenor frå «Lasse og Geir» er vortne referansepunkt i norsk kulturliv. Scena på bussen var i si tid meint å vera sjokkerande og provoserande, men er i våre dagar berre til å le åt.

Filmene «Det tause flertal» er til tider dregande keidsam å sjå på, men so er nett noko av poenget å visa kor trist og grå kvardagen for dei fleste er vorten. Hovudpersonen i filmene freistar finna seg ei dama av di han trur at det skal gjera livet hans betre, men dama han møter vil helder liva eit singelliv som åleinemor enn å verta fanga inn i kvardagslivet med ein mann. -Men hev du ikkje då alt gjeve upp, spyr mannen i sluttscena. Han fær ikkje noko vitugt svar...

Knuste draumar og ukuelege viljar

Trilogien «Sangen om den knuste drøm» er eit knusande oppgjer med den autoritære sosialismen og ml-rørsla:

I den fyrste filmen i trilogien, «Åpen framtid», møter ein tri ungdomar som alle er opprørsk og nyfikne på livet. Men snart ser ein at livet deira gjeng ulike vegar. Den eine vert marxist-leninist, den andre vert uppteki med å få seg arbeid og eit vanlegt A4-liv – og berre den siste av dei freistar gå vidare med eit slags bohemi liknande kunstnarliv.

Filmene «Drømmeslottet» er filmene som nokre tiår seinare skulde kveikja Lukas Moodysson til å regissera filmene «Tilsammans». Men «Drømmeslottet» er ein mykje myrkare film enn det den sistnemnde er. Kring det store kjøkenbordet i villaen herskar det



Motiv frå "Lasse og Geir" ('76)

tilsynelatande ein kollektiv idyll, men inne på soveromi aukar berre flokane på - og det vert stødt verre for nokon kvar å halda fasaden. Inne i filmene fær ein stødt sjå scenor med punkarar som tek seg fram inne i den nedsarva villaen, og ein skynar at det er scenor frå framtidi.

Til liks med Moodyssons "Tilsammans" so syner ogso "Drømmeslottet" oss erkedømet på ein sjølvutslettande mannsperson som aldri er i stand til å segja frå. Men i motsetnad til "Tilsammans" so endar det ikkje med at han kastar nokon ut, i staden so skyt han seg sjølv framfor TV'en. Alle dei hine undrast på korleis denne sjølvutslettande og tiltaksause mannen til sjuande og sist var i stand til å gjera noko slikt. Kor som er, realiteten som ingen fær vita um er at han aldri gjekk til dette steget - han hadde berre leika seg med ein pistol som han trudde ikkje var ladd, og det med eit fatalt resultat.

I den siste filmen, «Adjø solidaritet», kann ein tenkja seg at ein ser att tvo av hovudpersonane i «Åpen framtid». Den beinharde marxist-leninisten er vorten psykiater, men hev nok med å berga sitt eige familieliv: Ekskona er fullstendig sprø og sonen er vorten rusmisbrukar. Sume av pasientane hans er gamle kommunistar som det hev rabla for fullstendig.

Dei tvo møtest sumtid for å drikka øl og fantasera um ei mogleg reisa til Kina, men røyndomen er at dei hev funne seg vel til rettes i eit samfund dei ein gong freista kjempa imot.

Han som er meir av ein kunstnaratype drøymer stødt um sex. Det verkar som desse draumane er lagde inn for å syna at han til sjuande og sist er den som hev noko av livskrafti att. Psykiateren tek sitt eige liv medan kunstnartypen på slutten av filmen legg ut på ei togferd til Kina.

I «Adjø Solidaritet» fær ein dessutan sjå nokre scenor frå eit gatemøte med ei høgreradikal gruppa, og desse samlar mange ungdomar – ogso desse punkarar. Det vert

tydelegt at sosialismen hev spela fallitt og at det er heilt andre tankar og idear som hev appell hjå ungdomen i dag.

Med lyst til å leika

Det er ikkje berre triste og tunge filmar som dei tvo hev laga. Filmene «Julia, Julia» er mest for ein slags Pippi-film for vaksne å rekna. Ei eventyrlysten svensk dama lokkar ein gift mann i ein trygg jobb med seg ut i ei rad

forviklingar som til slutt fører deim båe ut på flukt frå politiet og på veg inn i ei uviss framtid. Julia dreg folk med seg inn i saker og ting som kann verta fårlege, samstundes er det moro og ho er full av livsgleda.

Stutt sagt, um du vil sjå filmar som både gjev deg mykje å læ åt og nok å tenkja på, so er Wam og Vennerød noko for deg. Flestalle filmene er vortne fritt tilgjengelege på Youtube.

Inherent Vice, innebygde brestepunkt?

Av Lars Bjarne Marøy

Thomas Pynchon er ein forfattar som gjerne vert knytt til postmodernismen. I mars 2015 er Pynchon aktuell med di boki Inherent Vice hev kome på kino. Venteleg kjem ho snart på DVD-film med, um ikkje so altfor lenge.

Dette er, so langt eg hev greidd å finna ut, den fyrste gongen at ei bok av Pynchon vert filmatisert. Regisøren er mann som hev havt hell med andre filmatiseringar, Paul Thomas Anderson. Anderson er kjend frå filmar som Boogie Nights, Magnolia, Punch Drunk Love og kannhenda ikkje minst den hardtslåande og sterke filmen There will be blood. Det er soleides grunn til å venta seg noko av Inherent Vice, ikkje minst burde ein kunna venta seg at folk med ans for litteratur byrja å opna augo for forfattarskapen til Pynchon. Med filmen kjem både forfattaren og litteraturen i eit nytt ljøs.

Men fyre me kann gå inn på Inherent Vice, lyt me sjå på kven Pynchon er og ikkje minst koma innum litteraturen hans - og kannhenda ei av dei viktigaste bøkene hans, Gravitationens Regnbåge.

Pynchon var fødd i 1937 i Ny York og er ein sentral amerikansk forfattar. Han vert rekna for å vera ein av dei viktigaste forfattarane i amerikansk litteratur - og i verdslitteraturen i det store og det heile. Han er både kvass og løgjen, og han er vel inne i amerikansk litteratur og kultur. Pynchon hadde tvo år i marinen og las engelsk på universitetet. På 1950-talet skreiv han novellor, men utetter på 1960-talet tok han til å skriva romanar. Det var då han vart vidgjeten. Romanane V. (1963), The Crying of Lot 49 (1966), Gravity's Rainbow (1973), Vineland (1990), Mason & Dixon (1997), Against the Day (2006) og Inherent Vice (2009) er bøker som hev vorte lagt merke til.

Etter måten mange av bøkene hans er umsette til bokmål: Linn Øverås hev umsett V. Olav Angell hev umsett The Crying of Lot 49 (Katalognr 49) og Mason & Dixon. Fartein Døvlø Jonasse hev umsett Against the Day (Mot dagen). Preben Jordan hev umsett Inherent



Thomas Pynchon i Simpsons.

Vice (Iboende brist). Men den boki som kannhenda er den viktigaste Gravity's Rainbow er so langt berre umsett til svensk, Gravitationens Regnbåge. Det vert spanande å sjå um ho kjem på norsk. Det er Gyldendal som hev gjeve ut alle dei norske umsetjingane. Den svenske forfattaren Hans-Jacob Nilsson og Bonniers i Sverige hev sytt for at alle romanane til Pynchon ligg fyre på svensk, so nær som den siste Bleeding Edge.

Mange av lesarane og kritikarane til Pynchon reknar han for ein av dei beste amerikanske samtidsforfattarane, og han hev vorte nemnd i same aneddrag som Paul Auster og Don DeLillo. Litteraturen hans breider seg ut yver mange emne og stilar og femner um saga, vitskap og matematikk.

Pynchon hev umveges bygd upp ein heil mytologi kring seg sjølv. Han gjev ikkje intervju, og dei siste kjende fotografi er frå 1950-talet. Pynchon hev på meisterleg vis greidd å halda seg burte frå offentlegt søkjeljos. Det er ingen som veit heilt visst kvar han held til. Endå um CNN skal ha greidd å spora honom upp tidlegt på 2000-talet, so gjekk dei ikkje ut med bilete av han. Då Pynchon gav ut ei samling av dei tidlege novel-lone sine i boki Slow Learner, so skreiv han noko um seg sjølv i fyreordet åt boki. Det er den einaste staden der ein veit at Pynchon

snakkar um seg sjølv og sin eigen litterære produksjon. I 2004 og 2006 nytta den satiriske tv-serien The Simpsons røysti hans. Då spela han sin eigen teikneseriefigur, figuren hadde typisk nok hovudet dekt av ein berepose. Dette er den einaste gongen Pynchon hev tala i media.

Gravitationens Regnbåge

“Gravitationens regnbåge” heiter den svenske utgåva av Thomas Pynchons Gravity's Rainbow. Gravitationens regnbåge er ein postmodernistisk roman. Handlingi utspelar seg for det meste i Europa under slutten av den andre heimskrigen og krinsar kring tyskarane si utvikling av V-2-raketten. Romanen hev vorte umtykt av di Pynchon hev ein innfløkt forteljarstil, og boki fekk ein nasjonal bokpris som heiter National Book Award i 1974, og Time magazine hev sett boki inn på ei lista yver dei hundre beste romanane som er gjevne ut.

Det sviv seg i stor mun um konspirasjonsteoriar og paranoia. Han er skriven med mange forteljartrådar og ulike stilarter og med innslag av både vitskaplege serkunnskapar og populærkulturelle referansar og er sett i hop av eit persongalleri på fleire hundre personar. Huvudperson heiter Tyrone Slothrop, som òg vert kalla Rocketman, ein ung amerikansk njosningssoffiser som held til seg i London under den andre verdskrigens slutt, so han kann dokumentera at V2-raketten vert øydelagd. Han kjem snart i midtpunktet for myrke krefter. Han hev herja ikring med damor yver heile London, og so syner det seg at V2-raketane slær ned på nett dei same plassane som han hev vore i lag med damone. Kva for ein samanheng kann det vera millom honom sjølv og raketane?

Slothrop endar med militærpsykologar og pavloske hundar i hælane og gjev seg ut på kontinentet på jakt etter nazistane sine raket-tløyndomar.

I reklamen vert boki umtala som ein: «psykedelisk champagnelopp, unik i sitt

slag. I sin blandning av vetenskap och myt, gyckel och förtvivlan, snusk och rock'n'roll blir den en parabel över vår tids falliska dödsdrift - och en vision av civilisationen som en enda stor sammansvärning.»

Inherent vice

Men nok um Gravitationens Regnbåge. Me gjeng frå champagnegalopp på det europeiske kontinentet til dopsniffarar i Los Angeles i "Inherent vice". Los Angeles er ein by som er kjend frå ei rad filmar og tv-seriar, og iallfall myten um kriminaliteten i byen er like innebygd i byen som film-miljøet i byen. Raymond Chandler, Columbo, Eddy Murphy m.fl. sviv snøgt fram for tankane på oss.

Stemmingi i innleiingsscenone er soleis ikkje so vanskeleg å lika når ein fyrst likar krim og Los Angeles. Men der Raymond Chandlers Phillip Marlowe let til å ha eit verdsvidt utsyn yver arbeidet sitt, rett nok med klåre innstikk av sjølvironi og kritisk avstand, so er det noko litt anna med den rusglade detektivten Larry «Doc» Sportello (Joaquin Phoenix). Doc hev ikkje høyrte frå kjærasten sin på lenge, då ho brått kjem til honom.

Det er ikkje kva som helst slags nyhende ho kjem med heller. Ho hev vorte elskarinna til ein søkkrik eigedomsbaron som eig ei rad store bustadprosjekt i Los Angeles. No er den mykje yngre kona til rikingen åt å kvitta seg med eigedomsbaronen, slik at dei kann yvertaka etter honom. Dei vil ha henne med, ho skal lokka honom til seg og når han er på sitt veikaste so skal dei taka seg av honom.

Ho hev kalde føter og vil ha hjelp frå Doc. Alt Doc i røyndi fær vita er namnet på eigedomsbaronen.

Det er 1970 og fyre oljekrisa, so dollarglisi er framleis på vegane. Hippiane lever det gode livet, men sume er byrja verta vaksne og avrusa. Doc er derimot i ei millomstoda. Han lever godt på dop, men held hovudet yver vatnet, um enn ikkje so mykje meir.

Alle gode detektivar skal ha ein motmann i politiet som mislikar deim, men som tek dei på ålvor når det brenn. Politimannen "storefot (bigfot) Bjornsen" vert vikla saman med Doc meir enn ein gong. Han er kjend for å sparka inn døri til husværet åt Doc. Doc hev av alle ting funne seg eit kontorhøpehav med det som ser ut til å vera nokre lækjarar. Eit skalleskyle for detektivverksemd.

Etter at Doc hev tala med kjærasten Shasta Fay um eigedomsbaronen som heiter Mickey Wolfman, veit Doc at det er planar um å burtføra Wolfman og få honom tvangsinnlagd på eit sinnssjukeasyl.

Då han neste dagen kjem på kontoret, so møter han Tariq Kahlil. Kahlil hev nyss

sloppe ut frå fengsel. Han er med i ein gjeng som heiter Black Guerilla Family. Khalil hyrer Doc til å finna Glen Charlock, som er med i Aryan Brotherhood. Khalil møtte Charlock i fengselet, og Charlock skuldar pengar til honom. Charlock er ikkje lett å skubba seg på, for han er livvakt for Wolfmann-familien. Doc reiser til Wolfmans eigedomsprosjekt Channel View Estates. Her tek han seg inn i den einaste næringsdrifti som gjeng fyre seg på staden. Det er ein strippeklubb. Doc vert slegen ned og vaknar upp attmed liket åt Charlock. Han er umringa av politifolk med storefot Bjornsen i framgrunnen. Doc vert avhøyrd av Bjornsen, men sloppen fri att. Men Doc gjev seg ikkje med å arbeida for kjærasten Shasta og Kahlil. Han vitjar dessutan Hope Harlingen som er på jakt etter den sakna ektemannen som folk trur er død. Ho trur han lever av di ho fekk eit stort innskot på bank-kontoen rett etter at mannen skulde vera død.

Coy leitar upp Doc og segjer at han gøymer seg i eit hus i Topanga Canyon. I eit nytt møte fortel han at han er politiinformant og er redd for at han skal missa livet. No ynskjer han berre å venda attende til kona si og ungen sin. Den prostituerte Jade, som Doc kom i samband med på strippeklubben, varslar honom um at han må passa seg for The Golden Fang, eit millomfolkeleg narkotikakartell. Doc snakkar med advokaten sin, Sauncho, som segjer at det finst ein mystisk båt som heiter the Golden Fang. Shasta skal ha vore med på the Golden Fang. Doc fær eit kort frå Shasta som fører honom til ein stor kontorbygning der han møter Dr. Rudy Blatnoyd. Blatnoyd er tannlækjar, men rusar seg og hev god tilgang til rusa kvinner i kontorbygget.

Etter at Blatnoyd og Doc skilst, so dør Blatnoyd. Han er vorten biten i hel, eit tydelegt merke på at gjerningsmennene lyt vera frå Golden fang. Bjornsen ringjer Doc og fortel honom dette. Han vil hjelpa Doc med å finna Coy. Bjornsen set han til å leita etter Puck Beaverton på eit asyl som heiter Chryskylodon, eit sinnssjukeasyl som vert drive av ei kult som er knytt til the Golden Fang. Her finn Doc Wolfman. Wolfman ser ut til å ha vorte kultmedlem, og vil gjeva burt alle pengane sine.

Då Doc kjem heim, so er Shasta komen attende og er heilt likesæl til at ho hev vore ettersøkt. Ho hev vore på ein tredagarstur, og ho skal ha vorte teki med som inherent vice – som ei inngrodd last, kann ein kannhenda segja på norsk. Eller som tittelen på umsetjingi lyder, «Iboende brist» eller svensk «inneboende brist». Når ho no er attende, so hev ho sex med Doc. So kjem det ei rep-

likkveksling som vert ein slags lykjel til å skyna slutten på filmen. Ho segjer: "It doesn't mean we're back together". Doc svarar, "Of course not!" Kor vidt dette skal tolkast som dei hev eit ope tilhøve eller som ein slags ironi, der dei baa meiner at dei høyrer saman, det er vel ikkje heilt klårt ved fyrste augnekast.

Doc hev på merkeleg vis greidt å innynda seg med statsadvokaten, og han byter seg til tilgang til dei løynlege saksfilene åt lånehaien Adrian Prussia. Dette mot å vitna i ei onnor sak. Det viser seg at Prussia fær pengar frå politiet for å drepa folk. Eit av offeri til Prussia er Bjornsens partnar. Prussia er knytt til the Golden Fang. Doc søkjer upp Prussia, men endar med å verta burtførd av laupeguten Puck. Han flyktar og drep Puck og Prussia på veggen.

Men Bjornsen ventar på Doc, og han tek han med seg til ein bil full av dop. Dopet nyttar Doc til å kjøpa Coy fri. Coy vert fri og kjem seg heim til kona. Etter dette so kjem Mickey Wolfman i avisa att. Det er likt til at Wolfman hev vorte like pengehuga som fyrr, og at det kann ha vore kona som sende honom burt for å få burt grillane hans um å gjeva burt pengane sine.

Filmen endar med at Doc og Shasta køyrer avgarde i ein bil med ukjend stoggestad. Doc slær fast det same som Shasta sa tidlegare: "This doesn't mean we are back together." Shasta svarar "Of course not."

Meldarar og tolkingar

I melding ifrå filmpolitiet segjer dei noko råkande:

"Å se en hel film i dette miljøet gjør noe med tilskueren. Man føler seg heftet av den virkelige verden, og hensatt til en forskrudd fantasi som bare ligner noe kjent."

Det er heilt klårt eit moment ved filmen som me ikkje kann få godt fram berre med å halda styr på den innfløkte handlingi. Doc er absolutt hekta på stoff, og i sume sekvansar vert me rett og slett fanga inn av heilt surrealistiske element som ein kann tolka på mange måtar. Det sterkaste innslaget kjem heilt mot slutten av filmen. Storefot Bjornsen sparkar inn døri til Doc som sit og rusar seg. Bjornsen tek ei skål med grøne dopblad og jafsar innpå. Han er so leid av borgarrettsdemonstrasjonar so han treng ei avkopling, slær han fast, so berre gjeng han att.

Sovorne innslag er det fleire av, men me er langt frå "Naked Lunch"-stemning, slik som me finn det hjå William S. Burroughs. Det er ingen levande skrivemaskinar som blandar seg inn i handlingi. Eg fekk meir assosiasjonar til Lars Saabye Christens roman "Joker'n": Ei hugtakande skildring av Hans Georg Vindelbam som oppdagar at han fær

dødsannonsa si i avisa. Heile handlingi gjeng ut på å nækja dei som hev sett dødsannonsa inn i avisa. Den tidlegare narkomane antihelten greider å nøsta seg fram til løysingi, men må til slutt røma til utlandet med venen slakter'n. "Joker'n" hev vorte grundig studert av hovudfagsstudent Terje Tønnessen som fekk fram mange spanande sidor ved boki. Diverre er det ikkje so lett å fanga upp metaforar, symbol og allusjonar når ein berre ser ein film som *Inherent Vice*, men det er evlaust mykje som kann granskast i denne filmen, ein film som ein godt kann sjå fleire gonger. Filmpolitiet byggjer upp ei sovori oppfatning

når dei skriv:

«Paul Thomas Anderson har laget en defintivt annerledes film som balanserer hårfint mellom komedie og drama, med en distinkt, dop-prega atmosfære. Snål og smal, men deilig delirisk!»

Pynchon skal vera kjend for å lika å koma med avsporande sideplott. Dei sokalla Pynchon-elskarane vil ikkje ha svar, dei vil helder ikkje ha utfyllande bakgrunnssogor som forklarar kvifor so og so vart so og so. Helder ikkje vil dei ha rollefigurar som utviklar seg eller at det byggjer seg upp til nokon slags katarsis (reinsing). Dei vil helder ha den

språklege tonen og snerten i setningane, både dei lyriske og satiriske innslagi - og karikaturane som stend fram med ein absurd humor. Lesarvenene hans likar å vera i ei alternativ verd som minnar mykje um vår eigi verd. Ei verd der småe endringar gjer at me kjenner oss både heime og framande på ei og same tid.

I ei spissformulering er det sagt at "Inherent vice" ikkje syner oss ein forfattar som skaper fantastiske verder, men som som syner oss vår eigi verd på sitt mest fantastiske. Verdi vår med sine innebygde brestepunkt.

Rad Bradbury og Fahrenheit 451

Av Lars Bjarne Marøy

Kvifor er Rad Bradburys Fahrenheit 451 ei bok det er verd å skriva um? Det spursmålet er rettkome.

Bradbury er i seg sjølv ein spanande forfattar, men han gjeng inn i ein samanheng med mange andre spennande forfattarar. Skal ein kasta ljøs yver Bradbury bør ein kannhenda innleida med å peika på at andre forfattarar som han hev slektskap med. Bradbury er ein forfattar som gjerne kunde ha vore jamførd med til dømes George Orwells 1984 eller andre etterkrigsforfattarar. Eg ser endåtil ein jamlikskap med Aldous Huxleys *Brave new world*.

Dersom ein dreg inn desse hine forfattarane, so danar det seg snøgt eit bilæte av eit samfund som er skræmelegt og diktatorisk, og det er det samfundet ein møter ikkje berre hjå Orwell og Huxley, men likeins hjå Bradbury. Men denne gongen er det ein amerikansk forfattar som skriv, og Bradbury henta inspirasjon frå det amerikanske samfundet som låg lenger framme enn det europeiske når det galdt medieteknologi.

Fjernsyn og Facebook held folket hefta

I vår tid er det gamle samfundet med faste fjernsynssendingar og sløving ved tv-skjermene avløyst av sløving ved PC-skjermene, slik sett er det kannhenda ikkje so lett å sjå jamlikskaparar med vår tid beinveges. Men same kor og korleis ein sløver seg ned med ein skjerm, so er det vel mykje av det same som hender med ein. Ein mister utsynet yver livet, ein gløymer dei viktige tingi i livet og ein vert kjenslelaus og fanga av at ein trur at det som skjer på skjermen er det viktige og ikkje det ein tenkjer sjølv, og ein gløymer at ein må høyre på og bry seg

med andre menneske i den røynglege verdi.

Slik sett kann ein sjå Bradbury som ein forfattar som fører beint fram til vår tid og vår tids sløvskap, men skal ein sjå eit historisk utsyn yver Fahrenheit 451, so kann ein strekkja augo attende i tid. For der notidi er fanga av medieteknologien var 1800-talet ei tid som var fanga av innarbeidde og fastsette reglar og normer som sette sperror for menneski. Det fanst ikkje noko fjernsyn eller annan teknologi som tok merksemd i burt frå kvardagen den gongen. Den gongen var det snarare slik at kvardagen var merkt av um ein hadde høg levestandard eller um ein måtte streva for føda, og um ein hadde høg levestandard, so var neste post på programmet kor stor fridom ein hadde. Pengar og fridom var stikkordi den gongen.

Vil ein finna eit litterært verk som kastar ljøs yver motsetnaden millom 1800-talslitteraturen og dei myrke framtidsskildringane som Bradbury høyrer til, so finn ein til dømes eit klårt motstykke i tid og litterær skriveretning hjå Henrik Ibsen. Ein kann til dømes starta med Ibsens *Vildanden*. Dersom ein til dømes tenkjer seg livslygni og idealismen til Ibsen og set den upp mot dei skræmelege samfundi som ein finn hjå Orwell i 1984, Huxleys *Brave new world* eller andre liknande verk og ikkje minst då i vårt tilfelle Fahrenheit 451, so ser ein tydeleg at verdssyni og livssyni hev endra seg heilt grunnleggjande. Der trui på idealismen og på at menneske skal kunna leva i sanning, vert sett upp mot livslygni hjå Ibsen, kjem me burti heilt andre krefter hjå dei engelskspråklege forfattarane som kjem utetter på 1900-talet. Ein

gjeng frå å tru at ein kann frigjera seg frå gamle band til å sjå korleis menneske kann verta fanga av nye bindingar. Der ein fyrr var bunden av normer og reglar frå det borgarlege samfundet og frå hevdvunne normer og reglar, vert heile yverbyggnaden yver samfundet laga um til noko nytt, reglar kjem ikkje lenger frå det borgarlege samfundet og frå det hevdvunne, no kjem dei frå totalitære tenkjarar som Marx, Lenin, Mussolini og Stalin og til slutt Hitler.

Ibsen tek utgangspunkt i ein kjernefamilie og syner korleis venskap og familie kann gjerast um og lagast til etter det ein vert fortalt av idealistiske filosofar. Hjå Huxley, Orwell og Bradbury er heile samfundet bygd upp på politiske dogme som innbyggjarane må retta seg etter. Vitenskapen og den politiske yvertydingi til leidarane i samfundet skal leggja til rette for at folk lever i velstand og er ved god helse. Samfundet hev vorte snudd på hovudet. Den marxistiske tankegangen tek ikkje utgangspunkt i grunnsteinane i samfundet, men i staten, fordi dei vil fjerna hevdvunne verdiar og frigjera menneske fullstendig frå kulturarv og religion. Dei endar upp med einestyre og tvang, ein politisk arv som me er langt frå å leggja av oss i dag.

Etter 1. heimskrigen byrjar ein å sjå fyre seg at ulike samfund kann byggjast upp på heilt nye måtar. Tanken melde seg um at ulike framtidssamfund kunde byggja heilt ut på dei nye politiske yvertydingane. Fascismen og kommunismen synte korleis slike samfund kunde arta seg heilt ut i det ytterleggående, soleides vart det råd å laga allegoriar og parodiar på diktatur av mange slag, og den til

Til neste sida...

Retur til:
Målmannen,
Postboks 599 Sentrum,
5806 Bergen

B



ISSN-1503-2469

Frå fyrre sida...


Bradbury er slående. Men det er Orwells 1984 som hev slege best igjennom. Bradbury si bok hev eg ikkje høyrnt nemnt fyre eg tilfelleleg kom yver filmversjonen.

Når fantasien vert forboden...

Difor kann det vera grunn til å dykka litt djupare ned i stoffet. Bradbury fortel um eit samfund der det er vorte ulovleg å lesa bøker. Fjernsynssendingar med for-dummande program og teikneseriar let til å vera lov, dessutan er det truleg lov å laga lover og andre framstillingar som skal til for å styra samfundet. Det er lystlesingi som skal stoggast. Ein stoggar lesingi gjennom å ha eigne brannkorps som reiser rundt til folk som vert skulda for å vera boksamlarar. Når ein finn fram til boksamlarar kjem brannkorpset på døri, leitar gjenom huset eller husværet og samlar saman alle bøker dei finn. Bøkene vert lagde saman i ein haug og so sender ein flammekastarar på haugen.

Hovudpersonen Montag er ein mann som brukar flammekastar, og han er ein vel tiltrudd brannmann som kann venta seg å vert forfremja. Dette til dess at han møter ei dama på høgfarbana. Ho fær honom på andre tankar, og han byrjar å lesa bøker. Ein dag vert brannkorpset sendt ut til ei dame med ei svær boksamlingi. Dama vil ikkje sjå på at bøkene hennar vert brende, so ho vel å gå med i flammone. Ho vert ein slags bokmartyr. Bokmartyren slær ned i Montag i den grad at han gjeng heim til kona og må fortelja um dette. Kona sit saman med venene sine. Ho og dei er med ein klubb som kallar seg familiekklubben. Dei kallar kvarandre syskenborn og ser dei same programmi på fjernsynet. Når Montag møter desse venene krev han å få lesa eit utsnitt frå ei bok. Han vil visa deim korleis fjernsynet sløver dei ned og gjer dei kjenslelause. Då han hev lese, byrjar den ein dama å grina. Ho innser kor nedsløva ho hev vorte av fjernsynet og at ho hev trengt undan røynelege kjenslor.

Montag kjem no i ei knipa. Kona hans og venene hennar veit at han les bøker.



Når slikt skjer, brukar ein av dei som veit å levera eit brev i ein raud postboks og so vert brannkorpset tilkalla. Dei kjem, samlar saman bøkene som finst i eit hus og brenn deim. Kona melder honom til brannkorpset, og Montag må flytja til bokfolket. Han etlar seg til å slutta i brannkorpset.

Montag gjeng på jobb dagen etter og fortel at han vil segja upp, men han vert teken med på eit siste oppdrag. Dette oppdraget gjeng til hans eige hus. Her skal bøkene hans brennast. Det endar med at Montag drep sjefen sin og stikk av og rymer til bokfolket. Bokfolket høyrer til i landlege område. Der gjeng dei og puggar bøker, slik at bøkene kann skrivast nedatt, jamvel um dei vert brende ned til siste næme (eksemplar). Kvar og ein puggar ei bok som dei kann resitera til kven som helst når det trengst.

Fjernsynet lagar ein fiksjonsversjon i nyhendi der ein person som liknar på Montag vert fanga og sett ut av spel, men i røyndi er Montag trygg hjå bokfolket. I slutten av filmen fær me eit apokalyptisk innspel som kann tyda på at nedsløvingi i samfundet fører til ein kjernefysisk krig, der kulturøydingi og bokbrenningi fører vidare til ei øydeleggjande krigføring av di samfundet misser viktige berestolpar attum kulturen.

Kven kann halda kulturen uppe?

Dette siste innspelet er interessant som ein jamlikskap med T.S Eliots "Waste Land". Der Eliot ser på det øydelagde Europa etter 1. heimskrigen, so samlar han likevel kunnskapane attum den europeiske kulturen som eit forsvar for samfundet i tidi framyver. Hjø Bradbury er ikkje restane av kulturen noko bolverk lenger. Det hev vorte til noko som kann konserverast millom nokre fåe innvigde. Resten av verdi er fortapt til dess at kunnskapstorsten og kunnskapstrongen atter vil melda seg, til det skjer, skal bokfolket taka vare på dei bøkene dei maktar å halda levande gjennom eigne traderingar.

Boki til Bradbury kom ut i 1953 og vart filmatisert i 1966. I 1985 kom det ut eit videospel som byggjer på boki. Spelarane kann hjelpa hovudpersonen Montag på ymse slags oppdrag, slik sett kann ein kannhenda segja at ringen er slutta. Der Bradbury var kritisk til medieutviklingi lever delar av forfatterskapen hans vidare i form av nylagingar. Fahrenheit 9/11 hev vore eit uttrykk som hev kome fram dei siste åri. Michael Moore stod attum den filmtittelen. Medan Celsius 41,11 var ein politisk dokumentar som var åtfinnande (kritisk) til Michael More. Fahrenheit 451 hev soleides vorte eit referansepunkt fleire hev spela på og som ein ikkje kjem heilt utanum. Jamvel um 1984 og "Animal farm" er bøker som hev vorte mest refererte til, so er framleis Fahrenheit 451 ei bok som lever vidare i folk sitt medvit. Og boki er mykje lettare å få tak på enn dei hine. Handlingi er både politisk kritikk, mediekritikk og kritikk av folk som sløver burt og ikkje vil taka del i det som skjer ikring deim. I lengdi trur eg at Fahrenheit 451 kjem til å stå seg vel so godt som mange andre 1900-tals bøker.

Sluttordet:

Um du ikkje er reidug til å døy for det, so kann du taka ordet "fridom" ut or vokabularet ditt.
Malcolm X

**Målmannen er alltid open for nye skribentar.
Kom gjerne med innlegg og stykkje, du med!**